



Møre og Romsdal fylke



Foto: Asbjørn Børset

Framlegg til verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal

19.mai 2006

Møre og Romsdal Fylke

Rapport nr.:	
2006:2	
Tilgjenge Ope	
Dato:	
19. mai 2006	
Sidetal:	
258	
Samandrag: Denne rapporten er eit framlegg til verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal. Det vert fremja forslag om 37 verma område, 33 område verma som naturreservat og 4 område freda som fuglelivsfredingsområde. Total arealet på verneområda er 57312 dekar, av dette 11 % landareal og 89 % sjøareal. Dette utgjer under 1 % av total arealet innanfor grunnlinja i fylket. Formålet med verneplanen er å verne nokre av dei viktigaste hekkelokalitetane for sjøfugl i fylket. Nokre område er verna med omsyn til sjøfugl gjennom eldre vernevedtak. Vi foreslår å oppheve dette nemt såframt lokalitetane ikkje lenger er viktige for hekkande sjøfugl. Fylket framlegg planen etter ei vurdering av innkomne merknader ved den lokale og sentrale høyringa.	
Emneord: sjøfugl verneplan biologisk mangfald	ISBN 82-7430-140-4 ISSN 0801-9363
Fagansvarleg: Trond Haukebø (seksjonssjef)	For administrasjonen: Per Fredrik Brun (areal- og miljøverndirektør)

I NNLEI ING	5
BA KGRUNNEN FOR VERNEPLA NARBEIDET	6
SJØFUGLANE I MØRE OG ROMSDAL	7
MØRE OG ROMSDAL SOM LEVEOMRÅDE FOR SJØFUGL	7
DEFINISJON AV SJØFUGL.....	7
SJØFUGLREGISTRERINGAR	8
SJØFUGLBESTANDANE I MØRE OG ROMSDAL.....	8
KVA TRUER SJØFUGLANE I MØRE OG ROMSDAL ?	10
VI RKEMI DLA R.....	12
VERNEVEDTAK ETTER NATURVERNLOVA OG VI LTLOVA.....	12
ENDRING AV VERNEVEDTAK	13
OPPHEVING AV VERNEVEDTAK	13
FORVALTING AV VERNEOMRÅDE	13
SAKSBEHA NDLI NG.....	15
ØKONOMI SK ERSTA TNI NG.....	16
VERNEFORSLAG	17
UTVAL AV LOKALITETAR	17
PRIORITERING AV LOKALITETAR	18
KVA GJER VI MED DEI UPRIORITERTE LOKALITETANE ?	20
VAL AV VERNEFORM	23
FREDINGSFORSKRIFT - MAL.....	23
FORSLAG TIL OPPHEVING AV EKSISTERANDE SJØFUGLVERN	25
FORSLAG TIL NYE SJØFUGLRESERVATER	26
OVERSIKTSKART OVER FORESLÅTTE OG EKSISTERANDE VERNEOMRÅDE FOR SJØFUGL.....	27
I NNKOMNE KOMMENTARER TIL OPPSTARTSMELDINGA OG LOKAL HØYRING – GENERELL DEL	28
ÅLMENTA.....	28
ORGANI SA SJONA NE	30
TARETRÅ LI NGSNÆRINGERA	35
KOMMUNA NE	39
KYSTVERKET.....	46
FISKARANE.....	47
FISKERIDIREKTORATET – REGI ON MØRE OG ROMSDAL	49
SENTRALE HØYRINGSPARTAR	50
DEI ENKELTE LOKALITETANE MED VERNEFORSKRIFTER OG MED I NNKOMNE MERKNADER	51
INNGRIPLAN	51
GRIP	56
VEGSUNDHOLMANE- VEIBUSTHOLMEN	61
EGGHOLMANE- LISJEHOLMEN	66
RISTE	74
NUPAFJELLET	80
SVINØYA	86
MULENESET	91
SANDØYA - VATTØYA.....	96
EGGHOLMEN	102
FLØRAUDEN.....	107
LOMSTJØNNNA - HAREIDSMYRA	112
VINDFARHOLMEN	115
ERKNA.....	120

LANGHOLMEN	126
STORHOLMEN	131
SÆTREDALEN	136
GJØSUNDHOLMEN.....	141
MÅSEHAMRANE	146
HARAMSØYA VESTSIDE	151
KJEPINA.....	156
HUSFJELLET.....	160
SVETLINGANE.....	165
RØDHOLMEN.....	170
FEØYA	175
VISTDALSHOLMEN.....	180
PRESTHOLMEN.....	185
TAUTRA, VEST	190
SVELTINGEN	196
RØSSHOLMEN - SKJELA - ØTERHOLMEN	201
SALTSTEIN - KLØVNINGEN.....	207
ORHOLMEN - GRØNINGEN.....	212
TROMSKJERA - MANNSKJERA	217
ORSKJERA.....	222
FUGLØYA.....	227
BØFJORDHOLMANE.....	232
EIDSHOLMEN	237
SKALMEN.....	243
VEDLEGG 1. OMRÅDE DER VI FORESLÅR Å OPPHEVE VERNET.....	248
VEDLEGG 2. AREAL FØRESLÅTT VERNA.....	249
VEDLEGG 3. FORSLAG TIL REGULERING AV TARETRÅLING.....	250
VEDLEGG 4. TILPASSING TIL FRI LUFTSLIVET SOMMARSTID	251
VEDLEGG 5. OVERSIKT OVER INNKOMNE MERKNADER ETTER OPPSTARTSMELDINGER	252
VEDLEGG 6. OVERSIKT OVER INNKOMNE MERKNADER ETTER LOKAL OG SENTRAL HØYRING	253
VEDLEGG 7. SAKSLISTE I VERNEPLAN FOR HEKKANDE SJØFUGL I MØRE OG ROMSDAL.....	254

INNLEITING

I 1998 laga Fylkesmannen i Møre og Romsdal ein statusrapport for hekkande sjøfugl, med tanke på vern av viktige hekkelokalitetar for sjøfugl i fylket. Vidareføring av denne rapporten til eit verneforslag blei utsett i påvente av at Stortinget ville leggje fram "kystmeldinga", om vern og bruk av kysten vår. Den 25.05.00 vart denne St. meld. Nr. 43 (1998-99) vedteken i samsvar med innstillinga. Dette la grunnlaget for å vidareføre arbeidet med verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal.

Statusrapporten frå 1998 er ein hovuddel av det faglege grunnlaget for verneforslaget. Vidare er det supplert med opplysningar i åra etter og då spesielt ved registreringar i 2001 og 2002.

Denne rapporten er eit framlegg til verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal. Den foreslår 37 område verna som naturreservat. Totalarealet på verneområda er 57312 dekar av dette 11 prosent landareal og 89 prosent sjøareal (sjå vedlegg 2). Dette utgjer under 1 prosent av totalarealet innanfor grunnlinja i fylket. Formålet for denne verneplanen er å verne dei viktigaste hekkelokalitetane for sjøfugl i fylket. Nokre hekkeområde er allereie verna eller føreslått verna i andre verneplanar. Desse områda blir nemnt i denne rapporten, men vil ikkje bli med i verneplan for sjøfugl. Vidare er det tekn med nokre område verna gjennom eldre vernevedtak. Vi foreslår å oppheve vemet såframt lokalitetane ikkje lenger er viktige for hekkande sjøfugl.

Denne rapporten inneholder ein gjennomgang av metodane for sjøfuglteljingar samt ei opplasting av dei områda som vi vurderer å foreslå verne gjennom verneplan for hekkande sjøfugl. Vidare inneholder rapporten dei innkomne merknadene som har kome inn etter at oppstartsmeldinga vart lagt ut og vår vurdering til desse merknadene. Og til slutt er merknadene frå den lokale og sentrale høyringa vurdert og vi har kome med vår tilråding ut frå denne.

BAKGRUNNEN FOR VERNEPLANARBEIDET

Gjennom St.meld. nr. 68 (1980-81) blei det fastslått at det skal sikrast eit representativt utsnitt av variasjonsbredden i norsk natur. Stortinget har vidare fastslått at oppretting av verneområde med heimel i naturvernlova skal vere en bærebjelke i arbeidet med å sikre biologisk mangfold i Norge (St.meld. nr. 58 (1996-97). Verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal er en del av dette og bidrar til å verne en viktig del av norsk natur og biologisk mangfold for framtidige generasjoner.

Ved behandlingen av St.meld. nr. 43 (1998-99) "Vem og bruk i kystsona", jf. Innst. S. nr. 168 (1999-2000), har Stortinget lagt til grunn at det er tilstrekkelig areal langs norskekysten til å sikre både næringsutvikling og vern av land- og sjøareal etter naturvernloven. Dette er vidareført i St. meld nr. 21 (2004-2005) om Regjeringens miljøempolitikk og rikets miljøtilstand som seier at; " Naturen skal forvaltes slik at arter som finnes naturlig sikres i levedyktige bestander, og slik at variasjonen av naturtyper og landskap opprettholdes og gjør det mulig å sikre det biologiske mangfaldet fortsatte utviklingsmuligheter. Norge har som mål å stanse tapet av biologisk mangfold innen 2010. " Dei føringar som St.meld. nr.43 (1998-99) og St. meld nr. 21 (2004-2005) og Stortingets behandling av denne trekker opp, ligger til grunn for den endelig utforminga av verneplan for sjøfuglområde i Møre og Romsdal.

De aktuelle områda som er med i denne verneplana er viktige leveområder for sjøfugl. Sjøfugl er et viktig karaktertrekk og en viktig del av det biologiske mangfaldet langs kysten. Flere av artene som hekkar i Møre og Romsdal står oppført på den norske rødlista. Som bindeledd mellom marine og terrestriske systemer forflytter dei store mengder energi og plantenæring. I ein ressurssammenheng er dei ein viktig komponent i det marine økosystemet. Sjøfuglane har gjennom friluftsliv, turisme og jakt også verdi både som opplevelses- og høstingsressurs. For forskning og overvåking har sjøfuglane betydeleg verdi som indikator på allmenntilstanden i det marine miljø. Verneplana inneholder også viktige skjærgårdsområde. Fleire område har dessuten betydning som kvile- og kasteplassar for kystsels. I tillegg har enkelte område verdi for kulturhistorien langs kysten.

Det er viktig å understreke at mange av områda, særleg øy- og skjærgårdsområda, har sin viktigste verdi som heilheitlege økosystem der zoologiske, botaniske og geologiske elementer både på land og i sjø bidreg til områdas eigenart og verneverdi. Nedbygging av biotoper og menneskeleg aktivitet som friluftsliv, skipsfart, oljevirksomhet, fiske, jakt, turisme og andre forstyrring er saman med miljøgifter og endringer i bosettings- og næringsstruktur moglege trusselaktorer overfor sjøfuglbestanden.

Sjøfuglane i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal som leveområde for sjøfugl

Kysten i Møre og Romsdal kan delast mellom indre og ytre. Eit karaktertrekk i det ytre er den flate kystbremmen, som skaper store og oppdelte gruntvassområde. Kystbremmen utgjer også ein viktig del av øyrekkja langs kysten, i nokre tilfelle heile øyar som Gossen, Vigra og Smøla. Kystbremmen er difor overgangen mellom fjell og hav, samstundes som det er terskelen mellom havet og fjordane i den indre delen av kysten. Fjordane er djupe, har etter måten få øyar og holmar og er prega av bratte skoglier eller fjellsider, berre stadvis brotne av flatare landskap, særleg kring dalbotnar og elveos. På dei flatare stadene er det også ofta busetnad. Dei store fjordbassenga må fyllast og tömastes i takt med flo og fjøre. I terskelområda kring munningen vert det difor rik straumsetjing og god omrøring i vatnet.

Den norske kontinentalhylla er på det breiaste utanfor Møre og Romsdal, med Storegga og Buagrunnen. Frå sør stryk kyststraumen langs øyar og strender nordover. På Sunnmørskysten råkar den Golfstraumen med full tyngde. Golfstraumen pressar vamare og saltare havvatn inn mot kysten og skaper omrøring og auka næringstilgang. Dette fører med seg gode vekstvilkår og rik biologisk produksjon. Mørkysten er frå tidlege tider kjend som eitt av dei viktigaste gyte- og oppvekstområda for fleire fiskeartar i vårt land. Næringstilhøva gjev med andre ord grunnlag for ein rik sjøfuglfauna. Dei topografiske tilhøva ligg fysisk til rette for mange og gode hekkeplassar. Til saman er dette årsaka til at Møre og Romsdal gjennom tidene har hatt store bestandar av sjøfugl. Særleg Sunnmørskysten kan by på brattlendte øyar med fjellstup heilt i havkanten. Dette er høvelege stader for fuglefjellsartane. Runde er den best kjende av desse øyane og huser dei største koloniane. Runde er også det einaste store fuglefjellet i Sør-Norge. Det har elles vore etter måten store koloniar også på nabøyar i Herøy og Sande og på Nordøyane i Haram. Mindre koloniar finst fleire andre stader, men desse er gjerne meir ustabile over tid. Slik kan ein finne til dømes toppskarv- og krykkjekoloniar spreidd på kysten av Romsdal og Nordmøre.

Andre sjøfuglartar, særleg måsar og tener, hekkar både i koloniar og parvis langs heile fylket, men tettare i dei straumrike områda kring fjordmunningane enn inne i fjordane. Inne i fjordane er utvalet av eigna hekkeplassar mindre. Så godt som alle skjer, holmar eller småøyar i fjordane har sjøfugl hekkande, men villminken har i løpet av dei siste tiåra medverka til at måsar og tener har funne det tenleg å flytte koloniane anten innover i lyngheia eller til dei ytste skjera. Strandenger eller småholmar i fjordsystema gjev ikkje lengre like godt resultat i hekkinga. For det meste er sjøfuglkoloniane temmeleg konsentrerte og legg beslag på små areal. Eit unnatak er dei nye koloniane hos måsar og temer som ligg i lyngmark og myr samt koloniar av tjuvjo, etter kvart truleg også storjo. Desse kan ha temmeleg stor avstand mellom reira og dekkjer heller store område.

Definisjon av sjøfugl

Sjøfugl er ikkje noko eining i zoologisk systematikk, men eit omgrep som skildrar ei funksjonell rolle i naturen. Det femner dei fugleartane som gjennom heile eller store delar av levetida hentar det meste av næringa fra sjø og hav. Vi avgrensar sjøfuglomgrepet til å gjelde symjefuglar av ulike slag.

Vemeplan for hekkande sjøfugl tek føre seg dei typiske sjøfuglane, som er knytt til havet i alle livsfasar og gjennom heile året. Hit høyrer stormfuglane, sulene, skarvane, enkelte av endene, alkefuglane, temene og dei fleste måseartane. Alle desse artane er sosiale og hekkar tildels i store og tette koloniar. I vinterhalvåret og under fødesøk elles, finn ein dei gjeme i tette samlingar der det er åte eller stimfisk. Ikke sjeldan kan dei opptre i flokkar på fleire titusen eller meir. Sjøfugl er såleis av dei mest utprega flokkfuglar ein kjenner.

Sjøfuglregistreringar

Undersøkingar retta spesielt mot sjøfugl i Møre og Romsdal har gått føre seg sidan 1950-åra. Den første tida galdt dette ringmerking i fuglefjella på Runde, mest som fritidsaktivitet. Frå 1970 er meir vitskapelege undersøkingar gjennomførde. Mykje av undersøkingane etter dette er gjennomførde som prosjekt eller delar av prosjekt, finansiert av tilskott frå ymse instansar. Frå 1979 vart aktiviteten i Møre og Romsdal fanga opp i eit nasjonalt system gjennom «Sjøfuglprosjektet» i regi av Direktoratet for vilt og ferskvassfisk (DVF, seinare DN).

Feltarbeidet er i stor grad utført av medlemer i Norsk ornitologisk foreining (NOF). Den meir vitskapelege aktiviteten i foreininga har vore organisert gjennom Ornitologiske undersøkingar i Møre og Romsdal.

Den geografiske avgrensinga av dei einskilde lokalitetane er meir eller mindre naturleg. I mange hove er fleire mindre koloniar på ulike holmar eller skjer samla under eitt lokalitetsnamn. Dette gjer materialet meir handterbart i alle samanhengar, også med tanke på at artar som terner og måsar kan flytte holmar imellom frå år til år. Meir presis avgrensing vil bli klarlagt under verneplanprosess og høyringar.

Registrering av sjøfugl foregår etter ulike metodar, alt etter kva slags art som skal kartleggjast. Generelle takseringar i store areal er ofte mindre nøyaktige enn artsspesifikke takseringar i avgrensa område. Men sjølv om takseringsresultata ikkje alltid gjev eit eksakt kvantitatittv mål på sjøfuglbestandane, er dei eit godt tolkningsgrunnlag for ei vurdering av verdien til ulike lokalitetar.

Undersøkingane er i første rekke retta mot hekkelokalitetane. Registreringar eitt år gjev eit situasjonsbilete. Storleiken av sjøfuglbestandane vil variere med ei rekke faktorar der næringstilgang ofte er den viktigaste. For fleire av artane kan det difor vere stor variasjon frå år til år. Dette kan gjelde talet på fugl som går til hekking, i kva grad hekkinga vert vellukka eller om delar av koloniane vert flytta til andre lokalitetar. Det siste gjeld først og fremst for terner. På overmattings-, raste- eller overvintringslokaleitatar er gjerne fuglane tett samla og lett synlege. Sjølv om teljingane er noko enklare vil det også her vere tale om situasjonsbilete.

For å kunne trekke sikre konklusjonar om trendar og tendensar treng ein difor undersøkingar over fleire år. I praksis er det vanskeleg å gjennomføre dette innafor rimeleg tid og til rimelege kostnader. Ein er difor nøydd til å gjere eit utval av tidsperiodar og lokalitetar. Ei god hjelp er det likevel å halde eigne undersøkingar saman med tilleggsopplysingar frå folk som bur nær dei ulike lokalitetane.

Bestandsoversynet er basert på teljingar gjennomført i ulike år. Når registreringsperioden er eitt einskild år er det oppgjeve så nøyaktige tal som råd. Når perioden er to eller fleire år er dei høgste tala oppgjeve. Av di dei nyaste tala oftast er lågare enn dei gamle, kan ein lett tru at lokalitetane har mist sin verdi for sjøfugl. Bestandane kan variere mykje frå år til anna og dei høgste tala syner lokalitetens sitt minimum potensiale. Dette er særleg viktig å vere klar over nettopp i dei tider den langsiktige trenden er negativ.

Sjøfuglbestandane i Møre og Romsdal

Utgavingar i Dollsteinhola (Sandsøya) og Skjonghellaren (Valderøya) har skaffa dokumentasjon når det galdt artsutvalet av sjøfugl fleire tusen år attende i tida. Opplysningane frå prestane Reutz (1748) og Strøm (1762) har gjeve oss visse haldepunkt om kva artar som var vanlege eller sjeldsynte på den tid. Såleis nemner Hans Strøm i sin «Beskriffelse over Fogderiet Søndmøre» frå 1762 geirfuglen som velkjend blant fiskarane. Dette var ein alkefugl som no er heilt utrydda. Utover dette finst det liten kunnskap om korleis tilstanden var i tidlegare tider. Særleg veit ein lite om dei talmessige tilhøva. Kring 1920 hekka storskarven i koloniar på Runde og fleire andre stader og så seint som i 1960 skal det ha vore ein koloni på Gallerkjera på Hustadvika. I mange år har

Tabell 1: Estimat over hekkebestandar av sjøfugl i Møre og Romsdal.

Art \ Årstal	1975	1981	1986	1995 - 96
Havhest	1 700-2000	2500	3000	5500
Havsvale	-	-	-	15 +
Stormsvale	-	-	-	2 +
Havsule	500	700-750	1500	2000 +
Toppskarv	6500-7000	2600-2700	2500	2400
Ærfugl ²⁾	3-4000	oppgang?	8000	8000
Tjuvjo	500	nedgang?	4-500?	400?
Storjo	0	2	15	50
Hettemåse	50	100	120	120
Fiskemåse	15-20 000	uendra?	nedgang	10 - 15 000
Sildemåse	1000	nedgang	nedgang	7 - 900
Gråmåse	10 000	nedgang?	nedgang?	9000
Svartbak	6000	uendra	uendra	6000 +
Krykkje	100 000?	60 000?	55 000?	55 000?
Makrellterne	2000	nedgang?	nedgang?	1500?
Raudnebbterne	10-15000	nedgang?	nedgang?	8 - 10 000?
Lomvi	7 600 ¹⁾	8-10 000	10 000?	8 - 9000
Polarlomvi	-	1-5	1-5	1 - 5
Alke	3 200 ¹⁾	3-4000	3-4000?	3000
Teist	7-800	uendra?	uendra?	5 - 600
Lunde ²⁾	40 000 ¹⁾	100 000	100 000	100 000
Totalt for 22 artar: ²⁾	208 000 - 220 000 ²⁾	225 000	230 000?	210 000?

- = ingen data

? = usikkerheit

S = arten er heilt eller delvis solitar, dvs. hekkar ikkje i koloniar

1)=opplysingar frå litteraturen

2)=For ærfugl og lunde er grunnlaget for estimat betra frå 1981 til 1986. Bestandsauke er difor ikkjesikkert dokumentert. Dette speglar seg også i totaltala.

+ = minimumstal

den vore fråverande i fylket før den no i 2005 er registrert hekkande på Orskjera. Elles reknar i ale fall tre nye artar som hekkfuglar i vårt århundre: Havhest, havsule og storjo. Om havsvale og stormsvale er nye som hekkfuglar er uvisst, for det kan vere levesettet som gjer at hekking vart stadfesta først i 1996. I tabell 1 har vi laga ein oversikt over bestandane av sjøfugl i fylket vårt slik vi rekna den var rundt 1998.

KVA TRUER SJØFUGLANE I MØRE OG ROMSDAL ?

Nedgangen i mange av bestandane frå 1970 og utover var utgangspunkt for fleire undersøkingar om kva årsakene kunne vere (sjå tabell 2). Ein del undersøkingar fokuserte på miljøgifter, predasjon og sjukdomar. Ingen av desse såg ut til å forklare dei unormalt låge hekkeresultata som ein observerte. Rett nok må ein ta atterhald for minkpredasjon hos eit par av artane, men det vart ikkje funne teikn på sjukdomar. Miljøgiftinnhalde var høgst hos artar som hadde framgang; svartbak og havhest, medan det var relativt lågt hos dei artane som hadde størst problem. Toleransen kan vere ulik, men det var naturlig å fokusere meir på næringstilgangen.

Det syner seg at hekkesvikten hos mange av artane fell saman med samanbrotet i den Atlantiskandiske sildestammen. Silda som tidlegare fanst i store mengder utanfor Møre kysten, vart fram mot 70-åra så kraftig overfiska at det naturlege vandringsmønsteret opphørte. Nokre av artane har i ein viss grad greidd å kompensere tapet av sild med andre fiskeartar, som til dømes brisling, torskefisk og sil. Såleis starta den alvorlege nedgangen for toppskarv først etter at også seistammene hadde vorte kraftig redusert rundt 1975. Når rekutteringa til koloniane sviktar vil faktorane som påverkar vaksendøyning verte tilsvarende viktige. Jakt og garnfangst har såleis auka problemet for toppskarven.

Også den vidare utviklinga kan setjast i samanheng med utviklinga i sildestammen. Etter at fisket opphørte fekk sildestamma nokre år på seg til ny oppbygging. Frå 1978 syntet dette seg i nokon grad hos sjøfugl. Innsiget av gytande sild var særleg stort i 1983, dette vart og eit svært godt sjøfuglår. Dei neste åra var mindre gode, men ein kunne vente godt silde innsig igjen i 1988, på grunnlag av 1983-klassen. Dette viste seg å stemme, både for sild og sjøfugl. Med stort feittinhald og tette, kystnære bestandar har silda truleg vore hovudgrunnlaget for sjøfugl i vårt fylke i hekketida, anten direkte eller indirekte. Skal bestandane av sjøfugl i Møre og Romsdal kome attende til tidlegare toppnivå, synest det difor klart at sildestammen må få bygge seg opp att.

Fiskeriene har endra seg drastisk i siste århundre frå småbåtar til større farty. Ein av konsekvensane av denne strukturendringa er at også fiskeslo og undermåls fisk er ein del av ressursutnyttinga. Dette har medført at enkelte fugleartar som tidlegare har fått ein del av fiskeavfallet, ikkje har fått tilgang til denne matkilden.

Tabell 2: Oversyn over bestandsendringar hos sjøfugl i Møre og Romsdal, bygd på litteraturopplysningar og feltarbeid i perioden 1955-1998

Art	Hekka første gong ¹⁾	Bestandsutvikling		Årsak til endring
		1955 - 70	1970 - 98	
Havhest	1920(1900?)	oppgang	oppgang	vem/betra næringstilgang
Havsvale	ikkje kjend	ikkje kjend	ikkje kjend	ikkje kjend
Stormsvale	ikkje kjend	ikkje kjend	ikkje kjend	ikkje kjend
Havsule	1946	oppgang	oppgang	vem/ukjend
Storskarv	ukjend	nedgang	ingen hekking	jakt/uroing
Toppskarv	ukjend	oppgang	nedgang	næringssvikt/jakt/fiskegarn
Ærfugl	ukjend	nedgang	oppgang?	villmink/vern
Storjo	1980	ingen hekking	oppgang	ikkje kjend
Tjuvjo	ukjend	truleg stabil	nedgang	næringssvikt?
Hettemåse	1930	oppgang	oppgang	ikkje kjend
Fiskemåse	ukjend	truleg stabil	nedgang	næringssvikt?
Sildemåse	ukjend	truleg stabil	nedgang	næringssvikt
Gråmåse	ukjend	truleg stabil	nedgang	næringssvikt?
Svartbak	ukjend	truleg stabil	oppgang	ikkje kjend
Krykkje	1700-tallet?	oppgang	nedgang	næringssvikt
Makrellterne	ukjend	truleg stabil	nedgang	næringssvikt
Raudnebbterne	ukjend	truleg stabil	nedgang	næringssvikt
Lomvi	ukjend	nedgang?	oppgang	ikkje kjend
Polarlomvi	ukjend	ikkje kjend	ikkje kjend	ikkje kjend
Alke	ukjend	nedgang?	oppgang?	ikkje kjend
Teist	ukjend	nedgang	nedgang	villmink
Lunde	ukjend	truleg stabil	stabil?	ikkje kjend

1) dei fleste artane har hekka sidan tidlegare tider. Ein har difor angitt tidspunktet som «ukjend», i motsetnad til «ikkje kjend» for havsvale og stormsvale.

VIRKEMIDLAR

Vernevedtak etter naturvernlova og viltlova

Dette kapitlet presenterer ulike former for vem som er aktuelle etter naturvernlova og viltlova, eller blir omtalte i denne planen. Dei einskilde verneforsлага varierer når det gjeld formål, naturgrunnlag, bruk, framtidige utfordringar og graden av restriksjonar på arealbruk og andre aktivitetar. Utgangspunktet for vemebestemmingane er standardmalar som blir tilpassa lokale forhold og problemsettingar.

Naturreservat (jf. naturvernlova § 8)

Dette er den strengeste verneforma etter naturvernlova. Formålet er å sikre område som er urørte eller bort imot urørte eller er av ein spesiell natertype. I tillegg må området anten ha særskilt vitskapleg eller pedagogisk verd eller vere eigenarta. Det er knytta strenge restriksjonar til tiltak eller bruk som kan påverke naturverdiane og føre til uønskete endringar i naturmiljøet og landskapet. Landbruk i same omfang og driftsformer som på vermetidspunktet, kan vanlegvis halde fram. Dette vil hovudsakleg gjelde utmarksbeite, slått eller liknande, då fulldyrka mark berre unntaksvis vil inngå i eit naturreservat. Det vil ikkje bli gitt høve til ordinær skogsdrift, dvs. hogst, fjeming av døde tre m.v., men det kan opnast for avgrensa uttak av ved. Vedlikehald av anlegg som eksisterte då vernesaka blei fremja, vil bli akseptert. I sjøfugl- og våtmarksreservat vil det ofte vere totalforbod mot jakt og fangst. Kor området ligg, storleik og vemeformål er avgjerande for i kva grad jakt vil bli tillate. Eit vernevedtak er normalt ikkje til hinder for tradisjonelt fiske. I sjøfugl-, våtmarks- og myrreservat som er viktige for fuglelivet, vil det i mange tilfelle vere ferdelsforbod i hekketida, men fri ferdsel til andre tider av året. Eventuell tilrettelegging for friluftsliv skal hovudsakleg kanalisere ferdsla slik at ho ikkje kjem i konflikt med verneformålet. Informasjon og rettleiing skal normalt prioriterast føre fysiske tilretteleggingstiltak. Turverksamd i regi av idéelle lag og foreiningar, universitet, skolar eller andre institusjonar vil normalt vere tillate, utanom i eventuelle periodar med ferdelsforbod.

Dyrefredingsområde (jf. naturvernlova §§ 9 og 14)

Ved artsfredingar etter § 13 og § 14 i naturvernlova (sjå under), kan eit område også verma mot utbygging, anlegg, forureining eller andre inngrep for å bevare sjølve livsmiljøet til artane. Dette er med andre ord ein kombinasjon av områdefreding (nvl. § 9) og artsfreding (nvl. § 14) og kan sjåast på som ei mildare form for naturreservat. Vilkåra er andre og meir lempelige enn for reservat etter § 8. Bestemminga har ofte vore brukt for å verme leveområde til spesielle dyr eller planter der desse områda ikkje kan reknast som "urørte" naturområde. Områda vil normalt vere plantefredingsområde, dyrefredingsområde eller plante- og dyrefredingsområde. Men der verneformålet hovudsakleg er fugl vil området normalt vere fuglefredingsområde. For dyrefredingsområde er det eit krav at artane eller dyresamfunna er sjeldne eller står i fare for å forsvinne, eller at ei rekke artar har tilhald i området.

Biotopvern (jf. viltlova § 7)

Dette er òg ein kombinasjon av områdefreding og artsfreding (nvl. § 13/14), men med heimel i viltlova § 7 i staden for nvl. § 9. Biotopvern etter viltlova § 7 gir berre heimel til å verme vilt slik det er definert i viltlova. Dermed blir vern av t.d. virvellause dyr og planter utelukka. Ved biotopvern etter viltlova er det berre eit krav om at området har særleg verdi for viltet. I samband med sjøfugl er difor viltlova aktuell for holmar der få artar er representerte og der desse artane heller ikkje kan reknast som sjeldne. Det kan setjast forbod mot anlegg, bygging og anna verksemd, herunder ferdsel som kan skade viltet. Derimot er det ikkje heimel til å gi reglar om skjøtselstiltak etter viltlova. Saksbehandlinga er i tråd med saksbehandlingsreglane i naturvernlova.

Dyrelivsfreding (jf. naturvernlova § 14)

Viltveksande dyrearter eller dyresamfunn som er sjeldne eller står i fare for å forsvinne, kan fredast i heile landet eller i bestemte område (nvl. § 14) I tillegg kan pattedyr og fuglar fredast i område som er spesielt viktig for ei rekke arter (nvl § 14). Dei aktuelle artane eller artsgruppene/-samfunna må spesifiserast i vernevedtaket.

Artsvernbestemmingane blir ofta kombinert med ei form for vern av sjølve leveområdet, t.d. som plante- og/eller dyrefredingsområde, biotopvern etter viltlova eller i kombinasjon med landskapsvern (sjå over). Men det forekjem også at artsverm blir nytta som ei buffersone rundt eit vanleg områdeverm, t.d. som dyrelivsfreding rundt eit naturreservat eller dyrefredingsområde.

Endring av vernevedtak

Det kan over tid oppstå endringer i eller utanfor eit verneområde og i samfunnet for øvrig, som krev endring av forskrifta eller avgrensinga av området. Endring av forskrifta kan vere innskjerping eller tillemping, og avgrensinga kan utvidast eller reduserast. Forvaltingsmyndigheten skal likevel vere svært varsam med å foresla endringer som kan tenkast å redusere verneverdiane.

Oppheving av vernevedtak

Vernekvalitetane i eit område kan endre seg etter som tida går, som følgje av naturleg utvikling og/eller menneskeleg påverknad. Mange naturfredingar er av eldre dato og heimla i tidlegare naturvernlovgiving. I slike område er det grunn til å vurdere om vermemotivet framleis er til stades, eller om vernevedtaket av andre grunnar bør opphevest. Også nyare vernevedtak kan vere "gått ut på dato", t.d. sjøfuglreservat der ein tidlegare god hekkebestand er blitt borte eller sterkt redusert. Det skal likevel tungtvegande grunnar og god dokumentasjon til for å oppheve nyare vernevedtak.

Forvalting av verneområde

Merking

Når det er gjort eit vernevedtak, vil grensene bli merka med standardiserte grensemerke og skilt der dei går over land.

Skjøtsel og skjøtselsplanar

Begrepet skjøtsel omfattar vanlegvis tiltak som blir iverksett i området av forvaltingsmyndigheten for å ivareta natur- og landskapskvalitetane der i samsvar med verneformålet, dvs. oppretthalde eller framleske ein spesiell tilstand. Ei naturleg utvikling utan spesielle tiltak er normalt mest ønskeleg. Det vil neppe vere særleg behov for skjøtsel eller skjøtselsplanar i dei områda som blir foreslått verma i denne verneplanen.

Generelle unntaksbestemmingar

Det kan gjerast unntak frå vernebestemmingane når formålet med vermet krev det, for vitskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi. Det kan også gjerast unntak i særlege tilfelle som ikkje er i strid med verneformålet.

Forvaltingsmyndigheten

Fylkesmannen har tradisjonelt vore tillagt forvaltingsansvaret for verneområde i Norge. I nokre område er forvaltingsmyndigheten delegert til kommunen.

Oppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) har hovudansvaret for oppsyn i verneområda, og rapporterer til forvaltingsmyndigheten. Skjergardstenesta har også oppsynsoppdrag for fylkesmannen og SNO.

Forholdet til anna lovgiving

Forskrifter med heimel i naturvernlova vil normalt gå foran andre lover eller forskrifter viss det er motstrid mellom desse. Anna regelverk vil likevel ikkje bli sett ut av kraft i eit verneområde, men vil gjelde i tillegg til verneforskrifta. I ei byggjesak vil ein t.d. trenge løyve både etter verneforskrifta og plan- og bygningslova. Verneforskriftene vil hovudsakleg ha strengare bestemmingar om bruk og tiltak i eit verneområde enn det som gjeld etter anna lovverk. Det er difor naturleg at ein søknad om dispensasjon blir behandla av forvaltingsmyndigheten for verneområdet før han eventuelt blir behandla etter anna regelverk. Forskrifter gitt med heimel i naturvernlova, avgrenser ikkje råderettsutøvinga

utanfor eit verneområde. Det er difor viktig at grunneigarar, kommunar og andre offentlege eller private instansar forvaltar tilgrensande område på ein slik måte at verdiane innanfor verneområdet ikkje ringast.

SAKSBEHANDLING

Før eit vermetiltak kan gjennomførast, blir det gjort eit omfattande forarbeid. Saksbehandlingsreglane framgår av rundskriv T3/99 frå Miljøverndepartementet. For denne verneplanen er prosedyren forenkla noko ved at både lokal og sentral høyring blir gjort samtidig og at begge delane blir handtert av Fylket:

1. Fylkesmannen får som oppdrag å leggje fram eit verneforslag. Kommunar, fylkeskommunar og andre saka gjeld, blir orientert. Fylkesmannen avklarer opplegget for planprosessen med kommunar og fylkeskommune.
2. Fylkesmannen kunngjør ei melding om igangsetjing av verneplanarbeidet. Grunneigarar, organisasjonar og andre berørte skal orienterast så langt som råd.
3. Fylkesmannen utarbeider eit verneforslag med utkast til vernekategori, avgrensing og veremeforskrift ut frå formålet med vermet og sender dette til Direktoratet for naturforvalting (DN) for fagleg gjennomgang og kvalitetssikring.
4. Fylkesmannen innarbeider endringar frå den faglege gjennomgangen i verneplanforslaget og sender det på lokal og sentral høyring.
5. Fylkesmannen vurderer dei innkomne uttalane og utarbeider eit endeleg verneforslag som sendast til DN.
6. DN avklarer eventuelle uløyste konfliktar og sender si innstilling om vem til Miljøverndepartementet.
7. Miljøverndepartementet førebur saka for behandling i regjeringa og endeleg vedtak av Kongen i statsråd gjennom ein kongeleg resolusjon.

Det arbeidet som er utført til no ved framlegginga av dette verneplanutkastet omfattar pkt 1-5.

Brev med oppstartsmeldinga, datert 11.07.2003, blei sendt til alle kommunar og aktuelle organisasjonar samt sentrale aviser i fylket. Grensene for eventuelle verneområde blei framsett i kart i målestokk 1: 700 000. Vi fekk inn mange merknader om at vi måtte vere meir nøyaktige på grensene, og at rettshavarar måtte kontaktast ved oppstartsmeldinga. Det vart difor sendt eit brev den 14.01.2004 til alle rettshavarane til dei aktuelle verneområda. Våren 2004 heldt vi oppstartsmøte med alle kommunar og rettshavarar for dei respektive områda.

Pr. 25.11.2005 har vi fått inn 142 merknader til oppstartsmeldinga (sjå vedlegg 4). Merknadene er knytte både til verneplanprosessen generelt og til dei einskilde lokalitetane. Vi har samanfatta merknadene under kvar einskild lokalitet der det er naturleg og har teke dei generelle kommentarane samla. Som følgje av merknadene har vi endra grensene frå oppstartsmeldinga til dette framleget for lokalitetane Eggholmen-Lisjeholmen, Lomstjønna-Hareidsmøya og Sandøya-Vatnøya, Måsehamrane, Nupafjellet, Husfellet, Mulenæset og Haramsøya Vestside. Samstundes har vi teke ut ein lokalitet (Raudøya) og teke inn ein lokalitet (Skalmen). Merknadene som gjeld Raudøya spesielt er ikkje samanfatta og vurdert då denne lokaliteten har gått ut. Når det gjeld lokaliteten Skalmen, så var han med i oppstartsmeldinga for verneplan Smøla.

Pr. 20.05.2006 har vi fått inn 123 merknader til lokal/sentral høyring (sjå vedlegg 6). Av desse er 103 merknader knytt til den lokale høyringa og er direkte kommentert i denne rapporten. Dei 20 merknadene som kom inn under den sentrale høyringa er kommentert i samandragsform.

ØKONOMISK ERSTATNING

Eigarar og rettshavarar som blir påført eit økonomisk tap som følgje av opprettinga av eit naturvemområde kan ha krav på erstatning, jf naturvernlova kap VII. Dette gjeld område som er verna som naturreservat (nvl. § 8), plante- og/eller dyrefredingsområde (nvl. § 9) eller naturnonne (nvl. § 11). Erstatninga skal fastsetjast i samsvar med dei vanlege reglane i ekspropriasjons-/erstatningslova (lov 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved oreligning av fast eiendom). Det er det pårekna økonomiske tapet for den einskilde grunneigar eller rettshavar som skal vurderast ved fastsettjinga av ei eventuell erstatning. Spørsmålet blir vurdert konkret frå sak til sak. Då grunneigaren normalt vil behalde eigedomsretten, er det avgrensingane i ráderetten som avgjer omfanget av erstatningsplikta for staten. *Utforminga av vernebestemmingane vil vere avgjerande her.* Ved erstatningsutmålinga vil eventuelle ulemper for den resterande eigedomen kome i tillegg. Eigarar eller rettshavarar må framsetje skriftleg krav om erstatning til fylkesmannen innan eitt år etter at vernevedtaket er kunngjort. Som ein del av forslaget til ny lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold (NOU 2004:28) er bestemmingane om erstatning for reguleringar av ráderetten ved områdevern under revisjon. Forslaget inneber endringar både av hovudregelen for erstatning, samt ein del prosessuelle endringar for å redusere prosessomkostningane ved erstatningsoppgjer. Forslaget er for tida på høyring. Det vil bli gjort nærmare greie for erstatningsreglane og saksbehandlinga i samband med kunngjeiringa av dei einskilde vernevedtaka.

VERNEFORSLAG

Utval av lokalitetar

I dette verneforslaget har vi plukka ut lokalitetane i ein totrinns-prosess. Utgangspunktet var 198 sjøfugllokalitetar i Møre og Romsdal som er vurdert og verdsatt. I første fase har vi verdsatt lokalitetane i ein verdiskala frå 1 til 5 der verdiane 1, 2 eller 3 er viktige for å oppretthalde sjøfuglbestandar, respektive internasjonal, nasjonal eller regional samanheng (tabell 3). I andre fase har vi sett på dei mest verneverdige blant lokalitetane som er verdsatt til verdi 3 (regionale).

Tabell 3. Klassifisering av lokalitetane i fase ein i utplukket

Verdiskala	Verdivurdering
1	Særleg verneverdige område av internasjonal verdi.
2	Svært verneverdige område av nasjonal verneverdi.
3	Område av regional verneverdi (landsdel/fylke).
4	Område med lokal verneverdi.
5	Område med liten verneverdi

Utvalskriterier ved første utplukk av lokalitetane (variabel A)

Ei vurdering av naturfagleg verdi tek utgangspunkt i fleire ulike kriterium. Desse er av generell karakter, men vektlegginga vil vere ulik etter kva føremål ein omtaler. Kriteria nedanfor er såleis skildra ut frå at formålet er vern av sjøfugl (og grågås). I nokon grad vil kriteria overlappe kvarandre. For alle kriteria gjeld at dei må vurderast i lokal, regional, nasjonal og internasjonal samanheng.

Funksjon: I kva grad lokalitetene er viktig for å oppretthalde viktige prosessar i eit økosystem. Av di sjøfugl stiller strenge krav til hekkeplassane, vil lokalitetten sin verdi som hekkeplass vere særleg viktig for å oppretthalde bestandane på lang sikt. Rapporten omtaler i hovudsak hekkeplassar. Funksjonskriteriet er då gjeve implisitt. I nokre høve vert likevel andre funksjonar omtala, som myteplassar, rastepllassar o.l. og desse funksjonane aleine kan vere nok til å gje ein lokalitet stor verdi.

Produktivitet: Kor viktig den biologiske produksjonen i lokalitetten er. Her vil ein måtte vurdere storleiken på bestandane av dei ulike sjøfuglartane i lokalitetten og samanlikne dette med totalbestandane. Ein må også vurdere i kva grad produksjonen i kolonien er viktig for rekruttering i andre koloniar

Mangfald: I kva grad lokalitetten er i bruk eller eigna for heile utvalet av artar. I dette kriteriet kan det vere aktuelt å trekke inn andre artar enn sjøfugl, men som har tilhald på grunn av at sjøfugl legg tilhøva til rette.

Representativitet/typisitet: I kva grad lokalitetten er representativ eller typisk som naturtype. I og med at sjøfugl berre representerer delar av ein naturtype vil kriteriet i denne samanhengen vere underordna. Ein vil likevel måtte gjøre ei vurdering lokalitetane imellom og ta omsyn til skilnaden mellom t.d. indre og ytre strok.

Sjeldanheit: I kva grad lokalitetten er sjeldsynt som naturtype eller i kva grad er han viktig for sjeldsynte artar. For naturtypen generelt gjeld dei same merknadene som for kriterium 4, medan omsynet til sjeldsynte artar av sjøfugl må vegast tungt. Dette gjeld artar med særlege miljøkrav og som frå naturen si side ikkje finst i store tal. Det gjeld i mindre grad artar som er i utkanten av utbreiingsområdet og såleis finst i sikre bestandar andre stader.

Grad av trugsål: I kva grad er lokalitetten truga som naturtype eller i kva grad han er viktig for artar som av ulike årsaker er sårbarer eller truga. Det er viktig å ta omsyn til

tendensar i bestandane. Merk skilnaden mellom dette kriteriet og sjeldanheitskriteriet; vanlege artar kan vere truga på sikt, medan sjeldsynte artar ikkje treng vere det.

Menneskelege inngrep: I kva grad er lokaliteten øydelagt eller skada av menneskelege inngrep. Det er klart at nokre av sjøfuglkoloniane kan vere sterkt prega av menneskeleg aktivitet, men at dei likevel kan vere verdfulle for sjøfugl. Særleg gjeld dette måsane.

Pedagogisk verdi: I kva grad kan lokaliteten nyttast/vert lokaliteten nyttta til undervisning, vitskap og læring. Av di læring heng nøye saman med oppleving er det her også naturleg å knytte den pedagogiske verdien til opplevingsverdi i fritidssamanhang.

Andre verdiar: I tillegg til sjøfuglverdiane er det i nokon grad også lagt vekt på andre miljøfaglege interesser. Dette kan til dømes vere: andre zoologiske førekomstar, botaniske førekomstar, landskapsmessig verdi og eigenart, kulturhistoriske førekomstar, friluftsinteresser. Desse interessene kan i stor grad sameinast med sjøfuglinteressene for å styrke eit samla vermemotiv. Når det gjeld friluftslivinteressene vil der likevel i mange tilfelle vere klare konfliktar.

Utvalskriterier ved andre utplukk av lokalitetane (variabel B-I)

B – Smølaprosjektet: Seier korvidt lokaliteten er med i verneplan for Smøla eller ikkje.

C - Teist: Teisten er i tilbakegang i fylket vårt og hekkinga sviktar. Vi har vald å plukke ut dei lokalitetar der teisten hekkar.

D - Toppskarv: Toppskarven er i tilbakegang i fylket vårt og hekkinga sviktar. Vi har vald å plukke ut dei lokalitetar der topsskarven hekkar.

E - Totalbestand: Lokalitetar med store bestandar er viktige. Vi har plukka ut dei mest verdifulle med omsyn til totalstørlek og positiv bestandsutvikling uavhengig av sjøfuglart.

F - Areal: Kor stort areal området dekkjer. Dette omfattar både land- og sjøområde.

Menneskjeleg konflikt: Ein tenker då spesielt på bruken av området til rekreasjon (båtbruk, ilandstiging).

G - Konflikt: Seier noko om den menneskjelege konflikten. Tal folk i nærheita av dei føreslegne verneområde. Har delt inn i to klassar; liten eller stor menneskjeleg konflikt.

H - Områdetype: Meiner her naturtype; holme, myr, fuglefjell, vatn og liknande.

I - Verestatus: Seier om lokaliteten er vema delvis eller heilt og kva vermet omhandlar.

Prioritering av lokalitetar

For alle lokalitetane må dei ulike naturfaglege kriteria samanfattast som grunnlag for ei prioritering. Dette er ei vanskeleg oppgåve med stort rom for bruk av skjøn. Skilnaden mellom kva som er internasjonalt, nasjonalt, regionalt eller lokalt viktig må vurderast i mange dimensjonar, der det tildels også kjem inn politiske interesser. Norge har gjennom å undertekne internasjonale avtalar og konvensjonar teke på seg eit politisk ansvar for forvaltning av naturressursar. Som eit resultat av desse avtalene er det utarbeidd nasjonale «Raudlister» som gjev oversyn over artar det ut frå bestandssituasjonen er nadsynt å ta særleg omsyn til. Her kjem det fram at det er grunn til å overvake situasjonen for teist. Lomvi og lunde krev særlege omsyn på grunn av langvarig bestandsnedgang, polarlomvi er sjeldan (fastlands-Norge) medan den nordlege underarten av sildemåse er direkte truga av utrydding.

Norge må også ta eit særskilt ansvar for artar der meir enn 25 % av totalbestanden i Europa har tilhald i landet. For hekkande sjøfugl gjeld dette fiskemåse, gråmåse, svartbak og lomvi. Toppskarven har tidlegare vore i denne gruppa, men grunna den sterke tilbakegangen gjeld ikkje dette lenger. Her vil tilbakegangen åleine vere eit argument. Etter den samla vurderinga er lokalitetane klassifiserte etter ein skala som vist i tabell 1.

198 sjøfugllokalitetane i Møre og Romsdal er vurdert i samband med oppstartsmeldinga og etter det mønsteret for verdsetjing som er oppsett ovanfor. Nokre av namna kan dekkje fleire einskildlokalitetar. Dei to avvika frå rapporten frå 1998 på verdisetting er Alnesrauden i Giske som no er klassifisert til verdi 4 (tidlegare 2) og Tjuvholmen i Herøy som no klassifisert til verdi 4 (tidlegare 3). Desse skyldast at ein no spissar verneformålet

mot hekkande sjøfugl i staden for sjøfugl generelt. Både Alnesrauden og Tjuvholmen er lite kjent for hekking av sjøfugl men meir som gode rasteplassar.

I tabell 4 er dei sett opp dei viktigaste 82 sjøfugllokalitetane i Møre og Romsdal, basert på verdsettinga gjeve i sjøfuglrapporten av 1998 og seinare oppdateringar av sjøfuglregistreringar. Så har vi tabellarisk laga ein oversikt over dei ulike variable når det gjeld; verdivurdering, Smølaprosjektet, teist, toppskarv, Total sjøfuglbestand, areal, konfliktnivå (menneskjeleg), naturtype og verestatus. Vidare har vi i prioriteringa av lokalitetane gjort greie for kva grunnlag dei ulike lokalitetane er plukka ut frå.

Av dei 82 viktige lokalitetane for hekkande sjøfugl er det plukka ut 19 lokaliteter som er verdsatt til internasjonal eller nasjonal verdi etter tabell 4 ovanfor. Den einaste internasjonale/nasjonale lokalitet som ikkje er teke med er lokalitet Hjertøya/Fårøya (nr. 2) der vern etter Naturvernloven er rekna som urealistisk grunna menneskjeleg konflikt. Hjertøya/Fårøya ligg så nær Molde by og er eit hovudutfartsområde for båt i sommarhalvåret, nett den tida av året at hekkinga må skjemast. Dessutan er området stort (over 12 000 dekar) og er etter måten regulert ved at det eigast av Molde kommune og er byens friluftsområde.

Blant dei 82 lokalitetane er 3 lokalitar frå Smøla. Den eine av desse (Sortna) er ført vidare i verneplan Smøla medan Remman er føreslått teke med i marin verneplan. Skalmen er difor teke med i verneplan for hekkande sjøfugl som ein representant frå Smøla-naturen.

Teisten er i tilbakegang i fylket vårt og hekkinga sviktar. Vi har vald å plukke ut dei lokalitar der teisten hekkar. 6 lokalitar med 10-49 hekkande par (klasse 4) er plukka ut. Toppskarven er i tilbakegang i fylket vårt og hekkinga sviktar. Vi har vald å plukke ut dei lokalitar der topsskarven hekkar. Her er 4 lokalitar med 10-500 hekkande par (klasse 3 og 4) plukka ut. Lokalitar med store bestandar er viktige. Av desse har vi to lokalitar med 500 par og meir og av desse har vi teke med ein (Vindfarholmen), men ikkje Bjørnsund som er den andre. Bjørnsund er ikkje busett fast lenger, men er eit mykje brukt område med dei faste sommarbuarane der ute og dei tilreisande og vern etter naturvernloven er urealistisk. Samstundes har vi plukka ut 8 lokalitar som er verdivurert til klasse 3 som har ein aukande bestandsutvikling.

Dette fire lokalitar som heilt eller delvis er inne i to dyrelivsfredingsområde (tabell 4). Lokalitet Sandøya-Vattøya er delvis inne i Flø fuglelivsfredingsområde medan Eggholmen og Flørauden er heilt inne i fuglefredingsområdet. Lokalitet Lomstjønna/Hareidsmyra er inne i Grimstadvatnet fuglelivsfredingsområde. Desse fuglefredingsområda skulle vore vurdert på ny og revidert. I påvente av dette må nødvendigvis verneforskrifta for dei fire lokalitetane i verneplan for hekkande sjøfugl tilpassast verneforskrifta for fuglefredingsområda. Dette inneber at det blir jaktforbod i dei fire sjøfugl-lokalitetane.

Trass i desse prioriteringane er det likevel ikkje alle artar som blir like godt sikra i verneframlegget. Dette kan mellom anna ha med levemåte å gjere. Når det gjeld dei typiske fuglefjellsartane vil nær 100 % av bestandane i fylket bli vema. Dette gjeld havhest, havsule, toppskarv, krykkje, lomvi, polarlomvi, alke og lunde.

Andre måseartar [enn krykkje], samt ternene er også i varierande grad kolonihekkarar, men her vil berre 10-50 % av bestandane bli vema. Temene flyttar jamnleg mellom ulike koloniar, og talet kan variere noko. Ut frå bestandssituasjonen generelt, burde kanskje fleire temelokalitar vema. Fiskemåse og gråmåse har ofte koloniar i nærlieken av tettbygde strok der vema vil vere svært kontroversielt. Svartbaken er i større grad enn dei andre måsane solitær, og det vil vere vanskeleg å fange opp store delar av bestanden gjennom eit verneframlegg. Når det gjeld sildemåse og hettemåse vil i underkant av halve bestanden i fylket vere verna. Eksisterande verneområde på Runde dekkjer storparten av bestanden av storjo. Når det gjeld tjuvjo vil verneplanen truleg berre sikre få prosent av bestanden. For denne arten ar vårt datagrunnlag særslig dårlig. Tjuvjoen hekkar gjerne solitært, men tidlegare har ein kjent spreidde koloniar, mellom anna på Smøla.

Teist ein av dei prioriterte artane, men den er ikkje nokon utprega kolonihekkar, og det vil vere krevjande å fange opp større delar av bestanden enn dei 50 % som inngår i framlegget.

Havsvale og stormsvale er knytt til fuglefjella, men har eit spesielt levesett som gjer dei svært anonyme. Etter kva vi kjenner til dekkjer likevel verneframlegget storparten av bestandane.

Kva gjer vi med dei uprioriterte lokalitetane ?

For dei resterande 150 lokalitetane som har regional/lokal verneverdi er det førebels ikkje aktuelt å nytte naturvernlova for å beskytte dei. Her må omsynet til sjøfugl sikrast gjennom eventuelt anna lovverk. Utplukket av lokalitetar for hekkande sjøfugl kan vere problematisk for lokalitetar som tidvis er i bruk. Lokalitetar som har ein lav bestand, men som har potensiale til eller historisk har hatt ein stor hekkebestand blir i lite omfang fanga opp av verneplana. Dessutan vil ein sjølv om det her er gjeve eit bilet av kva som er dei viktigaste sjøfugllokalitetane gjennom ein lengre periode, ikkje sjå bort frå at nye lokalitetar kan kome til seinare. Verneplan for hekkande sjøfugl er snevert i form at ein i liten grad tek høgde for næringsgrunnlaget for sjøfuglen. Så med omsyn til sjøfugl generelt finn vi det påkravd å sjå sjøfugl utover dei 38 lokalitetane som er foreslått vema etter naturvernloven. Difor vil Møre og Romsdal fylke vurdere å lage ein rapport for sjøfugl i Møre og Romsdal ikkje berre på hekkelokalitetar, men der ein ser på sjøfugl generelt og som vil vere ein dokumentasjon på biologisk mangfald.

Tabell 4. Prioritering av lokalitetar for verneplan hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal. Dei gråe lokalitetane er dei prioriterte.

L.nr.	Omr.namn	A:Verdi	B:Smøla	C:Teist	D:T.skarv	E:Total	F: Areal (dekar)	G:Konfl.	H:Type	I:Vern
1	Vestadholmane	3				3	277	L	FH	
2	Hjertøya/F årøya	3		5		2	12107	S	FH/S	
3	Inngripan	3		4		3	4212	L	EH	MA
4	Grip	3		4	3	2	801	S	EH	MA
5	Vegsundholmane - Veibustholmen	2				3	586	S	FH	
6	Stokholmane og Drog	3				3	1091	S	FH/S	
7	Grimstadholmane/N austholmen	3				3	243	S	FH/S	
8	Gåseidholmane	3				3	41	S	FH	
9	Volsdalsholmane	3				3	55	S	FH	
10	Snegleværsholmen	3				3	37	S	EH	
11	Flugevågholmane	3		5		3	1732	L	EH	
12	Eggholmane - Lsjeholmen	2		5		3	4122	L	EH	
13	Riste	3		4	4	3	1431	L	FJELL	
14	Hallevatnet	3				3	82	L	VATN	
15	Nupafjellet	2				3	1294	L	FJELL	
16	Nykreimsholmen/-skjæ	3				3	208	L	FH	
17	Svinøya	2		5	4	3	5364	L	EH	
18	Muleneset	2		4	3	2	474	L	FJELL	
19	Runde fredningsområde	1		3	1	1	4764	L	FJELL	FF
20	Tjuvholmen	4				0	252	L	FH	
21	Notaholmen	3				3	305	L	FH/S	
22	Torvikholmane	3				4	514	L	FH	
23	Høymolskjeret	3				3	127	L	EH	
24	Grasøyane	2					2332	L	EH	AFZ
25	Sandøya - Vattøya	3			3		3357	L	EH	AFZ
26	Eggholmen	2		4		3	510	L	EH	AFZ
27	Flørrauden	3		4		3	798	L	EH	AFZ
28	Hjørnesmyrane/Risnes	3				1	236	S	MYR	
29	Lomstjønna - Hareids myra	3				3	78	S	MYR	AFZ
30	Grimstadvatnet	2				3	1030	S	VATN	NA
31	Vindfarholmen	3			2		620	L	FH	
32	Årsetøya	3		5		3	177	L	FHS	
33	Vikeskjeret	3				4	133	L	FH	
34	Lidaholmen	3				3	324	L	FH	
35	Yksnøya (Måsehaugane)	3				3	304	L	FH	
36	Lianesholmen	3				3	31	L	FH	
37	Raudøya nordside	2		5		3	1165	L	FHS	NA/LVO
38	Våtmyrholmen	3				3	71	L	FH	
39	Langevågholmane	3				3	841	S	FH/S	
40	Erkna	1		3	3	2	3489	L	EH	MA
41	Langholmen	3		4		3	862	L	EH	MA
42	Storholmen	2		4	4	3	1357	L	EH	
43	Alnesrauden	4				0	1282	L	EH	MA
44	Sætredalen	3			3		1081	S	FJELL	
45	Gjøsundholmen	2				2	1746	L	EH	
46	Måsehamrane	2		5	3	1	372	L	FJELL	
47	Haramsøya vestside	3		5	3	3	857	L	FJELL	
48	Kjepina	3		4		3	64	L	FH	
49	Husfjellet	3			4	2	58	S	FJELL	
50	Svetlingane	2		4	3	2	1974	L	EH	

L.nr.	Omr.namn	A:Verdi	B:Smøla	C:Teist	D:T.skarv	E:Total	F: Areal	G:Konfl.	H:Type	I:Vern
51	Rødholmen	3		4		3	737	L	EH	
52	Feøya	2		5		2	455	L	FH	
53	Holmsholmen	3		5		3	328	L	FHS	
54	Hestholm en	3		5		3	77	L	FHS	
55	Vistdalsholmen	3				3	34	L	FHS	
56	Prestholmen	2				3	78	L	FH	
57	Meløya	3				3	186	L	FHS	
58	Tautra, vest	2				3	2007	L	FH	
59	Sveltingen	2		5	4	4	267	L	EH	
60	Røssholmen – Skjela - Oterholmen	2		4	3	1	2325	L	EH	
61	Saltsteinen - Kløvningen	2				3	12054	L	EH	
62	Orholmen-Grøningen	2		5		3	4507	L	EH	
63	Bjørnsund	3		5		2	1988	S	EH	
64	Hegerskjera	3		5		3	1197	L	EH	
65	Tromskjera - Mannskjera	3		4		3	5406	L	EH	
66	Purkhol men	3				3	117	L	EH	
67	Mannsholmen	3				3	147	L	EH	
68	Orskjera	2		4	3	3	13852	L	EH	
69	Fugløya	3				2	247	L	FHS	
70	Kval våghol men	3				4	247	L	FH	
71	Kval våghol mane	3				3	173	L	FH	
72	Tveekreholmane	3				3	185	L	FH-S	
73	Kvithol men	3		5		3	272	L	FH	
74	Ansnesholmen	3				3	108	L	FHS	
75	Bøfjordholmane	3				3	351	L	FH/S	
76	Eidshol men	3				3	83	L	FH	
77	Ålfarskj eret - Nothol men	3		5		3	539	L	FH	
78	Skål vikhол mane	3				3	138	L	FH/S	
79	Skalmen		JA				19823	L	EH	
80	Remman		JA				20341	L		MA/SM
81	Hestøya						449	L		SM
82	Sortna		JA				7096	L		MA/SM

Klasseinndeling for kolonne A, C, D og E:

For A:Verdivurdering: 1=int.nas., 2=nasjonal, 3=regional, 4=lokal, 5=liten verneverdi

For C,D og E: Klasse: 1>1000 par, 2=500-999 par, 3=50-500 par, 4=10-49 par, 5= 1-9 par

*andre funksjonar enn hekkeområde er viktigare

Areaal (F): oppgjeve i dekar**Menneskelig konflikt (G): L=liten, S=stor****Områdetype (H):**

EH=eksponert holme m/ gras og urter, FH=fjordholmen m/gras og urter, FHS= fjordholme m/ skog

FH/S=fjordholme både med og uten skog

Myr=myrlodalitet, fjell=fjellomalitet (fastland), vatn=brakkvannsomalitet

Vernestatus (I):

MA= er med i gjeldende bruttoliste for marint vern, FF=fuglefredningsområde

NA/LVO=naturreservat/landskapsvernområde, AZF=dyrelivsfredningsområde

MI=midlertidig freda, SM=er med i forslag til verneplan Smøla

Val av verneform

I tidlegare kapittel er det omtalt dei forskjellige vernetypar-/former. For denne verneplanen foreslås det å benytte hovudsakleg naturreservat (jf. naturvernlova § 8) som verneform, men også nokre fuglelivsfredingsområde. Dette då naturreservat er den verneformen som best dekker verneformålet som er spissa til "viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv". Samstundes har ein lagt vekt på at verne formålet i så stor grad som mogleg må samsvarer med kriteriene for verne etter de aktuelle lover og hjemler. På dei lokalitetane der det er store friluftsinteresser og ein ikkje har greid å innpassa friluftsinteressene i føresegnene, har vi brukt fuglefredingsområde (jf. naturvernlova §§ 9 og 14) som verneform. Forskjellen på naturreservat og fuglefredingsområde ligg i § 3 punkt 4 i verneføresegnene som er til stades berre i naturreservat-føresegnene (sjå under).

Fredingsforskrift - mal

Malen for fredingsforskrifta for naturreservat:

Forskrift om vern av naturreservat i kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr.: .../... i kommune.

Reservatet er på om lag daa, av dette om lag ... daa landareal og om lag daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart i målestokk 1: , datert Miljøverndepartementet Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Vernereglar

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg og varige eller midlertidige innretninger, etablering av oppdrettsanlegg, hensetting av brakker o.l., opplag av båter, framføring av luftledninger, jordkabler og kloakkledninger, nyplanting, oppdyrkning drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsekvenser for miljøet, henleggelse av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Opplistingen er ikke fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsel på land i verneområdet.

5. Motorferdsel er forbudt, herunder start og landing av luftfartøy og lavflyging under 300 m. Vannsport, herunder bruk av vannskuter, surfbrett, seilbrett, vannski, paraglider o.l. samt dykkeaktivitet, er forbudt.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdelsen i heile eller delar av reservatet.
7. Bålbrænnung og bruk av grill er forbudt.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikke til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemde og tiltak som gjeld politi-, brannvem-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyretemakta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikke til hinder for:

3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
5. Fiske i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvannsfisk.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.
7. Beite, naudsynt ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og lignende. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredningsformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller deler av reservatet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyretemakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyretemakta kan gjøre unntak fra forskriften når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlige tilfeller når dette ikke strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan

Forvaltningsstyretemakta, eller den forvaltningsstyretemakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredningsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyretemakta

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyretemakta etter denne forskriften.

§ 9 Iverksetjing

Denne forskriften gjeld frå vedtaksdato.

Forslag til oppheving av eksisterande sjøfuglvern

I høve verneplan for sjøfugl finn vi det naturleg å gå igjennom eksisterande område som er verna av omsyn til sjøfugl. Dette gjeld 12 fyrstasjonar og fuglelivsfredinga av Aukraholmene, Flatholmen og Forholmen i Aukra kommune (tabell 5, vedlegg 1).

Pr. dato har vi tre kategoriar verneområde for sjøfugl i Møre og Romsdal. Den første kategorien er lokalitetar med dyrelivs- og fuglelivsfreding. Av desse er det Runde som er den mest kjende og som har dei mest interessante sjøfugl-ressursane. Dei to av desse lokalitetane som kjem i direkte konflikt med dei føreslegne sjøfugl-lokalitetane er Flø Dyrelivsfredingsområde og Grimstadvatnet Dyrelivsfredingsområde. Her vil verneforskrifta til lokalitetane Flørauden, Eggholmen, Sandøya-Vattøya og Lomstjønna-Hareidsmyra bli tilpassa eksisterande vern (sjå under desse lokalitetane lenger bak i rapporten). Så har vi 10 lokalitetar med fyrvern i fylket (sjå tabell 5 og vedlegg 1). Så har ei spesiell freding berre på Aukraholmen i Aukra kommune (sjå tabell 5 og vedlegg 1).

Etter oppstartmeldinga vart sendt ut oppheva Miljøvermendept. den 11.05.2004 det mellombelte vemet av Hallevatnet i Sande kommune, då denne lokaliteten ikkje lenger var med i vårt forslag til verneplan sjøfugl.

Tabell 5: Lokalitetar der vi vurderer å oppheve eksisterande vern, noverande vernestatus for desse og når dei vart verna.

Kode på kartet	Omr.namn	Verne status	Vernevedtak
A	Haugsholmen fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
B	Svinøy fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
C	Flåvær fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
D	Grasøyane fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
E	Lepsøyrev fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
F	Rødholmen fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
G	Ulla fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
H	Ona fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
I	Bjørnsund fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
J	Kvitholmen fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
K	Stavenes fyr	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 24. mai 1935
L	Aukraholmen m.fl.	Fuglelivsfredning	Vemet ved kgl.res av 12. feb. 1971


Forslag til nye sjøfuglreservater

Det blir føreslått vema etter naturvernloven 38 lokalitetar for verneplan hekkande sjøfugl (tabell 6). I vedlegg 2 er det laga ein samla oversikt over arealet.

Tabell 6: Føreslegne lokalitetar for verneplan hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal.

Rapp. nr	Kommune	Omr.namn	Totalareal (dekar)
3	Kristiansund	Inngripa	4214
4	Kristiansund	Grip	801
5	Ålesund/Sula	Vegsundholmane - Veibustholmen	355
12	Sande	Eggholmane - Lisjeholmen	3274
13	Sande	Riste	1568
15	Sande	Nupafjellet	1360
17	Herøy	Svinøya	539
18	Herøy	Muleneset	450
25	Ulstein	Sandøya - Vattøya	2007
26	Ulstein	Eggholmen	172
27	Ulstein	Flørauden	234
31	Volda	Vindfarholmen	52
40	Giske	Erkna	1007
41	Giske	Langholmen	717
42	Giske	Storholmen	406
44	Giske	Sætredalen	337
45	Haram	Gjøsundholmen	1824
46	Haram	Måsehamrane	176
47	Haram	Haramsøya vestside	978
48	Haram	Kjepina	64
49	Haram	Husfjellet	181
50	Haram	Svetlingane	1188
51	Haram	Rødholmen	438
52	Vestnes	Feøya	404
55	Nesset	Vistdalsholmen	127
56	Nesset	Prestholmen	84
58	Midsund	Tautra vest	1603
59	Sandøy	Sveltingen	149
60	Sandøy	Røssholmen-Skjela-Oterholmen	3405
61	Aukra/Sandøy	Salstein - Kløvningen	12082
62	Aukra	Orholmen - Grøningen	4174
65	Averøy/Eide	Tromskjera - Mannskjera	2712
68	Averøy/Eide	Orskjeran	10695
69	Frei	Fugleøya	261
75	Surnadal	Bøfjordholmane	334
76	Aure	Eidsholmen	84
79	Smøla	Skalmen	232

Oversiktskart over foreslatté og eksisterande verneområde for sjøfugl



I INNOMNE KOMMENTARER TIL OPPSTARTSMELDINGA OG LOKAL HØYRING – GENERELL DEL

I den følgande har vi prøvd etter beste evne å få fram dei merknadene som har kome inn etter oppstartsmeldinga juli 2003 og etter den lokale høyringa gjekk ut januar 2006. Vi har ikkje kunne refert alt innhaldet i dei innkomne merknadene, men dei delane vi meiner er dei vesentlege. I vedlegg 5 og 6 er det sett opp ein oversikt over dei merknader (referert til som doknr.) som har kome inn etter respektivt oppstartsmeldinga og den lokale høyringa. I vedlegg 7 er ein fullstendig oversikt over dei dokument som vedrører denne verneplansaken. Vi har vald å ta med alle skriftlege merknader uansett dei fristar vi har satt.

ÅLMENTA

OPPSTARTSMELDING:

Odd Roar Lange (e-post den 13. august 2003, doknr. 3)

MERKNAD

Odd Roar Lange kommer med eit innspeil til forslaget til heving av vemet for Ona fyr. Han viser til den økte turismen på Ona dei seinare år. Ona fyr er pr. i dag fuglelivsfredet og det er så vel for turarrangører og lokalbefolking lett å forklare turister at fuglelivet på øya ikkje skal forstyrast jfr. denne fredinga. Ved eventuelt bortfall av vemet på Ona fyr vil fuglelivet settes under sterkt skadeleg press og det blir betydeleg vanskelegare å få informert korttids-turistar om skadeverkningane ved t.d. borttak av egg, hensynsløs adferd. og lignande. Odd Roar Lange ber difor fylket om at ein unntar Ona fyr for opphevinga av fuglelivsfredninga.

VÅR VURDERING

Fredninga av fulgelivet ved mange fyr frå 1935 som ved Ona, var å frede fuglelivet ved fyra. Samstundes blei vernet gjennomført for å skjerme egg og dun frå ållmenta slik at berre fyrbetjeninga kunne utnytte den.

Ona fyr står på ei større øy Husøya der det bur om lag 30 fastbuande i dag. I eit steinbrot mot nord frå fyret hekkjer det nokre titals krykkje. Elles er fuglebestanden rundt fyret ikkje noko særskild utover den vanlege fauna.

Hekkande og ynglande vilt er freda ved sjølve viltlova. Dette lovverket er difor nok for å dekkje vemet av dei hekkande krykkjene ved fyret. I møte med Sandøy kommune har vi kommet fram til at kommunen vil skilte ved krykkjene og vise til fredinga som ligg i viltlova.

Turid Myrvang (brev m/kartvedlegg 11. sept. 2003, doknr. 19)

MERKNAD

Turid Myrvang, ein av bebuarane på Ona, seier at dei to holmane Røsholmen og Skjæla er svært viktige rekreasjonsområde for dei fastbuande på Ona. Dette blir nemnd under lokalitet nr. 60, Røsholmen – Skjæla – Oterholmen, seinare i rapporten.

Ho meiner at Sandskjeret som ligg ved badestranda ved gravplassen bør koma med i verneplanen grunna det rike fulgelivet der. Det same meiner ho om holmen Lisje-Kalven som ligg vest om fyret på Ona som var det einaste staden på Ona/Husøy at ternene hekka i 2003.

Krykkjeberget på fyrstasjonen hadde for første år på lenge fått fram ungar i 2003. Ho viser til at det var både steinkasting på fuglane og klatring av skuleklassar i fuglekolonien der i 2003. Ho meinte at det var leit at ein skal oppheve fredinga frå 1935.

VÅR VURDERING

Vi ser at det er interessante hekkingar av sjøfugl også på områder som ikkje er ført vidare i verneplan for hekkande sjøfugl. Men ut frå dei data vi sit på har ikkje holmane Sandskjeret og Lisje-Kalven så store verdi for sjøfugl at vi har teke desse med i verneplanen.

Hekkande og ynglende vilt er freda ved sjølve viltlova. Dette lovverket er difor nok for å dekkje vemet av dei hekkande krykkjene ved fyret. Som nemnd ovanfor har vi avtala med Sandøy kommune at kommunen vil skilte ved krykkjene og vise til fredinga som ligg i viltlova.

Per Husøy med fleire (brev 28. okt. 2003, doknr. 22)

MERKNAD

Per Husøy og 19 andre rettshavarar på Ona viser til at bestanden av stormåse (svartbak og sildemåse) har auka så enomt at det har skapt stor bekymring for folket på Ona-Husøy. Den auka bestand av stormåse har ført til auka press på bestanden av småmåse, teme og ærfugl slik at desse bestandane er på full veg nedover. Deira forslag er å plukke alle egg til stormåsen (alternativt stikke hull på eggna) slik at dei andre artane får overleve. Dette må gjerast over fleire sesongar.

VÅR VURDERING

Vi ser den store endringa som har skjedd på kysten ved at enkelte sjøfuglbestandardar veks medan andre minkar. Dette kan ha fleire årsakar. Vi kan ikkje tillate eggplukking av egg frå enskilde artar innan verneområda for hekkande sjøfugl utan at dette blir sett i samanheng. Vi har moglegheita til ein viss grad og styre utviklinga innan verneområda då i form av ein forvaltningsplan jfr. § 7 i verneforskrifta. Dette er noko ein må kome attende til når vernet er gjennomført og ein må vurdere eit alternativ skjøtselstiltak i verneområdet.

LOKAL HØYRING:

Ona – Husøy Vel (brev 5. mars 2006, doknr. 183)

MERKNAD

Ona-Husøy Velforening fastheld sitt standpunkt om at fuglelivsfredinga på Ona fyrstasjon må vidareførast. Dei viser til at på stasjonsområdet som utgjer nesten halve arealet på øya Ona, er det to konsentrerte lokalitetar for hekkande sjøfugl. Vidare viser dei til at dagens fuglelivsfreding gjer det enkelt å forstå og forklare tilreisande at fuglane må få vere i fred og vise respekt for området.

VÅR TILRÅDING

Vi ser ikkje anna enn at ved skilting ved krykkjeberget på Ona med henvising til viltloven, vil ein oppnå minst den positive verneeffekten på krykkjene som dagens fuglelivsfreding. Hekkande og ynglende vilt er freda ved sjølve viltlova. Dette lovverket er difor nok for å dekkje vemet av dei hekkande krykkjene ved fyret. Som nemnd ovanfor har vi avtala med Sandøy kommune at kommunen vil skilte ved krykkjene og vise til fredinga som ligg i viltlova.

Ronny Strandbø (e-post 15. mars 2006, doknr. 196)

MERKNAD

Ronny Strandbø er positiv til at lagar verneplanar for dyr og natur, men at ein må utforme verneplanen slik at vernet får forståing blant folk flest. Han peiker spesielt på

ferdselsforbodet som han meiner ikkje er nødvendig for å verne sjøfuglane. Vidare peiker han på at det blir feil når ein verner i grisgrindte strøk, men ikkje nær byane som Molde.

VÅR TILRÅDING

Vi har vald ut lokalitetane frå en sjøfugl-fagleg ståstad for å få verna representative naturtypar. Ferselsforbod er ein del av dette biletet, men vi har for nokre lokalitetar (deriblant i Sande kommune) der det er store friluftsinteresser løst dette opp og tillatt ferdsel også sommars tid.

ORGANISASJONANE

OPPSTARTSMELDING:

Noregs Jeger og Fiskerforening (NJFF) – avdeling Møre og Romsdal (e-post den 6. august 2003, doknr. 2)

MERKNAD

NJFF viser til utkast til verneforskrift (under Jakt, fiske og fangst) som følger oppstartsmeldinga:

Alt dyreliv, herunder hi- og reirplassar er verna mot skade og øydelegging. Nye dyreartar må ikkje førast inn. Bruk av skytevåpen er forbode når det ikkje er i høve lovlig jakt i perioden frå 21/8 til 14/4. Hundar skal haldast i band. Utsetting av vilt er forbode. Fangst av villmink i tråd med viltlova vil vere lov.

NJFF viser til viltloven:

§ 3. (fredningsprinsippet) Alt vilt, herunder dets egg, reir og bo er fredet med mindre annet følger av lov eller vedtak med hjemmel i lov.

NJFF seier at jakt, fangst og fiske er i utgangspunktet ikkje aktivitetar som utgjer nokon ussel mot naturgrunnlaget, flora eller fauna. Om verneformålet ikkje direkte tilseier behov for restriksjoner på slike aktivitetar, meiner NJFF at viltloven dekker behovet for artsvern. Poenget er at denne avklaringen må være klar i verneforskriften, f.eks ved en formulering som; Jakt er tillatt etter viltlovens bestemmelser. NJFF seier vidare at båndtvang for hund ikkje bør gjelde i samband med jaktuøvinga. NJFF seier at datogrensene vil skape problemer for utøvelse av seljakt. NJFF seier tilslutt at forskriftene må presisere at jakt på sel er tillatt etter gjeldende lovverk.

VÅR VURDERING

Vi har teke til følge NJFF sitt innspel om at verneforskrifta må endrast slik at jakt, fiske og fangst ikkje blir hindra. Dette har vi gjort ved å innføre § 4 punkt 4 og 5 som seier at det er tillatt med jakt og fangst i tråd med Lov om viltet og at det er tillatt med fiske i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvannsfisk.

Jakt på sel er tillatt etter gjeldande lovverk. I landstigningsforbudet i juli månad får konsekvensar for utøving av jakt på havert (jaka startar 15. juli), men vi reknar denne jakta for marginal og vil ha liten praktisk betydning.

NOAH – Sogn og Fjordane (brev motteke her 5. juli 2005, doknr. 143)

MERKNAD

NOAH – for dyrs rettigheter ber om at myndighetene innfører ekstraordinære tiltak for å sikre sjøfuglene i Nordsjøområdet. Dette bør innebære forbod mot all jakt, samt strenge vernebestemmelse i sjøfuglanelnes hekkeområder, både i forhold til alminneleg ferdsel, taretråling og nyetablette næringar, som sanking av strandsneglar. Dei viser til den massive sjøfugldøden som inntraff i 2004 og den feilslatte hekkingen som nå for andre år

på rad rammer sjøfuglene i Nordsjøområdet som hovudsakleg skyldast overfiske (sil). NOAH meiner at all sjøfugl må totalfredast.

VÅR VURDERING

Vi kan seie oss einige med NOAH at vi trur fiskeriene er den viktigaste menneskelege faktor som styrer sjøfuglbestandane og som styrer kor vellukka hekkinga er. Men med denne verneplanen er det vern av hekkeområde som er verkemiddelet og ikkje reguleringar av fiskeriene. Det er berre sjøfuglartar som tåler beskatning som blir jakta på. Vi ser på menneskets plass i naturen som ein del av naturen både i form av at vi ønskjer å vere der (utøve friluftsliv) og at vi påverkar bestanden til andre artar ved at vi et andre artar (jakt på jaktbare artar).

LOKAL HØYRING:

Møre og Romsdal Bondelag (brev motteke her 23. mars 2006, doknr. 217)

MERKNAD

Møre og Romsdal Bondelag meiner at vi må gjere følgande tilføyning under § 2 i verneføresegnene; "Vernet skal fremme landbruksdrift som sikrer verneformålet. Jfr. at et levende landbruk gjerne opprettholder et produktivt landskap."

Dei meiner vidare at det må gjerast tilføyningar under § 4 med; beitetilsyn med motorbåt, gjødsling, bruk av buehund, brønnetablering, tilleggssføring av utegangarsau, brenning av gras og lyng, motorisert beitepussing, punktsprøyting og oppattbygging av bygg/anlegg/kulturminne. Bondelaget seier til slutt at § 5 i verneføresegnene også må innehalde; Oppføring av nye bygningar til landbruksformål, næringsutvikling som ikkje strir med verneformålet, unntakslista er ikkje uttømmande og tillate skogreising etter en skjøtselsplan.

VÅR TILRÅDING

Når det gjeld merknaden knytt til § 2 (formålet) vil vi seie at verneformålet er knytt til hekkande sjøfugl som ein del av det biologiske mangfaldet. Vi ser at mange av lokalitetane som no er føreslege verna er avhengig av skjøtsel for at dei også i framtida skal vere interessant for hekking, men vi ønskjer ikkje å seie noko om primærmæringane influens på sjøfuglen under formålet i verneføresegnene.

Vi meiner at § 4 punkt 3 og 7 dekkjer det landbruksnæringa har av behov for å drive si næring innan vernelokalitetane. Når det gjeld § 5 (eventuelt unntak etter søknad) meiner vi dette blir dekkja av skjøtselstiltak knytt til § 7 i verneføresegnene (forvaltningsplan).

Skogselskapet Møre og Romsdal (brev av 30. mars 2006, doknr. 229)

MERKNAD

Skogselskapet stiller spørsmål om ferdselforbodet for holmar i indre fjordstrøk virkeleg er nødvendig. Dei meiner at dei områda der det er mange skjer og holmar å gå i land på har det liten konsekvens med ferdselforbodet sommarstid medan det motsatte er tilfelle der ein føresleg ferdselforbod på den einaste holmen som er i fjorden (til dømes Prestholmen og Vistdalsholmen). Skogselskapet meiner at artslista for desse holmane ikkje inneheld slike artar som er så trua og sårbar at slik regulering er påkrevd.

VÅR TILRÅDING

Vi ser at det er stor forskjell å legge restriksjonar på ferdsel sommarstid frå lokalitet til lokalitet. Vi har i verneplanprosessen motteke ein del merknader på dette og der det har vore mogleg utan å gå ut over sjøfuglinteressene, har vi teke omsyn til dette ved å lempa på ferdselforbodet. Dette går fram av vedlegg 4. Når det gjeld dei konkrete lokalitetene Prestholmen legg vi til grunn at det tradisjonelt aldri har vore ferdselfelder og at det heller ikkje lokalt er ønskje om det. For Vistdalsholmen har vi ikkje motteke noko ønskje lokalt om å lempa på ferdselforbodet sommarstid og finn difor ingen grunn til å endre føresegnene på dette punktet.

Noregs Jeger og Fiskerforening (NJFF) – avdeling Møre og Romsdal (brev av 1.april 2006, doknr.264)

MERKNAD

NJFF Møre og Romsdal tror at målet om å sikre viktige yngleområder for sjøfugl er viktig. Men avveginga i høve til befolkningas adgang til friluftsliv, herunder jakt og fiske, må vere konkrete i høve til verneinteressene. NJFF Møre og Romsdal er fornøgd med at fylket har teke omsyn til deira innspel under oppstartsmeldinga. Dei meiner at det er uforståeleg og ubegrunna at det skal innførast jaktforbod innan dei sjøfuglreservata som ligg innanfor dei eksisterande dyrelivsfredingar; Grimstadvatnet- og Flø Dyrelivsfredingsområde. Dei ber om unnta jakt på kystsel (havert) frå forbodet mot islandstigning då dette vil gje liten eller ingen konsekvens for hekkande sjøfugl. Dei meiner at punkt 5 og 7 i § 3 i verneføresegnene er alt for strenge og at dette ikkje tjener kyst-friluftslivet.

VÅR TILRÅDING

Vi følger argumentasjonen til NJFF når det gjeld jaktforboden og dei fire sjøfuglreservata som blir liggande innanfor område for dyrelivsfreding, men grunna ressursmangel vil ikkje dette bli teke med i denne omgang. Jakt på havert i vårt fylke er marginal og vi meiner difor at så lenge jakt på steinkobb blir tillatt som før, vil kystseljaka bli lite berørt av denne verneplanen. Vi har også teke omsyn til fylkeslaget sitt ønskje til å endra punkt 5 og 7 i § 3 i føresegnene slik at motorisert ferdsel på sjø framleis blir tillatt og at det spesifikke forbodet mot bålbranning og bruk av grill går ut.

Norsk Ornitologisk Forening (NOF) – avdeling Møre og Romsdal (brev av 26.april 2006, doknr.272)

MERKNAD

NOF har gått grundig gjennom planforslaget og har ei rekke merknader til prosess, til grunnlagsmaterialet, til planen sine hovudføremål, til utvalet av lokalitetar og til kva einskild lokalitet. Det er i tillegg fremma forslag om nye lokalitetar. NOF har ikkje gitt merknad til oppstartsmeldinga. Hovudkonklusjonen er formulert slik:

"Framlegget til verneplan for sjøfugl i Møre og Romsdal held ikkje fagleg mål og bør ikkje leggast til grunn for slutthandsaming i si noverande form. Vi finn derfor å måtte gå imot planen. Det burde vere unødvendig å legge til at vi finn dette sterkt beklageleg, særleg etter som utviklinga i sjøfuglbestandane, også i Møre og Romsdal, har vore sterkt negativ i nyare tid. Nettopp derfor er det og særdeles viktig at ein verneplan for desse fuglegruppene får ei form og eit omfang som vil kunne sikre tilfredsstillande område og vilkår for hekking. Planen må utvidast med minst dei 23 [red.mrk: namngitt i brevet] fjord-lokalitetar som NOF har lista opp i denne høyringa."

Innvendingane er presisert i 7 delpunkt:

1. Planen manglar klare delmål, spesielt bestandsmål. Dette gjer det uråd å vurdere planen i høve til måloppnåing både for regionale og nasjonale mål.
2. Som følgje av manglante delmål er det ingen vurdering av plan eller planbakgrunn i høve til Norges ansvar og plikter når det gjeld internasjonale avtalar og konvensjonar.
3. Utvalet av lokalitetar synest ikkje å vere vurdert i høve til geografisk fordeling.
4. Planen manglar oppdatering og vurdering av bestandstrendane for sjøfugl dei siste åra.
5. Utvalskriteria legg opp til skilnadshandsaming mellom sentrumsområde og utkantar, bygt på ei forventing om at folketettleik og friluftsaktivitetar er synonymt med konflikter.
6. For fleire område er avgrensingane lite i samsvar med fuglane sin bruk av områda. For nokre lokalitetar er viktige delar av hekkeområda kutta ut, for andre er område med liten verdi for fugl teke med.
7. Vernereglane for fleire av områda er dårlig tilpassa artsutval og funksjon. For enkelte område er det lagt unødig restriksjon på ferdsel.

NOF er tilliks med andre høyingspartar uroa over at sentral og lokal høyring blir gjennomført parallelt.

VÅR TILRÅDING

1 og 2: Verneplanframlegget byggjer på ein statusrapport for sjøfuglbestandane frå 1998. NOF har i svært stor grad medverka til datagrunnlaget for denne rapporten, som ut frå faglege kriterium rangerer 198 undersøkte sjøfugllokalitetar i fylket. 23 av lokalitetane er vurdert som nasjonalt eller internasjonalt viktige, mellom anna ut frå Norges ansvar og plikter når det gjeld internasjonale avtalar og konvensjonar. 19 av desse lokalitetane er inkludert i verneframlegget, dei fire andre er verna frå før.

Når det gjeld regionale mål medgir vi at det kan vere grunnlag for diskusjon om dette. Vi har valt å rette fokus mot koloniar som ut frå datagrunnlaget ser ut til å vere robuste i den forstand at talet på hekkande par samla er stort eller aukande. Kriteria er gjort greie for i verneframlegget.

I høyingsfråsegna presenterer NOF ei tabell som viser kva del av sjøfuglbestandane som inngår i verneområda. Sjølv om det ikkje konkreter vist til kva registreringar og datasett tabellen er basert på, finn vi grunn til å nytte desse opplysingane som grunnlag for eit avsnitt om bestandsmål i den generelle innleiringa til verneforslaget.

4: Vi har stor respekt for den faglege kompetansen og dei merknadene NOF kjem fram med i sitt høyingsnotat, og må medgi at NOF har rett i denne innvendinga. Vi skulle gjerne også ha nytta NOF sin feltkompetanse til å oppgradere datagrunnlaget. Av budsjettmessige årsaker har dette berre late seg gjere i nokre av lokalitetane på Nordmøre. I andre tilfelle kan det allereie eksistere nyare felldata som ikkje har vore etterspurt av oss. Vi vil likevel vise til arbeidet med kartlegging av naturtypar i kommunane. NOF har i mange tilfelle også medverka aktivt i desse rapportane, som er av nyare dato enn statusrapporten for sjøfugl. Innanfor dei lokalitetane NOF i sin merknad kommenterer særskilt, er det berre i få noko tilfelle vist til data som er nyare enn sjøfuglrapporten (sjå nedanfor).

6 og 7: I førebels rapport om naturtypar i Sande kommune (2005), er det oppgitt at raudnebbterme kan hekke på Frekøya (området Eggholmane-Lisjeholmen) grunna observasjon av aggressive individ i hekkesesong. Denne lokaliteten foreslår NOF å utelate i verneplanen. Vi er på det reine med at Storholmen nok er viktigare som hekkelokalitet, men denne vart teke ut etter oppstartmeldinga på grunn av stort konfliktnivå og at delar av holmen er regulert til turistføremål. Vi tilrår arealet som fuglelivsfredingsområde.

Når det gjeld Riste er det i Sande-rapporten gitt eit generelt oversyn over hekkande artar på Riste, men med tilvising til at bestandane har gått kraftig tilbake dei seinare åra. Rapporten konkludere med at koloniområda er intakte og har potensiale dersom bestandane igjen aukar. NOF foreslår å nytte verneforma landskapsvernområde på Riste, med reglar som verner koloniområda særskilt. Vi tilrår fuglelivsfredingsområde her.

Når det gjeld Nupafjellet foreslår NOF å redusere arealet til å gjelde sjølve toppen av fjellet og fjellsida mot nord ned til sjøen. Dette vil vere meir i samsvar med koloniane si utstrekning. Turstien til Nupatinden er ikkje problematisk dersom den blir merka godt og det er ferdsselsforbod i resten av arealet. Vi tilrår teke ut deler av området i vest/sydvest grunna at dette er innmark. Vidare tilrår vi at ferdelsen sommarstid kan skje som før på hovudturstien på toppen av Nupafjellet.

Når det gjeld Svinøya ber NOF særskilt om at denne lokaliteten må få høg prioritet. Vi viser elles til merknad frå Kystverket og firmaet 62° Nord. Vi tilrår her eigen driftsavtale med Kystverket her.

På Muleneset vil ferdsel fram til toppen av fjellet vere av liten betydning for hekkande sjøfugl. Vi tilrår tilpassing av turstien slik at ferdsel fram til toppen kan skje som før.

Lomstjønna-Hareidsmyra bør etter NOF si vurdering klassifiserast høgare no enn i 1998. Alle fem måseartane hekker her, år om anna også ternene. Bestandene har auka sidan 1998. Dette er i samsvar med naturtypekartlegginga i Hareid kommune (rapport 2004). Lokaliteten er svært konfliktfyllt grunna utbyggings- og landbruksinteresser. Vi viser til merknader frå Hareid kommune og vår vurdering av desse. Vi tilrår å ta industriområdet ut av verneplanen.

NOF foreslår å ta Vindfarholmen i Volda ut av planen fordi det ikkje lenger hekkarsjøfugl der. Naturtypekartlegging Volda (førebels rapport 2004) peikar på Vindfarholmen som svært viktig på grunnlag av registreringane i 1998-rapporten, og kan ikkje vise til nyare data. Dette viser kva problem som oppstår på grunn av dynamikken i sjøfuglbestandane. På grunnlag av potensialet holmen har som hekkelokalitet, og på grunnlag av at denne typen lokalitetar er dårleg representert vil vi oppretthalde forslaget om vern. Det må vurderast om skjøtsel er påkraud for å oppretthalde kvalitetane.

NOF tilrår at ein på Erkna etablerer eit system for å kanalisere ferdsel (gangstigar), slik at ferdelsforboden ikkje er totalt. Vi tilråre eigen driftsavtale med Kystverket her.

I dei lokalitetane som har hekkande skarv rår NOF til at ferdelsforboden gjeld frå 1 april. Begge skarveartane kan legge egg allereie i mars, og er var for uroing på hekkeplassen. Dette gjeld lokalitetane Grip, Muleneset, Flørauden, Erkna, Storholmen, Måsehamrane, Husfjellet, Svetlingane, Sveltingen, Røsholmen-Skjela-Oterholmen, Saltssteinen-Klovningen og Orskjeran. Vi finn ikkje å imøtekome dette og tilrår ferdelsforbod frå 1. mai.

Det er i merknaden frå NOF elles teke til orde for å inkludere nye lokalitetar, dels på grunn av at fjordstroka er dårleg representert, dels på grunn av artar som er dårleg representerte og som no hekker i desse lokalitetane. Det er av prosessuelle årsaker ikkje aktuelt å inkludere nye lokalitetar i dette stadiet av verneprosessen.

3: Med utgangspunkt i utvalskriteria (sjå ovanfor) er det ikkje teke særskilt omsyn til den geografiske fordelinga.

5: Merknaden spesifiserer ikkje konkret kva lokalitetar som er meint, men ut frå formuleringar i verneframleggelsen vil vi tru at det gjeld Moldeholmane og Bjørnsund. For Moldeholmane sin del er grunnlagsmaterialet summarisk, og det er ikkje spesifikt gjort greie for kva holmar som har hekkehull eller ikkje. Vi har med andre ord ikkje grunnlag for å foresla meir spesifikke vermegrenser med utgangspunkt i datagrunnlaget. Dette ville vi kunne gjøre med utgangspunkt i nye feltundersøkingar. For Bjørnsund gjeld noko av det same. Det er særskilt vist til Moøya (fyret), Bjørnøya og hamnene, men med unntak av krykkja i hamneområda er det ikkje nemnt kva artar og tal tilvisingane gjeld.

For Moldeholmane gjeld elles at området allereie før siste krig vart innløyst av det offentlege (kommunen) nettopp med sikte på friluftsliv. Vi kan ikkje sjå at dette utan vidare kan parallelle førest med andre lokalitetar, der friluftsinteressene likevel er vurdert som eit resultat av høyingsrunden.

Naturvernforbundet Møre og Romsdal (e-post av 27.april 2006, doknr.274)

MERKNAD

Naturvernforbundet Møre og Romsdal ønskjer verneplanen for sjøfugl velkommen. For Naturvernforbundet er sjøfuglverneplanen viktig i seg sjølv. Dei viser til den kritiske tilstanden opplista sjøfuglarter på norskekysten er i. Sviktande næringstilgang, auka taretråling, ferdsel på hekkeplassane, giftutslepp og oljeutslepper trugsmål mot sjøfuglane våre. I tillegg kan vi få vindmøller som bokstaveleg talt gjer innhogg i sjøfuglbestandane. Dei viser til at vindkraftanlegg som no er under vurdering vil i stor grad bli plassert i konflikt med områder som inngår i forslaget til verneplan.

VÅR TILRÅDING

Slik vi har oppfatta situasjonen er det tre konkrete lokaliteter i verneplanen som i direkte berøring med planane om vindmøller i fylket. Det er Orskjera, Tromskjera-Mannskjera og Storholmen.

TARETRÅLINGSNÆRINGA

OPPSTARTSMELDING:

Taretrålfiskernes forening (brev den 1. sept. 2003, doknr. 4)

MERKNAD

Taretrålfiskernes forening ser fram til arbeidet med verneplanen med en viss uro for deres næring. Dei viser til Stortingets behandling av stortingsmeld. Nr. 43 "Vern og bruk i kystsona" og då spesielt til at vernet ikkje skal vere strengare enn det som er nødvendig for å sikre verneverdiane. Taretrålfiskerne forutsetter at dei føreslegne vernelokalitetane i Møre og Romsdal berre omfattar sjølv skjeret/holmen, og at det ikkje i tillegg gjeld eit sjøareal som strekker seg rundt og utover sjøen frå skjeret/holmen. Dei håper at det blir ein gjennomgang av dei føreslegne verneområda der det blir dreve taretråling der taretrålfiskernes forening får vere med.

FMCBioPolymer (brev den 9. sept. 2003, doknr. 14)

MERKNAD

FMC BioPolymer ber om at alle verneplanar blir samordna slik at tarenæringa ikkje får ha ustrekkelege innskrenka stykkevis og delt. Vidare må forholda leggast slik til rette at det ikkje kvart år må søkast om omfattande dispensasjonar. Vidare viser dei til stortingsmeldinga om vern og bruk der eit hovudelement er å kombinere vern og bruk betre enn tidlegare. FMC BioPolymer føresleg tidsvindu (hausting kvart 5 år) som ein god måte å kombinere vern og bruk på. FMC BioPolymer har registrert at dei ulike verneforskriftane som berører tarenæringa langs kysten ikkje er skikkeleg tilpassa forholda i sjø.

Taretrålfiskernes forening (brev den 22. feb. 2004, doknr. 37)

MERKNAD

Taretrålfiskernes forening meiner at det er vanskeleg å gje noko eksakt uttale om skade, dokumentert tap ut i frå dei kartskissene dei fekk tilsendt (oppstartsmelding utsendt til retthavarne 14.01.2004). Dei ber om at karta må vere meir presise og ha referansepunkt eller vere sjøkart i målestokk 1:25000. Dersom det ikkje taretråling blir tillate innanfor vermegrensene, må det bli tale om store ertatningar. Dette då det årleg blir hausta 80-90.000 tonn tare i fylket. Dersom store delar av dette haustekvantumet fell vekk, går dei ut i frå at grunnlaget for tareindustrien om nytter tare som råstoff, også fall vekk. Elles støttar dei fiskeridirektoratets syn at bruk av tidsvindu som verkemiddel når vern og bruk skal kombinerast. Taretrålfiskernes forening meiner at det ikkje er noko hinder for vern at ein kan hauste tare i eit verneområde i ein kort periode kvart 5. år, og då utanfor hekketida til sjøfuglen, 01.05-01.08.

FMCBioPolymer (brev den 20. sept. 2005, doknr. 146)

MERKNAD

FMC BioPolymer legg fram ein klassifisering av alle dei føreslegne vernelokalitetane med omsyn til taretrålingsverdi. Deira sikt mål er å innføre tidsvindu på dei viktigaste lokalitetane og opne opp for eit strengare vern i områda med mindre betydning for næringa. Tarenæringa forventar at denne klassifiseringa blir lagt til grunn allereide ved utforminga av forslag til forskrifter som blir sendt ut på høyring.

Taretrålfiskernes forening (brev den 26. okt. 2005, doknr. 147)

MERKNAD

Taretrålfiskernes forening vil understreke at den klassifiseringa av verneområde som blei gjort på møtet 16.09.2005, der det i verneområde som er store og verdifulle tarefelt, blir innført eit tidsvindu i tarehaustinga, og at felt som har liten verdi for tarenæringa, får eit strengare vern.

VÅR VURDERING

Vemeforskrifta seier i §3 punkt 1 at "All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging." Vi har i møte med taretrålarne i 19.05.2005 og den 16.09.2005 gått gjennom verneplanprosessen og dei einskilde lokalitetane og registrert tarenæringens interesser. Ut i frå dei opplysninga vi har fått frå taretrålarne har vi registrert at det er taretrålingsinteresser i 21 av dei 38 føreslegne lokalitetar. Vi meiner at desse lokalitetane utgjer ein marginal del av det arealet som det er mogleg å drive taretråling på i vårt fylke. Samstundes meiner vi at tareskogen er eit vesentleg element i fuglanes levesett og difor må vernast mot inngrep.

I St. meld. Nr 43 (1998-99) seiast det konkret om naturreservat at dersom verneformålet er er knyttet hovudsakleg til sjøfugl, bør taretråling tillatas. Vidare står det at i skarv- og teistkoloniane bør ein av føre-var hensyn vere spesielt varsom med å gje løyve til taretråling av omsyn til negative effektar taretrålinga kan ha på fuglane. Generelt viser tellingane dei seinare år ein nedgang i teist- og toppskarvbestandane. Vi har i denne verneplanen sett spesielt på dei teist- og toppskarvkoloniane i fylket som har ein viss storleik. I 9 av dei 38 føreslegne verneområda er det store bestandar (klasse 3: 50-500 par fugl) av anten teist og/eller toppskarv (sjå tabell 5). På bakgrunn av den negative bestandsutviklinga nasjonalt og i fylket, føresleg fylket å ha taretrålingsforbod heile året i desse 9 lokalitetane. I dei 16 lokalitetane der taretrålarane ikkje har interesse føresleg vi taretrålingsforbod heile året. I dei resterande 13 lokalitetane føresleg vi at det blir opna for taretråling i perioden 1. aug. til 30. april.

Det er førebels vanskeleg å trekke sikre konklusjonar om effekten av taretråling på sjøfugl. Ein veit at skarv og teister avhengig av tareskogen som næringskjelde. Enkelte granskningar tyder på at skarven treng ein radius på nærmere 20 km for å skaffe mat til ungane sine, og at teist bør ha minst 2 km. Desse granskningane tilseier at ein må vere særleg merksam på effektar taretråling kan føre til i fjørfellingsområde og i skarv- og teistkoloniar. Ærfugl og andre havdykkender nyttar også tareskog delar av året. I tillegg til ein lokal reduksjon av mattilboden for desse artene, vil tråling kunne forstyrre hekkande, overvintrande og fjørfellande sjøfugl.

Når det gjeld presisjon på karta og deira manglar på maritime variable må vi seie oss einige med taretrålarne, men diverre har vi ikkje betre kart tilgjengelege på fylket.

LOKAL HØYRING:

FMCBioPolymer (brev den 3. mars 2006, doknr. 206)

MERKNAD:

Merknaden er omfattande og inneholder både generelle og spesifikke moment. Den viser til tidlegare korrespondanse og møte mellom FMC BioPolymer og Møre og Romsdal fylke. Hovudinnhaldet i merknaden kan samanfattast punktvise.

1. Kartgrunnlaget er for dårlig og gir ikke det reelle bildet av det faktiske restriksjonsnivået i sjøarealet. Ein ønsker synfaringar for å klargjere dette.
2. Det er uheldig at lokal og sentral høyring blir gjennomført parallelt. Viktige lokale innspel ville vore klargjerdande for sentrale høyringspartar.

3. Restriksjonsnivået i verneframlegget er i strid med nasjonale politiske retningsliner og mål. Det blir vist til St.meld. Nr 43 (1998-99) om "Vern og bruk av kystsona" med flere relevante sitat. Det blir vist til at Stortinget har gitt støtte til følgjande fråsegn frå Stortinget sin næringskomite: "...at det må legges økt vekt på å kombinere vern og ressursutnyttelse basert på bærekraftighet også i vedtatte verneområder". Det blir også vist til nasjonal forvaltingsplan for tang og tare som vart handsama i Fiskeridepartementet i 2000: "...Det er til nå ikke påvist at tarehøsting representerer uakseptable eller irreversible skader på andre organismer eller på økosystemer".

4. FMC BioPolymer hevdar at relevant ny kunnskap om taretråling ikkje blir absorbert i miljøforvaltinga. Det blir særskilt vist til to rapportar frå Norsk Naturinformasjon (NNI) vedrørande samanhengen mellom taretråling og sjøfugl i Sogn og Fjordane. Det blir også vist til undersøkingar ved Havforskinsituttet med følgjande sitat: "Den effekten av taretråling på tettleik og fordeling av fisk som vi har kunna visa gjennom dette forsøket må seiast å vere liten". FMC BioPolymer konkluderer på dette grunnlaget med at det er heilt andre faktorar enn taretråling som regulerer sjøfuglbestandane, og avviser kategorisk at toppskarv og teist er avhengig av tareskog som næringskjelde. Dei meiner at det her ikkje ligg ein sakleg dimensjon i grunnlaget for å nytte eit føre-var-prinsipp.

5. Det er knytt kommentarar til verneomfanget, med særskilt referanse til følgjande lokalitetar: Remman, Orskjera, Saltsteinen-Klovningen, Røsholmen-Skjela-Oterholmen, Erkna, Grip, Svetlingane. Dersom det blir forbod mot taretråling i alle dei foreslalte areaala vil reduksjonen i haustevolumet tilsvare den årlege drifta for ein av i alt tolv taretrålarar (i landet). At nokre av areaala ligg svært nær taremottaket på Steinshamn kan bety at dette blir lagt ned.

6. Det er foreslått å innføre tidsvindu for tråling, slik at vernet kun er knytt til hekketida.

Taretrålfiskernes forening (brev den 31. mars 2006, doknr. 246)

MERKNAD

Merknaden har 4 punkt; alle er av generell karakter og ikkje knytt til einskild lokalitetar. Dei fem punkta er som følgjer:

1. Kartmaterialet i verneplanframlegget er for dårlig i forhold til interesser i sjøareaala, og grensene synest vilkårleg sett.
2. Det blir vist til Stortingsmelding om vern og bruk i kystsona og følgjande formulering: "Vernet skal ikkje vere strengare enn det som er naudsynt for å sikre verneverdiane". Ein meiner at taretråling kvart 5. år utanom hekketida ikkje vil vere i strid med verneføremålet.
3. Det blir vist til at "andre skal få lov til å gå i land på holmane i hekketida". Dette blir opplevd som diskriminering av taretrålarane.
4. Verneplanframlegget er negativt for økonomien i alginatnæringa.

Foreninga konkluderer med at det må vere rom for taretråling utanom hekketida jamfør haustingsfrekvensen kvart femte år, og at dette ikkje er til skade for sjøfugl.

VÅR TILRÅDING

Også i oppstartmeldinga vart det gjort merknad til kartmaterialet. Vi er samde med taretrålarane i denne merknaden og seier oss leie for at det ikkje har vore mogleg å utabeide betre kartgrunnlag. Grensene er likevel koordinatfesta, og kan såleis overførast til andre kartgrunnlag. Grensene er forsøkt sett slik at verneområdet dekkjer dei nærmeste gruntområda kring hekkelokaliteten.

Merknad 3 gjeld truleg § 4 om generelle unntak i verneføresegnene. Det er i tilfelle landbruksnæringa som har ein slik rett som det blir vist til i merknaden, og det er i dei fleste tilfelle avgrensa til beitebruk. Grunnlaget for desse unntaka er at den tradisjonelle beitinga ikkje er i strid med verneføremålet, men snarare har medverka til å oppretthalde vegetasjonstilhøve som er gunstige for sjøfuglen. Dei andre unntaka gjeld skjøtsel og tilsyn i regi av vernestyremaktene, samt oppgåver av tryggingsmessig karakter (oljevern, politi m.v.).

Merknad 4 må takast opp til vurdering saman med andre erstattingssaker etter at vernet er gjennomført, jamfør også Naturvernlova Kap. VII.

Når det gjeld punkt 2 og konklusjonen, viser til til vår vurdering av merknaden frå FMC BioPolymer. Vi viser også til merknader og vurderingar i samband med oppstartsmeldinga.

Våre vurderingar

1: Ein må med rette medgi at kartgrunnlaget er dårlig. Ikkje mindre er likevel alle grenser koordinatfesta. Dei er såleis direkte overførbare til andre kartgrunnlag. Likeeins er storleiken på sjøarealet i vemeframleggget opplyst i tabell. Dette kan haldast saman med totalt tareskog og totalt areal i trålsone.

2: Vi registrerer merknaden, men dette er avgjort utan vår medverknad.

3: Vi erkjende med dei nasjonale føringane som er lagde i Stortingsmeldinga om vern og bruk av kystsona. Der er elles også andre nasjonale mål og interasjonale forpliktingar i naturvempolitikken. Fleire av artane i vemeplan for sjøfugl er nasjonale ansvarsartar eller raudlisteartar. Vi viser i tillegg til Kongeleg resolusjon 7 oktober 2005 vedrørende sjøfuglreservat i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Her er verneføresegnene gjennomgått og endra jamfør St.meld 43. Frå naturvernståstad er omsynet til teist og toppskarv vektlagt særskilt, og det er i tillegg lagt vekt på områda sin kvalitet som myteområde for sjøfugl. Det er også lagt til grunn ei regional forvaltingsplan for tare. Slik plan er førebels ikkje vedteken for Møre og Romsdal. Den regionale arbeidsgruppa har levert sitt forslag til Fiskeridirektoratet sentralt.

4: Det er ikkje reist tvil om behovet for vern av sjøfuglbestandane. Spørsmålet her er om taretråling er i strid med verneføremålet eller ikkje. Stortingsmeldinga det er vist til har ikkje eintydig konkludert i dette spørsmålet. Det er særskilt vist til skarv- og teistkoloniar i denne meldinga. I etterkant er det gjort nye undersøkingar, mellom anna dei rapportane FMC BioPolymer viser til. Rapportane frå NNI konkluderer med at det er lite sannsynleg at taretråling har verka negativt på sjøfuglbestandar i Sogn og Fjordane. Teist og toppskarv er undersøkt særskilt. Det er utvilsomt rett at sjøfuglbestandane er negativt påverka av ei rekke andre (og truleg viktigare) faktorar enn taretråling, men andre undersøkingar viser at samanheng med taretråling ikkje kan utelukkast.

Som oppvekst- og leveområde for viktige byttedyr, og ikkje minst som dominerande for primærproduksjonen innan si utbreiing, har/er tareskogen ein nøkkelfunksjon i eit økosystem der også sjøfugl er deltakar.

Vi vil vise til ein rapport frå Norsk institutt for vannforskning (NIVA rapport LNR 5150-2006) som gjeld undersøkingar på Mørkysten (Nordøya). Undersøkinga er eit GIS-basert modellertimatt basert på hausteststatistikk og eksisterande kunnskap om tareskog og taretråling. Modellen syner at dei områda som er direkte påverka av hausting får ein samla reduksjon av primærproduksjonen på 45 % gjennom ein tiårsperiode (gitt hausting kvart femte år). Tilhøyrande sekundærproduksjon i taren sine festeorgan (hapterfauna) vert tilsvarende redusert med omlag 67 %. For epifyttfloraen (pågroande alger) er reduksjonen nesten total, kring 98 %. Effekten av taretråling er med andre ord betydeleg i lokal skala, men sidan det påverka arealet er lite i forhold til totalt tilgjengeleg tareskogsareal, er effekten i stor skala truleg liten.

Om taretråling er i strid med vern av hekkande sjøfugl vil derfor vere eit spørsmål om lokalisering og omfang i småskala, og ikkje berre summarisk. Føre-var-argumentet er nytt i erkjenning av manglande kunnskap om korleis hekkande sjøfugl nyttar næringsareal kring hekkeplassen. Det er igjen naturleg å vise til Kgl. res om sjøfuglvern i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. I motsetnad til NNI-rapportane nemnt ovanfor, utelukker ikkje fylkesmannen i Sogn og Fjordane at det kan vere samanheng mellom taretråling og bestandsreduksjon av toppskarv i nokre av vemeområda.

5: I kjølvatnet av oppstartsmeldinga vart taretråling inkludert i dei generelle unntaksreglane (§ 4 i verneførersegnene) i 13 lokalitetar. I 16 lokalitetar er det ikkje registrert interessekonfliktar. I resterande 9 lokalitetar vart forbod mot taretråling oppretthalde trass i interessekonflikt med taretrålarane. Seks av desse lokalitetane har etter næringa sine eigne vurderingar svært stor verdi. Dette er Grip, Erkna, Svetlingane, Røsholmen-Skjela-Oterholmen, Saltsteinen-Kløvningen og Orskjera.

I dei to sistnemnde lokalitetane er arealet av sjø i verneframleggget etter måten stort; 11,9 km² og 10,5 km² respektive. Tilsvarande femner Grip og Erkna mindre enn 0,7 km². Svetlingane og Røsholmen-Skjela-Oterholmen ligg imellom med 1,4 km² og 3,2 km². Vi har forståing for at forbod i dei største lokalitetane kan ha negative effektar i høve til einskildfarty og taremottak. Alle dei seks lokalitetane har hekkande toppskarv. Talet på par er likevel etter måten lite på Saltsteinen-Kløvningen. I denne lokalitetten er det heller ikkje i grunnlagsmaterialet påvist hekkande teist, sjølv om arten nok kan hekke der. I og med at planen elles femner storparten av fylkets totale toppskarvbestand, finn vi å kunne opne for taretråling i dette området. I dei andre lokalitetane foreslår vi å oppretthalde forbodet.

Når det gjeld Remman på Smøla, er dette området inkludert i ein annan verneprosess, og blir såleis ikkje vurdert her.

Når forvaltingsplan for tare er godkjent, og etter ei nærmere undersøking av bestandstilhøva i dei aktuelle lokalitetane, bør det kunne vere aktuelt med ei revidering av føresegnene, jamfør prosessar i dei tre vestlandsfylka. I samband med dette er det også naturleg med synfaringar i dei ulike områda.

KOMMUNANE

LOKAL HØYRING:

Herøy kommune (brev den 5. sept. 2003, doknr. 6)

MERKNAD

Oppstartsmeldinga var oppe til handsaming i nemnd for vilt, innlandsfiske og friluft i Herøy kommune i møte den 27.08.2003 og følgande vedtak blei fatta: "Nemnda tek meldinga om oppstart av verneplan for hekkande sjøfugl, til vitande, men er betenkta over at grunneigarane i gjeldande område ikkje ser ut til å vere involvert i oppstartfasen."

VÅR VURDERING

Vi har teke merknaden til følge og sendte den 14.01.2004 ut oppstartsmelding til alle rettshavarar. Vidare holdt vi våren 2004 oppstartsmøte med alle berørte kommunar og rettshavarar til verneplanen.

Ullstein kommune (brev den 5. sept. 2003, doknr. 7)

MERKNAD

Oppstartsmeldinga var oppe til handsaming i Ullstein viltnemnd i møte den 04.09.2003 og følgande vedtak blei fatta: "Nemnda tek meldinga om oppstart av verneplan for hekkande sjøfugl, til vitande, men stiller spørsmål med i kor stor grad grunneigarane i gjeldande område er involvert i planprosessen, og kva innverknad vernet får for utnytting av deira rettighetar i området. Nemnda stiller krav om at grunneigarane i området må få meldinga til høyring før planarbeidet settes i gang."

VÅR VURDERING

Vi har teke merknaden til følge og sendte den 14.01.2004 ut oppstartsmelding til alle rettshavarar. Vidare holdt vi våren 2004 oppstartsmøte med alle berørte kommunar og rettshavarar til verneplanen.

Eide kommune (brev den 9. sept. 2003, doknr. 8)

MERKNAD

Eide kommune ved planutvalet hadde oppstartsmeldinga oppe i sitt møte 08.09.2003 og hadde ingen merknader på dåverande tidspunkt.

Giske kommune (brev den 3. sept. 2003, doknr. 11)

MERKNAD

Med fullmakt frå landbruksnemda i Giske kommune kom det ei førebels uttale. Kommunen ønskjer meir dokumentasjon på kvifor områda i vår kommune er med i denne planen. Dei meiner at det må givast meir og betre informasjon til både innbyggjarane og folkevalde om desse fredningane frå fylket si side. Dette for at det skal bli mogleg å kunne forstå grunnlaget for desse.

VÅR VURDERING

Vi meiner at med den dokumentasjon som ligg føre skulle det vere tilfredsstillande dokumentasjon for vernet. Vi har frå fylket sendt informasjon om verneplanen gjennom brev til kommunane og rettshavarane og halde møte med desse også i Giske kommune. Vi stiller oss opne for å halde fleire informasjonsmøte i høringsrunda no om Giske kommune ønskjer det.

Ørsta kommune (brev den 8. sept. 2003, doknr. 13)

MERKNAD

Naturforvaltningsnemda i Ørsta kommune viser til at Lianesholmen er ein viktig kvileplass m.v. for sjøfugl, og ber fylket vurdere lokaliteten i samband med verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal.

VÅR VURDERING

Vi har vurdert Lianesholmen for verneplan for hekkande sjøfugl, men har ikkje funne hekkeregistreringane gode nok til å ta den vidare i verneplanen.

Sande kommune (brev den 11. sept. 2003, doknr. 15)

MERKNAD

Landbruksetaten i Sande kommune påpeiker viktigeita av at dei næringsinteressene og aktiviteten som er i dei tre føreslegne verneområda i dag, kan oppretthaldast og ha spelrom og i framtida. Kommunen viser til at det er grunneigarar som har teke kontakt med kommunen for å vite om deira eigedom kjem inn i eit evnt. Vemeområde.

Kommunen føreset at det blir køyrt ein open planprosess der det blir gjeve informasjon og halde god dialog med alle aktuelle grunneigarar.

VÅR VURDERING

Vi har teke merknaden til følge og sendte den 14.01.2004 ut oppstartsmelding til alle rettshavarar. Vidare holdt vi våren 2004 oppstartsmøte med alle berørte kommunar og rettshavarar til verneplanen.

Sande kommune (brev den 26. feb. 2004, doknr. 44)

MERKNAD

Sande kommune påpeiker at utsendt adresselista ikkje var riktig slik at fleire rettshavarar ikkje fekk oppstartsmeldinga før 14. feb. (høringsfrist sett til 27. feb. 2004). Elles er fleire rettshavarar ute på fiske og kommunen bad difor om utsett uttalefrist til 1. mai. 2004.

VÅR VURDERING

Vi har teke merknaden til følge og utsett fristen for uttale frå rettshavarar i Sande kommune til 1. mai 2004.

Sande kommune (brev den 27. mai. 2005, doknr. 132)

MERKNAD

Sande kommune ved formannsskapet ser med stor uro, og kan ikkje akseptere at sentrale mynde går ut med omfattande verneframlegg for sjøfugl som etter kommunen sitt skjøn vil medføre vesentlege negative verknader for utsette lokalsamfunn. I utkantsamfunn som

Sande kommune kan det ikkje på nokon måte tolererast at offentlege instansar legg hindringar i vegen for lokalt næringsliv og gode brukarar for innbyggjarane.

VÅR VURDERING

Vi ser at spesielt ferdselforbodet sommarstid i utkastet til verneplan kan verke negativt inn på friluftslivet og brukarar for innbyggjarane i Sande kommune. Difor har vi tenkt i hekkesesongen 2006 og sjå nærmare på lokalitetane Eggholmane-Lisjeholmen og Riste for å sjå om vi kan gjere noko med arronderinga av lokalitetane.

Hareid kommune (brev den 27. aug. 2003, doknr. 21)

MERKNAD

Vilt- og innlandsfiskerenemda i Hareid kommune ber om nærmare orientering og kartfesting av kva for område som er aktuelle med lokalitet Lomstjønna-Hareidsmyrene.

VÅR VURDERING

Vi har teke merknaden til følge og sendte den 14.01.2004 ut oppstartsmelding til alle rettshavarar med detaljert kart. Vidare holdt vi våren 2004 oppstartsmøte med alle berørte kommunar og rettshavarar til verneplanen.

Haram kommune (brev den 29. jan. 2004, doknr. 25)

MERKNAD

Jordbruksjefen i Haram gjer merksame på at eigarlista innheldt ein del feil.

VÅR VURDERING

Vi har teke merknaden til følge og sendte ut oppstartsmeldinga også til dei rettshavarane som vi ikkje hadde oversikt over ved vår utsending 14. jan. 2004.

Friluftsrådet for Ålesund og omland (brev den 5. okt. 2004, doknr. 124)

MERKNAD

Friluftsrådet er opptatt av at friluftsinteressene blir tekne så godt vare på som mogleg i samband med verneplanen. Dei viser til at 13 av lokalitetane ligg i friluftsrådet sitt område. Friluftsrådet viser til at det eksisterar turstiar inn i fleire av lokalitetane og meiner at moglegheitene for ferdsel og opphold i desse områda må bestå. Vidare viser dei til at fleire av øyene som er med i verneplanen er viktige båtfartsområde. Friluftsrådet meiner i utgangspunktet at moglegheitene for ilandstigning og opphold må bli oppretthalde for desse områda.

VÅR VURDERING

Vi ønskjer på lik line som friluftsrådet, at friluftsinteressene blir teke vare på så godt som mogleg i verneplanprosessen. Men ilandstigning og bruk av fleire av dei eksisterande turstiane er ikkje nødvendigvis foreneleg med vermet. Dei plassane som er mest nytta har vi gjort stiane tilgjengeleg anten ved å endre grensene eller tillate bruk av ein sti inn i det føreslegne verma området. Desse spesifikke vurderingane går fram under dei einskilde lokalitetane bak.

LOKAL HØYRING:

Ulstein kommune (brev av 2. mai 2006, doknr. 276)

MERKNAD

Ulstein kommune ser på framlegget til ein verneplan for sjøfugl i Møre og Romsdal som eit verdifullt tiltak for å oppfylle politiske vedtekne, nasjonale miljømål. For dei områda som er føreslegne innan Ulstein kommune, vil brukskonflikter i høve til verdiovervikt knytt til ivaretaking av kystnaturen, vere gjennomgåande små og underordna. Ulstein kommune meiner likevel at lokalitet Sandøya-Vattøya, som har vore nytta av brukarar/eigarar i generasjonar, må takast ut av verneplanen.

VÅR TILRÅDING

Utplukket av lokalitetar i denne verneplanen har skjedd etter ei heilheitleg vurdering av mange års registrering av sjøfugl. For lokalitet Sandøya-Vattøya har vi ut frå merknader frå lokal hald, endra grensene noko for å tilfredsstille friluftsinteressene. Vi meiner at verneplanen legg minimale restriksjonar på bruken av Vattøya og tilrår difor lokalitet Sandøya-Vattøya naturreservat med gjevne grenser og føresegner.

Sande kommune (brev den 27. febr. 2006, doknr. 174)

MERKNAD

Sande kommune viser til tidlegare fråsegn både frå kommunen og bygdefolket og meiner at verneframlegget i liten grad har teke omsyn til desse merknadene. Dei ber om forlenging av fristen til 30. mai og inviterer samstundes til synfaring.

VÅR TILRÅDING

Vi har endra vernegrenser og/eller føresegner på alle tre lokalitetar i Sande kommune etter merknader under oppstartsmeldingsfasen. I denne fasen har vi motteke fleire merknader som forsterkar inntrykket om at ein må ta meir hensyn til lokalbefolkinga i Sande. Dette har vi gjort med følgande forslag: teke ut dyrka marka på Nupafjellet og tillatt bruk av stien oppe på fjellet også sommarstid, endra verneform for Riste og Eggholmane-Lisjeholmen til fuglelivsfredingsområde slik at ein også kan bruke holmane sommarstid.

Når det gjeld utsett frist til uttale til 30. mai 2006 har vi grunna fristen sett til oss frå DN til 20. mai ikkje kunne tillate denne. Synfaring saman med DN blir arrangert i Sande 22. mai 2006.

Eide kommune (brev den 15. mars 2006, doknr. 210)

MERKNAD

Eide kommune avventar kommentarar til verneplanen i påvente av konsekvensutgreiinga i samband med konsesjonssøknad frå Havgul AS for vindmøllepark i same området.

VÅR TILRÅDING:

Vi kan ikkje utsette verneplanprosessen i påvente av ein synkron saksbehandling av vindmølleplanane i området og vil difor sende vår tilråding til DN uavhengig av denne.

Kristiansund kommune (brev den 24. mars 2006, doknr. 228)

MERKNAD:

Kristiansund kommune slutter seg til verneplanen når det gjeld lokalitetane Inngrip og Grip. Kommunen ber om at Fugløya takast ut av verneplanen. Dei føresleg at Fugløya får oppretthaldt sin status som LNF-område og sjøområdene til trafikkområde i sjø.

VÅR TILRÅDING:

Verneverdien på Fugløya er uomtvisteg ved at den representerer ein av dei mest verneverdige sjøfugllokaltetane på Nordmøre. I reguleringsplan for del av Bolga med tilhørande føresegner av 30.06.05 er landområdet på Fugløya regulert som LNF og sjøområdet regulert som trafikkområde i sjø. Vi ser ikkje dei store motsetningane her verken på land eller sjø mellom planstatus og verneplanen. Nyttetrafikken i sjø vil kunne fortsette som før sjølv om Fugløya blir verna og stell og vedlikehald av gardsbruket på øya vil skje som før jfr. § 4 i verneføresegnene.

Vi tilrår Fugløya naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Giske kommune (brev motteke her 30. mars 2006, doknr. 231)

MERKNAD:

Giske kommune går imot framlegget til verneplan for hekkande sjøfugl for arealet i Giske kommune. Dei stiller seg negative til verneplanen fordi den legg restriksjonar på ålmenn ferdseleg tradisjonelle aktivitetar på holmane og i strandsona. Dei seier vidare at Giske kommune har allereide avsett mykje av arealet til vern (tilsvarar 51 % av landarealet i kommunen) og kommunen ønskjer meir informasjon om kvifor områda i deira kommune er med i denne planen.

VÅR TILRÅDING:

Giske kommune har allereide store verneområde innanfor kommunegrensene sine ja. Utplukket av hva lokaliteter som er registrert som verneverdige med omsyn til hekkande sjøfugl har ikkje teke hensyn til allereide vera i kommunen. Vi ser at eit ferdelsforbod sommarstid set begrensingar på folks friluftsliv. Vi har funne dei ålmenne friluftshensyn for dette her og vil legge vesentleg vekt på at sjøfulgane får hekke i fred.

Frei kommune (brev den 27. mars 2006, doknr. 234)

MERKNAD:

Frei kommune godkjenner ikkje fylket sitt verneforslag for Fugløya med tilstøtande sjøareal (doknr. 234). Kommunen stiller seg usikker til dei verdivurderingane som er gjeve i saken og på bestandsutviklinga no ved fråfryttinga frå øya. Ein vernestatus som det leggast opp vil legge betydelege begrensingar for næringsaktivitet og framtidig næringsutvikling i heile området.

VÅR TILRÅDING:

Verneverdien på Fugløya er uomtvisteg ved at den representerer ein av dei mest verneverdige sjøfugllokalitetane på Nordmøre. I reguleringsplan for del av Bolga med tilhørande føresegner av 30.06.05 er landområdet på Fugløya regulert som LNF og sjøområdet regulert som trafikkområde i sjø. Vi ser ikkje dei store motsetningane her verken på land eller sjø mellom planstatus og verneplanen. Nyttetrafikken i sjø vil kunne fortsette som før sjølv om Fugløya blir verna og stell og vedlikehald av gardsbruket på øya vil skje som før jfr. § 4 i verneførsegnerne.

Vi tilrår Fugløya naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Sula kommune (brev den 30. mars 2006, doknr. 235)

MERKNAD:

Sula kommune har ikkje merknader til verneplanen sofram t småbåthamna med flytebrygger får ligge som i dag jfr. godkjend reguleringsplan samt at § 3 i verneforskrifta blir endra slik at skipstrafikken vil gå som før.

VÅR TILRÅDING:

Grensene for lokalitet Vegsundholmane – Veibustholmen ligg slik at flytebryggene vest om holmen Pina går klar. Verneforskriftas § 3 blir endra (tidlegare punkt 5 går ut) slik at skipstrafikken i leia blir tillatt som før.

Vi tilrår Vegsundholmane – Veibustholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Herøy kommune (brev den 31. mars 2006, doknr. 237)

MERKNADER:

Herøy kommune krev at det blir gjort ei endring/justering av forskrifta med siktet på at Svinøya også skal kunne nyttast i turistsamanheng. Vidare ber kommunen om at området blir avgrensa til berre å omfatte sjølve Svinøya. Herøy kommune ber om at det blir gjort ei nærmere vurdering av vemeområdet på toppen av Muletua. Dette grunna at mange fjellgårarar kviler, raster og nyter utsikta oppe på toppen og at vernegrensa blir lagt utanom dei vanlegaste kvileplassane.

VÅR TILRÅDING:

Vi greier ikke å sjå at forslaget til vern av Svinøya og sjøområde legg noko hinder for utøving av fiske slik det er i dag i området. Vi held difor på det forslaget til grense som var gjeve ved den lokale/sentrale høyringa.

Den type turisme som Kystverket legg opp til er av så lite omfang og under så kontrollerte vilkår at vi tilleit dette etter ein eigen driftsavtale knytt til § 4 punkt 2 i verneforskrifta.

Vi ser ikke at å endre vernegrensa rundt toppen til beste for friluftslivet vil virke negativt for sjøfuglbestanden på Muleneset og vil difor endre vernegrensa for punkt 4 og 5 i tråd med kommunens ønske.

Haram kommune (e-post den 5. april 2006, doknr. 257)

MERKNADER:

Haram kommune krev går sterkt imot å etablere så strenge vernetiltak som planen legg opp til. Dei viser til andre område i havområdet som allereide har strengt vern tilsvarende det vemeplanen legg opp til. For strengt vern, som regulerer framtidig bruk og ferdsel i området, vil vere ei stor ulempe for mellom anna å utvikle naturbasert næringsutvikling og anna sjøbasert verksemde.

VÅR TILRÅDING:

Vi meiner bestemt at det meste av den næringsverksemda som i dag pågår innanfor dei føreslegne vermegrensene, også kan finne stad i framtida. Samstundes må vi berre påpeike at vemeplanen gjeld ein del av det biologiske mangfaldet, og er ikke ei næringsvem.

Nærings- og miljøutvalet i Møre og Romsdal fylke (møtebok den 7.mars 2006, doknr. 186)

MERKNAD

Nærings- og miljøutvalet viser til framlegg til verneplan og vil rá til at vemeplanframlegg i størst mogleg grad blir utforma i tråd med synspunkta frå dei ulike kommunane.

Nærings- og miljøutvalet i Møre og Romsdal fylke (møtebok den 2..mai 2006, doknr. 277)

MERKNAD

Nærings- og miljøutvalet viser til framlegg til verneplan og vil rá til at vemeplanframlegg i størst mogleg grad blir utforma i tråd med synspunkta frå dei ulike kommunane. Ein viser spesielt til kommunar som har store areal bandlagt til til dømes naturreservat.

VÅR TILRÅDING

Vi har sjøvsagt teke omsyn til merknadene frå kommunane og desse omsyn er nøye vurdert ut frå det oppdraget som fylket har fått frå nasjonalt hald, til å legge fram ei fylkesvis tematisk vemeplan.

Nordmøre og Romsdal friluftsråd (brev motteke her 3.april 2006, doknr. 241)

MERKNAD

Nordmøre og Romsdal friluftsråd meiner at planforslaget er eit godt utgangspunkt for ei verneplan for hekkande sjøfugl. Dei meiner at planen må justerast for faktiske feil. Lik verneform som naturreservat på alle dei aktuelle og til dels særer ulike områda bør vurderast på nytt. Bruk av mildare vern som til dømes landskapsvernområde gir betre lokal tilpassing. Like verneføresegner for alle områda med til dels særer lite lokal tilpassing gir ofte negative haldingar til verneføremålet. Planen prøver å vere tydeleg på at vernet ikkje er til hinder for jakt og fiske, medan ein ikkje er tydeleg på båtlivet sin bruk av sjøen innanfor vernegrensa. Friluftsrådet har også konkrete merknader til diverse lokalitetar og desse blir omtala under kvar einskild lokalitet.

VÅR TILRÅDING

Vi har retta opp dei faktiske feila som vi har blitt merksame på i høyringa. Når det gjeld verneform har vi for tre lokalitetar endra denne fra naturreservat til fuglefredingsområde der det har vore store ålmenne friluftsinntersetser. Elles har vi i verneplanprosessen der vi har motteke merknader på dette og der det har vore mogleg utan å gå ut over sjøfuglinteressene, lempa på ferdselforbodet til beste for friluftslivet. Dette går fram av vedlegg 4. Når det gjeld ferdsel i sjø har vi nok ikkje vore tydeleg nok på at ferdsel i sjø til rekreasjon og næring, med og utan motor heilt inn til fast land er fortsatt tenkt å være tillatt sjølv etter at lokalitetane er verna.

Friluftsrådet for Ålesund og omland (brev av 31.mars 2006, doknr. 250)

MERKNAD

Friluftsrådet meiner at verneplanen er eit godt redskap for å ta vare på sjøfugllokalitetar, men treng nokre endringar på planen. Friluftsrådet ønsker at friluftsinntersetserne blir så godt tatt vare på som mogleg og meiner ein må ta omsyn til turstiane i nokre område (Sætredalen og Måsehamrane). Dette kan gjerast med anten å endre grensene eller tillate bruk av ein sti inn i området.

Friluftsrådet ønsker at § 3 punkt 5 i verneføresegnerne blir fjema slik at den seier noko om start og landing av luftfarty samt lågtflyging under 300 meter i hekketida. Vidare ønsker friluftsrådet at forbodet mot vass-sport blir teke ut samt punkt 7 i § 3 som seier at brenning av bål og bruk av grill er forbode.

Elles stiller friluftsrådet seg usikker til om naturreservat er rett status på alle områda som er føreslege verna. Ein bør vurdere andre verneformer eller om sonering i fleire vermekategoriar kan vere ei løysing. For nokre (Erkna og Feøya) ber dei om at til dømes landskapsvernombområde blir vurdert som ein meir høveleg status enn naturreservat.

Vidare meiner friluftsrådet at det bør vere eit krav at det skal utarbeidast forvaltningsplanar for dei verna områda.

Merknadene som gjeld enkellokalitetane er omtala under dei einskilde lokalitetane bak i rapporten.

VÅR TILRÅDING

Vi har teke omsyn til friluftsinntersetserne i Sætredalen og Måsehamrane og tillatt bruk av turstiane der (sjå under dei ulike lokalitetane). Vi har også teke omsyn til friluftsrådet sitt ønske til å endra punkt 5 og 7 i § 3 i føresegnene slik at motorisert ferdsel på sjø er tillatt, men at lågtflyging er regulert. Det spesifikke forbodet mot bålbrenning og bruk av grill går ut. Vi har vurdert andre verneformar enn naturreservat og 3 av lokalitetane er føreslege som fuglelivsfredingsområde. Likedan har vi teke friluftsområns i ein del lokalitetar (sjå vedlegg 4). Vi skulle ønske at vi kunne lagt fram forvaltningsplanar for dei

føreslegne lokalitetane samstundes som vi legg fram sjølve verneframleggjet, men dette lar seg ikkje gjere grunna manglande prioritering.

KYSTVERKET

OPPSTARTSMELDING:

Kystverket Midt-Norge (brev den 4. sept. 2003, doknr. 9)

MERKNAD

Kystverket har ingen innvendingar mot at fyrvernet frå 1935 blir oppheva. Kystverket ser helst at Svinøya, Erkna og Skalmen ikkje tas med i verneplanen. Dette då dei oppfattar at det er forbode å bruke helikopter og då vil drifta av desse tre fyra bli umogleg. Dei ønskjer å endre ordlyden i verneforskriftas generelle unntaksbestemmelser til; Reglane er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av kystverket og televerket sine bygg og anlegg, eksisterande kraftliner, kablar og sjøkablar og all ferdsel i samband med dette, herunder bruk av helikopter.

Dei ønskjer også under kap. om eventuelle unntak etter søknad at ordlyden skal endrast til; Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til etablering av nye anlegg for kystverket og alle naudsynte tiltak for framtidig drift av dei same anlegga, herunder endra driftsform, vedlikehald, og restaurering av kultuminne.

Kystverket Midt-Norge (brev den 26. feb. 2004, doknr. 49)

MERKNAD

Kystverket opprettheld sin uttale frå 04.09.2003.

VÅR VURDERING

Verneforskriftas §4 punkt 2 seier at ; Reglane i § 3 er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette. Dette betyr at om kystverket ønskjer å bruke helikopter for vedlikehald av kystverket sine anlegg så må dette søkast dispensasjon om jfr. verneforskriftas § 6.

Når det gjeld forslaget om å utvide moglegheita for eventuelle unntak etter søknad meiner vi at verneforskriftas § 5 (Eventuelle unntak etter søknad) og § 6 (Generelle dispensasjonsreglar) gjev kystverket og andre aktørar som har anlegg som er vesentlege i samfunnet, nødvendig spelrom.

LOKAL HØYRING:

Kystverket Midt-Norge (brev den 10. mai 2006, doknr. 278)

MERKNAD

Kystverket krever opprettheld sine bemerkningar som dei kom med i deira brev av 4. sept. 2003 (doknr. 9). Etter deira oppfatning vil ikkje dei føreslegne verneføresegnene i tilstrekkeleg grad ivareta deira interesser. Dei føreset at bruk av helikopter vil kunne skje som før utan å måtte vente på dispensasjon etter ein søknad. Vidare føreset Kystverket at dei må kunne føre opp nye anlegg som før utan forutgåande søknad. Dei restriksjonar som er gjeve i forslaget vil føre til store begrensingar når det gjeld etterbruk av Kystverket sine eigedomar. Slik verneføresegnene er utforma, med eit ilandstigningsforbod frå april til august, vil både sal og utleie vere vanskeleg å gjennomføre. Kystverket føresleg difor at verneføresegnene bør innehalde eit punkt om alternativt bruk av fyrstasjonar og at at framtidige eigarar/leietakrar overtar Kystverkets rettighéitar. Dei kjem til slutt med eit forslag til driftsavtale om alternativ bruk av fyrstasjonane og føresleg at det blir teke med eit eige punkt i verneføresegnene om dette.

VÅR TILRÅDING

Vemeforkriftas § 4 punkt 2 seier at ; Reglane i § 3 er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette . Vi ser at bruk av helikopter til Kystverkets sin drift er noko som er av vesentleg interesse for samfunnet. Etter ei heilheitsvurdering endrar vi difor standpunkt her og tolkar verneføresegnene § 4 punkt 2 til at bruk av helikopter til Kystverkets bruk er noko ein ikkje treng søke om dispensasjon om.

Når det gjeld forslaget om å utvide moglegheita for eventuelle unntak etter søk nad meiner vi at vemeforkriftas § 5 (Eventuelle unntak etter søk nad) og § 6 (Generelle dispensasjonsreglar) gjev Kystverket og andre aktørar som har anlegg som er vesentlege i samfunnet, nødvendig spelrom . Når det gjeld utskifting av navigasjonsmerker og andre sjømerker tolkar vi punkt 2 i § 4 i verneføresegnene slik at dette ikkje treng å søkast om .

Det ligg ikkje inne fyr innanfor dei 38 lokalitetane som er føreslege verna som fyr.

Kven som eventuelt overtar fyra ved sal eller leige etter Kystverket er uvesentleg for sjøfuglane så lenge ikkje hekkinga blir vesentleg forringa . Når det gjeld ålmenne friluftsinteresser er det noko anna, men vi festar lit til at Kystverket har ein open prosess her i tråd med avhendingssinstruksen for statlege eigedomar. Vi har ikkje til hensikt å hindre etterbruk av fyra og vi vil difor legge inn eit punkt under § 4 (generelle unntak) som tillet bruk av fyra etter ein driftsavtale mellom forvalningsstyregruppene og Kystverket for følgande fyr; Svinøy fyr, Erkna fyr, Haugsholmen fyr, Storholmen fyr og Skalmen fyr.

FISKARANE

OPPSTARTSMELDING:

Noregs Kystfiskarlag, avd. Sunnmøre (brev den 8. sept. 2003, doknr. 10)

MERKNAD

Noregs Kystfiskarlag, avd. Sunnmøre har ingen merknader til det føreliggande utkastet til verneplan, dersom det føreliggande utkast til verneplan ikkje blir endra. Dei viser då til avsnittet om ferdselforbod der det går fram at yrkesfiske ikkje blir råka av ferdselforboden.

VÅR VURDERING

Vi har teke merknaden til følge og det blir ikkje ferdselforbod for verken fiskararar eller ålment i sjøen innanfor verneområdet.

Nordmøre Fiskarlag (brev den 2. juni 2004, doknr. 105)

MERKNAD

Nordmøre Fiskarlag ønskjer eit møte med fylket for å få klarheit i kva som ligger i korta om verneplan for hekkande sjøfugl.

Nordmøre Fiskarlag (e-post den 1. mars 2004, doknr. 123)

MERKNAD

Nordmøre Fiskarlag ønskjer ingen begrensningar for utøving av fisket som ein følge av ei slik verneplan.

Nordmøre Fiskarlag (brev den 6. aug. 2004, doknr. 122)

MERKNAD

Fiskarlaget viser til dei mange verneplanane som det no arbeidast med/er på tenkt (sjøfugl, marin, Smøla og lignende) og meiner desse sett stengslar for fiskarane . Dei saknar svar på kva formålet med vernete, korleis blir dagens fiskeriaktivitet berørt og kva slags utviklingsmoglegheiter som ligg i eit verna område. Vidare seier Nordmøre Fiskarlag at deira ønskje om eit møte med fylket for å få klarheit i kva som ligger i verneplan for hekkande sjøfugl ikkje er imøtekome.

VÅR VURDERING

Vi greier ikkje å sjå negative begrensningar for det tradisjonelle fisket ved verneplan for hekkande sjøfugl. Vi har i verneplanprosessen prøvd på beste måte å formidle formålet og konsekvensane ved vernet, men har vore forsiktig med å seie for mykje om utviklingsmoglegheitene for fiskeriene i eit verna område. Vi har fleire gonger muntleg og pr e-post prøvd å arrangere eit møte med Fiskarlaget utan å lykkast. Den 2. nov. 2005 sendte vi ut eit brev til fiskarlaget med invitasjon til møte.

Ulstein Fiskarlag (brev den 27. juni 2004, doknr. 126)

MERKNAD

Ulstein Fiskarlag ønskjer ingen begrensningar for utøving av fisket som ein følge av ei slik verneplan. Dei meiner at både fiskeriakтивет samt normal ålmenn ferdsel må kunne foregå også innanfor 50 meters grensa frå land. Fiskarlaget viser til at lokalitetane nyttast til sauebeite, laksenot og uttak av skjellsand og meiner at desse og andre rettigheter må nyttast også i framtida. Bø og Sande Fiskarlag sluttar seg også til uttalen frå Ulstein Fiskarlag.

VÅR VURDERING

Når det gjeld ferdselforbodet i sjø har vi teke merknaden til følge og det blir ikkje ferdelsforbod for verken fiskararar eller ålmenta i sjøen innanfor verneområdet. Sauebeite og drifting av laksenot blir tillatt som før. Uttak av skjellsand kan ikkje pårekast, men må i tilfelle først handsamast etter anna lovverk (kontinentalsokkelloven).

Haugsbygda Fiskarlag (brev den 7. juli 2004, doknr. 126)

MERKNAD

Haugsbygda Fiskarlag er imot permanent freding. Dei meiner at dei felta som er i Sande kommune er på begrensa djupne og vil soleis ikkje vere nokon stor hindring for yrkesfiske med unntak av krabbe og hummarfiske. Deira forslag er at fiskarar på blad b ikkje blir brørert av verneplanen.

VÅR VURDERING

Når det gjeld ferdselforbodet i sjø har vi teke merknaden til følge og det blir ikkje ferdelsforbod for verken fiskararar eller ålmenta i sjøen innanfor verneområdet.

Averøy Fiskarlag (brev den 1. juli 2004, doknr. 126)

MERKNAD

Averøy Fiskarlag seier at om desse områda (Tromskjera, Orskjera og Grip) blir freda får det store konsekvensar for lokalbefolkninga og yrkesfiskarane. Alle områda er er viktige fiskeområder for alle typer fiskeredskaper som teiner, gam, juksa, not og låssettingsplassar.

VÅR VURDERING

Når det gjeld ferdselforbodet i sjø har vi teke merknaden til følge og det blir ikkje ferdelsforbod for verken fiskararar eller ålmenta i sjøen innanfor verneområdet. Vi kan ikkje sjå at føreslegne verneforskrifter hindrar fiskarane i sitt tradisjonelle fiske.

LOKAL HØYRING:

Averøy Fiskarlag (brev den 15. mars 2006, doknr. 216)

MERKNAD

Averøy Fiskarlag synast det er flott at merknadene under oppstartsmeldinga blei teke til følge. Dei føresleg at punktet om motorisert ferdsel i sjø (punkt 5 i § 4 i utkastet) blir endra slik at dei får drive fiske som før.

VÅR TILRÅDING

Vi endrar punktet om motorisert ferdsel i sjø slik at fiskarane får drive sin verksemd som før.

Møre og Romsdal Fiskarlag (brev den 28. mars 2006, doknr. 226)

MERKNAD

Møre og Romsdal Fiskarlag er tilfreds med dei føreslegne verneføresegnene då det ikkje vil medføre restriksjonar på tradisjonelt fiske utover det som er regulert i eige lovverk. Dei stiller seg difor undrande til at ikkje fiskebåtane skal kunne bruke motor til framkomst jfr. § 4 punkt 5 i verneføresegnene. Vidare meiner fiskarlaget at verneplanen må tilpassast til Fiskeridirektoratets reguleringer av taretrålinga. Dei meiner at ferdelsforbodet i verneområda på land må fjernast eller som minimum innskrenkast i tid og føresleg at punkt 4 i § 3 i verneføresegnene endrast til; "I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli må all ferdsel på land i verneområdet utøves med stor aktsomhet av omsyn til hekkande sjøfugl i området."

VÅR TILRÅDING

Vi bek lager at forslag om forbod mot motorisert ferdsel vart som det vart ved den lokale høyringa. Vi endrar punktet om motorisert ferdsel i sjø slik at fiskarane får drive sin verksemd som før. Når det gjeld taretråling har vi etter ei heilheitsvurdering av ønskje om plassar å tråle på og sårbare sjøfuglartar, kome fram til ei reguler ing av taretråling (sjå vedlegg 3) som vi meiner taretrålnæringa kan leve med. Vi har gjort endringar på verneføresegnere, verneform og grenser der vi meiner dette har tjent friluftsinteressene utan at det har medført vesentleg ulempe for sjøfuglhekkinga.

FISKERIDIREKTORATET – REGION MØRE OG ROMSDAL

OPPSTARTSMELDING:

Fiskeridirektoratet (notat den 1. juli 2004, doknr. 126)

MERKNAD

Fiskeridirektoratet seier at det må vere eit krav at sjørealia i verneforsлага blir trekt ut, og berre landareala inngår i planane. Sjøfuglane hekkar trass alt berre på land. Vidare seier dei at under alle omstende må det vere eit absolutt krav at utøving av yrkesmessig fiskeri- og oppdrettsverksemd ikkje må bli hindra eller bli pålagt nokon form for restriksjonar korkje i hekketida eller i andre tider på året eller i nærlieiken av evnt. Vemeområde.

Elles kjem fiskeridirektoratet med ein del merknader til dei ulike føreslegne verneområda. Desse merknadene blir tekne opp saman med dei øvrige kommentarane under dei ulike lokalitetane.

VÅR VURDERING

Vi greier ikkje å sjå kva slags hindringar eit vern vil utgjere for det tradisjonelle fisket som skjer på norgeskyten. Vi ser difor ingen grunn til å endre korkje på vermegrensene eller verneforskifta gjeve ved oppstartsmeldinga. Sjørealia rundt hekkeplassane har vesentleg betydning for om hekkinga vil bli vellukka ved til dømes at fuglane finn mat til ungane.

LOKAL HØYRING:

Fiskeridirektoratet (brev av 6. mars 2006, doknr. 200)

MERKNAD

Fiskeridirektoratet håper at fylket ser på taretrålingsproblematikken på nytt. Dei meiner at ved å innføre tidsvindaugo for fleire taretrålingsfelt som ligg inne i verneområda vil ein

ta betre vare på taretrålingsnæringa Dei seier at ferdelsforbod på land sommarstid innanfor verneområda virkar provoserande på folk på kysten. I punkt 5 i § 3 i verneføresegnene omtalar ein forbod mot bruk av vasskuter....og liknande utan at det blir sett ein tidsavgrensing.

VÅR VURDERING

Vi har vurdert taretrålingsinteressene og funne eit komprimiss mellom vernet av sjøfugl og interessene for å tråle tare. Vår påstand er at sjøfuglvemet får marginale konsekvensar for taretrålarne slik vi no legg det opp med tidsvindaugo som gjeve ved vedlegg 3 i rapporten. Vi veit at vem av lokalitetar for vern av hekkande sjøfugl går ut over ferdelsen sommarstid for kystbefolkinga i vårt fylke. Vi har etter beste emne prøvd å gjere tilpasningar til dette og kome med fleire løysingar i dei konkrete lokalitetane (sjå vedlegg 4). Når det gjeld punkt 5 i § 4 i verneføresegnene vil vi endre denne slik at den berre regulerar lågtflyging.

SENTRALE HØYRINGSPARTAR

Det har kome inn totalt 20 merknader under den sentrale høyringen (sjå vedlegg 6). Følgjende høyringspartar har levert høyringsuttale utan merknad: Kommunal- og regionaldepartementet, Kommunenes sentralforbund, Oljedirektoratet, Norges skogeierforbund, Bergvesenet, NHO reiseliv og Naturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo.

Samarbeidsrådet for biologisk mangfald (SABIMA) og Norges naturvernforbund har ein del generelle kommentarar. Vi viser i den samanheng til vår vurdering av innspela frå Norsk ornitologisk forening og FMC BioPolymer. Begge peikar særskilt på lokaliten Lomstjønna-Hareidsmyra som verneverdig. Etter ei samla vurdering av verneinteresser og konfliktnivå er denne lokaliten likevel teken ut av verneframlegget.

Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Norsk Industri og Kjemisk Forbund har generelle merknader vedrørande forbod mot taretråling. Vi viser til vår vurdering av merknadene frå FMC BioPolymer.

Fiskeridirektoratet peikar elles på ein motsetnad i verneføresegnene vedrørande fiske og motorferdsel. Vi viser her til vår vurdering av merknader frå Møre og Romsdal fiskarlag. Fiskeridirektoratet ber også om opning for akvakultur, med særleg tilvising til havbeite, og om at det blir tillate å hauste strandsnegl. Dette vil medføre auka aktivitet i og nær kolonien og vi har valt ikkje å ta dette til følge. Direktoratet peikar på at verneføresegnene ikkje tillet sjakt fordi denne blir forvalta etter saltvassfiskelova. Dette er i strid med vår intensjon, og vi tek merknaden til følge ved å leggje til ein generell passus i verneføresegnene § 4 punkt 6: "Fiske og fangst i tråd med....."

Statens landbruksforvalting har konkrete merknader til Nupafjellet. Vi viser til dei merknader som elles er kome inn her, og vår vurdering av desse.

Norges Fiskarlag har ein del generelle merknader. Vi viser til vurderinga av merknader frå dei lokale fiskarlaga.

Friluftsrådenes landsforbund viser generelt til at friluftsliv sjeldan er i konflikt med verneformålet og har merknader knytt til et par av lokalitetene. Vi viser til vår vurdering av merknader fra Nordmøre og Romsdal friluftsråd og Friluftsrådet for Ålesund og omland.

NVE viser til vindkraftprosjekta Havsul II og Havsul IV og overlapp med lokalitetane Orskjera og Storholmen. Vermeprosessen og konsesjonsprosessen må samordnast.

Avinor peiker på at forbod mot lågtflyging over Erkna er i konflikt med innflyginga til Vigra. Vi opnar for dette gjennom ei generell unntaksformulering knytt til ordinær rutetrafikk.

DEI ENKELTE LOKALITETANE MED VERNEFORSKRIFTER OG MED INNKOMNE MERKNADER

Inngripan

KOMMUNE:	1503 Kristiansund
KARTBLAD (M-711):	1321-III Bremsnes
UTM (EUREF89):	32VMR3107
LANDAREAL (M ²):	159705
SJØAREAL (M ²):	4054477
GARDS- OG BRUKSNR:	30/1,2

OMRÅDESKILDRING: Ei gruppe holmar og skjer i havet nord for Kristiansund. Holmane er stort sett små og snaue og ligg i eit grunt og produktivt sjøområde. Må sjåast i samanheng med Grip noko lenger nord.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975	1990 – 91	2001
Ærfugl	20 par +	20 par +	200 par+
Fiskemåse	ca 60 par	4 par	8 par+
Sildemåse		1 par	
Svartbak	ca 30 par	ca 90 par	50 par+
Raudnebbterne	55 - 60 par	ca 15 par	50 par+
Tjuvjo	?	1 par	2 par
Teist	ca 20 par	5 par +	10 par+
Totalbestand alle artar:	180 - 200 par	120 par +	320 par+

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre hekkande artar kan nemnast tjeld, steinvendar, raudstilk og siland, skjerpillerke og stare(1975). Deter ikkje mink på Inngripan.

UTFØRTE INNGREP: Ei mindre sikringshytte på ein av holmane.

PLANSTATUS: Det aktuelle området er uplanlagt.

OPPSTARTSMØTE: Møte 22.06.2004 med Kristiansund kommune.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Taretråling.

OPPSTARTSMELDINGER:

INNKOMNE MERKNADER : Ein merknad frå Fiskeridirektoratet.

Fiskeridirektoratet seier at det i dag foregår eit aktivt fiske i området i dag og ber om at vemet ikkje blir strengare enn det som er nødvendig for at dette fisket også skal skje i framtida (doknr. 126). Nødvendig ilandstigning på holmar og skjer for å feste landnot og lignende må då også vere tillatt. Det er ingen havbruks-/havbeiteaktivitetar i området i dag, men det kan tenkast at havbeite kan vere aktuell i framtida. Deter utlagt felt for taretråling i området. Det foregår jakt på sel i området, då hovudsakleg jakt på steinkobb. Jfr. forslag til verneforskrift blir ikkje jakt på steinkobb på virka ved vernet.

VÅR VURDERING:

Vi meiner at tradisjonelt havbruk og fiske samt jakt på steinkobb blir upåvirka av vemet. Taretråling utanom hekketida blir tillatt. Jakt på havert fram til august månad blir ikkje tillatt. Kva som skjer på havbeite i framtida er det vanskeleg å seie noko om på noverande tidspunkt, men vil i så fall ikkje vere tillatt jfr. punkt 3 i § 3 i verneforskrifta.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Tre merknader.

Foreningen Gripværingen støtter verneplanen, men meiner at ilandstigningforbudet må trekkast (doknr. 227). Om ikke dette kan gjerast, foreslår foreningen som Kristiansund kommune, at lokaliteten vernast som landskapsvernområde slik at folk får lov til å ferdast i land i sommarmånedene.

Kristiansund kommune slutter seg til verneplanen når det gjeld Inngrisen (doknr. 228).

Nordmøre og Romsdal friluftsråd meiner at Inngris bør vurderast på ny som landskapsvernområde (doknr. 241).

VÅR TILRÅDING:

Vi ser at Inngris er ein større lokalitet og at eit ferdelsforbod sommarstid vil ramme friluftslivet hardt. Vi tilrår at Inngris blir eit fuglefredingsområde med moglegheit for ilandstigning sommarmånedene og vi meiner dette ikke reduserer fugleinteresene vesentleg.

Forskrift om vern av Inngripa fuglefredingsområde i Kristiansund kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 9 og § 14, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr.: 30/1,2 i Kristiansund kommune.

Fuglefredingsområdet er på om lag 4214 daa, av dette om lag 160 daa landareal og om lag 4054 daa sjøareal. Grensene for fredingsområdet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Kristiansund kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniløpet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftledninger, jordkablar og kloakkledninger, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
5. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av fredingsområdet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
8. Taretråling i perioden 1. august til 30. april.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

3. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
4. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Grip

KOMMUNE:	1503 Kristiansund
KARTBLAD (M-711):	1321-III Bremsnes
UTM (EUREF89):	32VMR285092
LANDAREAL (M ²):	114309
SJØAREAL (M ²):	687125
GARDS- OG BRUKSNR:	30/1,2

OMRÅDESKILDRING: To holmarsør for Grip, det gamle fiskeværet som i dag er fråflytta, men som tidlegare var Norges minste kommune. Holmane er snaue og utan inngrep.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975	1990 - 91	1997	1999	2001
Toppskarv			7 par	15 par	65 par+
Ærfugl	ca 45 par	ca 15 par			100 par+
Fiskemåse	ca 45 par	ca 10 par			
Sildemåse		3 par			
Gråmåse		25 par +			185 par+
Svartbak	120 par +	55 par +			160 par+
Krykkje		35 par +			
Raudnebbterne	ca 30 par	ca 225 par			
Makrellterne	ca 10 par				6 par+
Teist	10 par +	10 par +			20 par+
Tjuvjo					2 par+
Totalbestand alle artar:	250 par +	350 par +			538 par+

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar i tillegg tjeld, raudstilk, steinvendar og skjerpplerke. Deter ikkje kome mink til Grip. I 1997 og 1999 er registreringane for Moholmen og berre toppskarv.

UTFØRTE INNGREP: Ingen kjende inngrep.

PLANSTATUS: Det ak tuelle området er uplanlagt.

OPPSTARTSMØTE: Møte 22.06.2004 med Kristiansund kommune.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Utfart sommarstid. Taretråling.

OPPSTARTSMELDINGER:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader, frå kommunen og frå fiskeridirektora tet.

Kristiansund kommune meiner at det bør vurderast å endre verneforma frå naturreservat til landskapsverområde, noko som vil kunne ivareta vermeinteressene og Grip på ein tilfredsstillande måte (doknr. 114). Dei viser til den frie ferdsla som har vore eit gode for alle på Grip og som etter kommunen si meining vil bli sterkt redusert ved å velje ei slik restriktiv verneplan-løysing. Kommunen viser til at viltnemda gjennomfører årlege sjøfugltellingar og har såleis ei overvakning av Grip.

Fiskeridirektora tet seier at det går føre seg eit aktivt fiske i området i dag og ber om at vemet ikkje blir strengare enn det som er nødvendig for at dette fisket også skal skje i framtida (doknr. 126). Nødvendig ilandstigning på holmar og skjer for å feste landnot og liknande må då òg vere tillatt. Det er ingen havbruks-/havbeiteaktivitetar i området i dag, men det kan tenkast at havbeite kan vere aktuelt i framtida. Det er utlagt felt for taretråling i området. Det blir jakta på sel i området, då hovudsakleg jakt på steinkobb. Jf. forslag til verneforskrift blir ikkje jakt på steinkobb på virka av vemet.

VÅR VURDERING:

I oppstartsmeldinga var heile Grip med i verneplanen. Underveis i verneplanprosessen har vi plukka ut det området som er mest interessant for sjøfugl, Moholmen og Grønningen, og har difor redusert vesentleg det arealet som er føreslått vema. Vi meiner at det arealet som vi no sit att med er lite interessant for friluftsaktivitetar og at mesteparten av holmar og skjer rundt Grip framleis er tilgjengelege for ålmenta.

Vi meiner at tradisjonelt havbruk og fiske samt jakt på steinkobb blir upåvirka av vemet. Det blir av omsyn til teist- og toppskarvkoloniane ikkje tillatt med taretråling. Jakt på havert sommarstid fram til august månad blir ikkje tillatt. Kva som skjer på havbeite i framtida er det vanskeleg å seie noko om på noverande tidspunkt.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Tre merknader.

Foreningen Gripværingen støtter verneplanen, men meiner at ilandstigningforbudet må trekkast (doknr. 227). Om ikkje dette kan gjerast, foreslår foreningen som Kristiansund kommune, at lokaliteten vernast som landskapsvernområde slik at folk får lov til å ferdast i land i sommarmåna dene.

Kristiansund kommune slutter seg til verneplanen når det gjeld Grip (doknr. 228).

Nordmøre og Romsdal friluftsråd meiner at Grip bør vurderast på ny som landskapsvernområde (doknr. 241).

VÅR TILRÅDING:

Vi meiner at dei to holmane Grønningen og Moholmen utgjer ein liten del av holmane rundt Grip og såleis ikkje legg vesentlege beslag på rekreasjonsarealet der ute. Dette samt at desse to holmane utgjer dei to viktigaste hekkeholmane i Grip gjer at vi ikkje ønskjer ferdsel på desse to holmane sommarstid. Vi tilrår Grip naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Grip naturreservat i Kristiansund kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 30/1,2 Kristiansund kommune.

Reservatet er på om lag 801 daa, av dette omlag 114 daa landareal og om lag 687 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Kristiansund kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Vegsundholmane-Veibustholmen

KOMMUNE:	1504 Ålesund og 1531 Sula
KARTBLAD (M-711):	1219-IV Sykkylven
UTM (EUREF89):	32VLO6325
LANDAREAL (M ²):	6618
SJØAREAL (M ²):	348700
GARDS- OG BRUKSNR:	59/1,2

OMRÅDESKI LDRING: Fire små holmar og nokre skjera aust i Vegsundet. Holmane har grasvokster og nokre busker. Berre på Veibustholmen er nokre furutrær.

VERDI VURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1983	1994 - 95
Ærfugl	ca 15 par	6 par +
Hettemåse	2 par	
Fiskemåse	ca 240 par	200 - 250 par
Svartbak	4 - 5 par	4 par
Makrellterne	ca 50 par	10 - 15 par
Raudnebbterne	ca 100 par	
Totalbestand alle artar:	ca 420 par	225 - 275 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Ein hegerekoloni med 20 par + (1994) på Veibustholmen, tjeld og raudstilk hekkande. Minkfangst er ønskeleg ut frå omsynet til sjøfugl.

UTFØRTE INNGREP: Ein steinvarde og nokre sjømerke, elles ingen.

PLANSTATUS: Det aktuelle verneområdet er sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen både på land og sjø.

OPPSTARTSMØTE: Møte 28.06.2004 med Sula og Ålesund kommune (Ålesund kommune møtte ikkje). Ein rettshavar møtte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Noko trafikk med småbåtar sommarstid.

OPPSTARTSMELDINGA:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader. Ein merknad frå rettshavar til gnr./bnr. 59/2 og ein frå Ålesund kommune.

Ålesund kommune (doknr. 17) tek oppstartsmeldinga til vitande og vil eventuelt kome attende med konkrete merknader når forslag til vermegrense og verneforskrift føreligg.

Oddbjørg Blindheim, eigar av holmen Pina, har ingen innvendingar mot planen om freding under føresetnad om at vernet ikkje er til hinder for framtidig bygging av naust (utanfor verneområdet) og bruken av desse (doknr. 110). Ho ønskjer ikkje at fredinga av Pina vil bli til hinder for bygging seinare.

VÅR VURDERING

Vi greier ikkje å sjå at fredinga av Pina får negative konsekvensar for naustbygging i Vegsundet. Bygging skal regulerast etter plan- og bygningslov og det er kommunen som er myndigheit etter denne.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Tre innkomne merknader. Ein frå Ålesund kommune, ein frå Sula kommune og ein frå ein rettshavar.

Ålesund kommune har ikke merknader til at lokalitet Vegsundholmane – Veibustholmen blir vernet (doknr. 168).

Rettshavar til gnr./bnr. 15/56 i Ålesund kommune har pr. dato ikke planar om utnytting av eigedomen, men gjer fylket merksam på at om verneplanen begrenser framtidig mogleg utnytting av eigedomen, vil erstatning bli krevd (doknr. 173).

Sula kommune har ikke merknader til verneplanen soframt småbåthamna med flytebrygger får ligge som i dag jfr. godkjend reguleringsplan samt at § 3 i verneforskrifta blir endra slik at skipstrafikken vil gå som før (doknr. 235).

VÅR TILRÅDING:

Grensene for lokalitet Vegsundholmane – Veibustholmen ligg slik at flytebryggene vest om holmen Pina går klar. Verneforskriftas § 3 blir endra (tidlegare punkt 5 går ut) slik at skipstrafikken i leia blir tillatt som før.

Vi tilrår Vegsundholmane – Veibustholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Vegsundholmane - Veibustholmen naturreservat i Ålesund og Sula kommunar, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 59/1,2 i Ålesund og Sula kommunar.

Reservatet er på om lag 355 daa, av dette omlag 7 daa landareal og om lag 348 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Ålesund og Sula kommunar, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsel på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremaktar.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.

7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjøre unntak fra forskrifta når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningsliner for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Eggholmane-Lisjeholmen

KOMMUNE:	1514 Sande
KARTBLAD (M711):	1119-III Vanylven
UTM (EUREF89):	32VLO1001 - 1100
LANDAREAL (M ²):	138738
SJØAREAL (M ²):	3135651
GARDS- OG BRUKSNR:	53/2,6 54/1,2,3,5,6,7,8,9,10,11,12,13,52 55/1,3,4 56/1,2,3,4 57/1,2,3,4,5,9 58/1,5 60/2

OMRÅDESKI LDR I NG: Skjergardsområde med småøyar, holmar og skjer. Storholmen er om lag 1 km lang, med fråflytta gardstun, sjøhus og kultumark, elles er kupert heiterreng dominande. På Frekøya er det ein fyrstasjon og noko gras og urter. Søre Eggholmane er stort sett snaue berre med litt gras og urter. Nøre Eggholmen er låglendt og graskledd med svaberg langs stranda. Dei andre holmane er mindre og varierande mellom svaberg og grasvegetasjon. Alle dei største øyane blir nytta til saubeite. Storholmen har ein godkjent reguleringsplan for hotelldrift.

VERDI VURDERING: **3/2**

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1981	1994-95
Ærfugl	50 par +	ca 80 par
Tjuvjo	1 par	
Fiskemåse	ca 100 par	ca 90 par
Sildemåse		ca 15 par
Gråmåse		ca 100 par
Svartbak	ca 40 par	60 par +
Makrellterne	150 par +	
Raudnebbterne	50 - 100 par	
Teist	6 - 8 par	?
Totalbestand alle artar:	ca 450 par	ca 350 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Området inngår som ein del av fuglefredningsområdet kring Voksa. Fleire av artane hekka i større tal på 70-talet. Det hekkar elles siland, fleire par tjeld, ramn og fleire småfuglartar. Brunnakke er funne hekkande og skarv har tilhald i området sjølv om dei ikkje hekkar. Manglande hekking av temer på 90-talet må setjast i samanheng med låge bestandar generelt. Tal frå tidlegare periodar har likevel synt at desse holmane er viktig for temene. Koloniane kan år om anna flytte mellom holmane og det er viktig å sjå heile området i samanheng. Villmink har dei siste åra vore eit problem i sjøfuglbestandane og det er registrert yngling. Minkfangst bør vere eit aktuelt tiltak.

UTFØRTE INNGREP: Fyr på Haugsholmen på Vestre Frekøy.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsatt til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til NFFF.

OPPSTARTSMØTE: Møte 24.03.2004 med kommunen på formiddagen på Lærdalsøyri og seinare på dagen på Kvamsøya (fellesmøte om Riste) med 17 rettshavarar/interesserte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Båtfart, friluftsliv og taretråling. Det ligg føre planar om restaurering av gamal handelstad på Storholmen, og utvikling av området med hotell, utleigehytter, kaianlegg m.v. Dette vil medføre vesentleg auke i ferdsele i denne delen av området.

OPPSTARTSMELDINGA:

INNOMNE MERKNADER: Tju to (22) innkomne merknader deriblant protestliste med 265 underskrifter.

Sande kommune seier (doknr. 15) at det er på gang eit interkommunalt arbeide med utarbeiding av forvaltningsplan for grågås og at eit av tiltaka vil truleg bli å oppretthalde beite trykket på Eggholmane/Lisjholmen. Dette som eit førebyggande tiltak for så langt råd å unngå beiteskader av grågås på Kvamsøya.

Eigar av Eggholmen, Kåre Myren, seier at Eggholmen stort sett består av berg utan vega tasjon og er difor av redusert betydning som hekkeplass (doknr. 29 og 64). På Eggholmen (søre) er det eit naturleg basseng som blir nytta som badeplass og elles er det gode fiskeplassar frå land. Han ber difor om at Eggholmen blir teken ut av verneplana.

Rettshavar Rolf Ervik protesterer på den korte høringsfristen (doknr. 45). Han påpeiker manglande dokumentasjon på skade på fuglane i lokaliteten ut frå dagens bruk av området. Vidare seier han at vernet er for strengt, det omfattar eit for stort område og at ferdelsforbodet til vanns og til lands er uakseptabelt. Vernet vil stoppe utviklinga av Storholmen innan turistnæringa, redusere trivselen og på sikt true busetnaden på Kvamsøya. Han vil på det sterkeste protestere mot utkastet til verneplan for lokalitet Eggholmane-Lisjeholmen og meiner at verneinteressene blir godt ivaretakne i dagens situasjon, ei ansvarsbevisst befolkning, som er glade i og set pris på naturen rundt seg.

To av grunneigarane til Kvamsøy og holmane ikring, Anne Østringen og Kjell Østringen, protesterer mot heile plana (doknr. 47).

Sigurd Noralv Aarsheim ein av rettshavarane til Storholmen, ber om at heile planen går ut og at det vert sett i gang tiltak mot den aukande bestanden av rovfugl, slik at det blir balanse i sjøfuglbestanden att (doknr. 48). Han seier at bestanden av sjøfugl har minka og at hovudårsaken til dette er aukande bestand av stormåse, svartbak og ramn. Aarsheim seier vidare at han har i mange år svidd av lyngen på Storholmen for å betre sauebeite. Han ønskjer å fortsette denne lyngbrenninga i mars/april.

To av rettshavarane til Eggholmane-Lisjeholmen, Irene Lade og Steinar Lade, skriv at dei er imot vernet (doknr. 53). Dei seier at eit vem vil hindre dei i å fare på båttur sommarstid og vil svekke livskvaliteten deira.

Eldar Kvamme, eigar av grbrnr 54/9, går imot verneplana for lokalitet Eggholmane-Lisjeholmen (doknr. 57). Dei seier at når ein bur på ei øy er holmar og skjer det einaste rekreasjonsområde dei har. Deira livskvalitet vil bli vesentleg forringa om dei ikkje får gå i land på holmane og bruke sjøområda som dei har brukt i alle år.

Jens Kvamme, eigar av grbmr 54/3, går imot verneplana for lokalitet Eggholmane-Lisjeholmen (doknr. 57). Han seier at livskvaliteten vil bli vesentleg forringa om dei ikkje får gå i land på holmane og bruke sjøområda som dei har brukt i alle år.

Johanne Sørdsdal (v/ Sverre Sørdsdal), eigar av grbmr. 55/3, meiner at ei freding som føreslege vil vere eit overgrep mot alle som nyttar seg av naturen der (doknr. 62). Vidare sluttar ho seg til det Rolf Ervik skriv i sin merknad.

Kvamsøy Bygde- og Næringslag ønskjer ikkje bandlegging av areal og heller ikkje ferdelsinnskrenkingar på holmane rundt Kvamsøya (doknr. 75). 38 personar har skreve under dette oppropet frå bygdemøtet den 24.03.2004.

Underskriftsliste med 4 personar som protesterer mot det føreslege vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 77).

Underskriftsliste med 3 personar som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 78).

Underskriftsliste med 3 personar som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 79).

Underskriftsliste med 5 personar som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 80).

Underskriftsliste med ein person som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 81).

Jarle Støylen ved Storholmen AS gjer oss merksame på at Storholmen AS har investert 2-3 mill. kroner i å ta vare på og utvikle den gamle handelstaden på Storholmen som reiselivsobjekt (doknr. 83). Han meiner at fredinga er meiningslaus og saknar dokumentasjon på at fredinga vil ha noko å seie for desse øylene. Ei freding i kva som helst slags form vil forringe verdien av hans reiselivsprosjekt. Han viser vidare til at Kvamsøy som levestad er mindre interessant om fredinga blir gjennomført.

Kvamsøy Bygde- og næringslag går sterkt imot og protesterer mot vern av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 84). Dei viser til manglande dokumentasjon av behovet for vern i området, forklaring på korleis kriteria er brukt og korleis ein har kome fram til verdiane som er sett på lokalitetane. Dei seier at freding med tilhøyrande ilandstigningsforbod vil framandgjere dei for deira eige nærmiljø. 30 grunneigarar og 197 andre kvamsøyinger (også fråflytta) har skrevet under på protesten til bygdelaget.

Underskriftsliste med 9 personar som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 85).

Underskriftsliste med 11 personar som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 86).

Underskriftsliste med 3 personar som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 87).

Kenneth Beitveit, representant for fiskarane i Sande, kan ikkje gå med på verning av dette området (doknr. 126). Området blir brukt til låssetting av sei og makrell, samt reserveplass for laksemerder, krabbe- og hummarfiske og jaktområde for steinkobbe.

Fiskeridirektoratet viser til at foregår tidvis kystfiskeaktivitet med teiner, ruser og andre konvensjonelle redskap i stort sett heile området (doknr. 126). I området er det låssettingsplassar for sei og makrell, og det er jaktområder for steinkobbe. Dei viser til at området i kommunens arealplan er avsett til NFFF-område, men med opning for oppdrettsaktivitetar utan overflateinstallasjonar.

VÅR VURDERING

Protesten på kort høringsfrist til oppstartsmeldinga blei teken til følgje ved at rettshavarane fekk utsett uttalefrist frå 27. feb. til 1. mai 2004. Ferdelsforbodet 50 ut i sjø er teke bort frå verneforskrifta.

Når det gjeld Eggholmen er denne holmen verdifull for sjøfugl og vi finn det ikkje tilrådeleg å ta Eggholmen ut av verneplana.

Vi er ikkje i tvil om at dagens befolkning på Kvamsøy set pris på naturen rundt seg og skjøttar også om sjøfuglane. Men ei verneplan opererer uavhengig av eigarsstruktur og gjeld for all tid og vil soleis verne naturen betre. Vi kan ikkje sjå at folket på Kvamsøya har kome med forslag til nokon betre verneform enn vem ved naturreservat etter naturvernloven.

Aarsheims innspel om fortsatt lyngbrenning blir teke til følge ved at vi tillet brenning av lyng mellom 15. sept og 15. mars for å betre beitet jfr. verneforskriftas § 4 punkt 3. Det blir ikkje satt i gang noko spesielt tiltak for å minke rovfuglbestanden, men jakt etter viltloven er tillate etter verneforskriftas § 4 punkt 5. Ein spesiell oppfølging med omsyn til rovfugl kan takast opp i forvaltingsplana jfr. verneforskriftas § 7.

Ferdelsforbodet i sjø er teke bort medan ferdelsforbodet på land står ved lag. Vi ser at dette vil forringe livskvaliteten til dei som tidlegare har gått på land på holmane. Men hensynet til sjøfuglane vege her tyngre og eit ferdelsforbod er difor nødvendig.

Vi veit om dei planane som ligg føre om restaurering av gammal handelstad på Storholmen, og utvikling av området med hotell, utleigehytter, kaianlegg m.v. i regi av Storholmen AS. Dette har vi teke til følgje ved at vi har teke ut sjølv Storholmen ut av verneplana.

Når det gjeld dei tradisjonelle fiskeriaktivitetane kan ikkje vi sjå at vermet er til hinder for verken dette eller kobbejakt. Vi kjenner ikkje til at området er godkjent for plassering av laksemerder.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Sju merknader.

Sande kommune meiner at framlegget til verneplan i liten grad endra i samsvar med kommunen og bygdefolket sine uttalte ønskje (doknr. 174). Kommunen ber om utsatt høyringsfrist til 31. mai og inviterer samstundes DN og fylket til synfaring på dei ulike lokalitetane.

Unni Elin Hovden, eigar av grn./bnr. 53/6, ber om at eigedomen blir teken ut av verneplana (doknr. 179). Eigar meiner at ein blir fråteken moglegheita til å bruke eigedomen i framtida.

Eigar av Eggholmen, Kåre Myren, viser i sitt brev til samanhengen mellom reduksjon av sjøfuglbestandane og den historiske nedgang i folketal og innføring av mink (doknr. 201). Han meiner at fangst av mink og oppretthald folketalet er dei to faktorane som vil auke sjøfuglbestandane att. Fredinga har ingen effekt og må sløyfast.

Kvamsøy Bygde- og Næringslag går sterkt imot den framlagte verneplanen (doknr. 245). Dei viser til tidlegare merknader og undeskriftslistar og meinat det nye framlegget ikkje tek omsyn til desse. Å gjennomføre verneplanen som framlagt vil bandlegge dei viktigaste fritids- og rekreasjonsområda for innbyggjarane på Kvamsøya i alle sommarmånadene. Dei krev at området blir teke ut av verneplan for hekkande sjøfugl.

Rolf Ervik, rettshavar til gm./bnr. 55/1, viser til tidlegare merknader frå seg sjølv og frå Kvamsøy bygde- og næringslag og held på desse synspunkta og på standane (doknr. 251). Han peiker på at verneverdien for Eggholmane – Lisjeholmen er satt for høg. Vidare viser han til at det er forskjellsbehandling at utkanten Kvamsøy må verme store områder i sjø mot byane Molde og Ålesund der føreslegne verneområder blir trekta ut under verneplanprosessen. Han føresleg at vermet av sjøfuglane på Eggholmane – Lisjeholmen blir sett til restriksjonar på eggplukking og ein systematisk minkfangst.

Jarle Støylen, eigar av Storholmen AS på Storholmen, protesterer mot det nye fredingsforslaget (doknr. 253). Han viser til at sjølv om Storholmen no er teke ut av verneplanen, vil ein fortsatt båndlegge store areal rundt holmen som fortsatt vil forringe verdien av satsinga på Storholmen.

Kystverket meinat mellom anna at det fortsatt bør vere bruk av fyra etter at Kystverket ikkje finn nytte av fyra lenger (doknr. 278).

VÅR TILRÅDING:

Vi kan ikkje utsette fristen for Sande kommune for høyringa heilt til 31. mai grunna tidsfristen sett av Direktoratet for Naturforvaltning. Men vi blir gjerne med på synfaring på lokaliteten saman med DN.

Vi har ikkje til hensikt å hindre etterbruk av fyra og vi vil difor legge inn eit punkt under § 4 (generelle unntak) som tillet bruk av fyret etter ein driftsavtale mellom forvaltningsstyresmaktene og Kystverket.

Vi registerer at det er ein stor lokal motstand mot vern av lokalitet Eggholmane – Lisjeholmen. Vi ser at Eggholmane – Lisjeholmen er ein større lokalitet og at eit ferdsselsforbod sommarstid vil ramme friluftslivet hardt. Etter ei samla vurdering av verneinteressene og buken av området har vi kome fram til at vi tilrår at Eggholmane – Lisjeholmen blir eit fuglefredingsområde (tidlegare naturreservat) med moglegheit for islandstigning sommarmåna dene.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Eggholmane-Lisjeholmen fuglefredingsområde i Sande kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 9 og § 14, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 53/2,6 54/1,2,3,5,6,7,8,9,10,11,12,13,52 55/1,3,4 56/1,2,3,4 57/1,2,3,4,5,9 58/1,5 60/2 i Sande kommune.

Fuglefredingsområdet er på om lag 3274 daa, av dette omlag 139 daa landareal og om lag 3135 daa sjøareal. Grensene for fredingsområdet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekpunktene er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Sande kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekkelokalisitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler fra reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplastinga er ikkje fullstendig.
4. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
5. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av fredingsområdet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremaktene.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av fredingsområdet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

8. Tæretråling i perioden 1. august til 30. april.

Reglane i § 3, nr. 4, er ikkje til hinder for:

9. Bruk av Haugsholmen fyr etter eigen driftsavtale med Kystverket.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjøre unntak fra forskrifta når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningsliner for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Riste

KOMMUNE:	1514 Sande
KARTBLAD (M711):	1119-III Vanylven
UTM (EUREF89):	32VLO1005
LANDAREAL (M ²):	774935
SJØAREAL (M ²):	793090
GARDS- OG BRUKSNR:	62/1,2

OMRÅDESKILDRING: Berglendt øy, ca. 800 daa og med høyeste punkt 191 m.o.h. Det er bratt i sjøen kring heile øya unntekse eit mindre stykke i nordaust. Den vestlege delen er bratte fjellsider med urar og stup, dels med sprekker og klover. Mot nord er det bakkar med fuktthei som består av gras- og lyngmark og strandeng med nokre busker. Heilt i sør er det eit flatare parti i overgangen mot det grunne Ristesundet. Her ligg to småbruk med kulturmark, fråflytta i 1964. Det er registrert vesentlege kulturlandskapsverdiar på den nordre delen av Sandsøya, men Riste er dårlig undersøkt.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1981	1994-95
Havhest	5 - 10 par	ca 10 par
Toppskarv	ca 40 par	ca 15 par
Ærfugl	spreidde par	spreidde par
Fiskemåse	2 par	spreidde par
Sildemåse	1 par	
Gråmåse	50 - 100 par	einskilde par
Svartbak	ca 15 par	spreidde par
Teist	ca 10 par	
Totalbestand alle artar:	ca 150 - 180 par	35 - 55 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Klimaet er utprega atlantisk og plantesamfunna er av stor interesse, bl.a. med fleire kravfulle og sjeldne planteartar som havburkne, purpurlyng o.l. Berggrunnen er variert, m.a. med eklogitt. Av andre hekkande fuglearartar kan nemnast fleire par gravand, tjeld og 14-15 småfuglartar. Tidlegare var topsskarvcolonien større og lokale kjelder oppgjev at det har hekka lunde. Ein kan ikkje sjå bort ifrå at havsvale og/eller stormsvale kan hekke på øya. Dette er ikkje undersøkt. I 1972 vart det sett ut geiter som har etablert ein liten forvilla bestand.

UTFØRTE INNGREP: Kulturmark og bygningar i sør. Det står eit verneverdig hus og saltarbu på øya.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsatt til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til NFFF.

OPPSTARTSMØTE: Møte 24.03.2004 med kommunen på formiddagen og seinare på dagen på Kvamsøya (fellesmøte med Storholmen) der Ristes vene var representert.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Taretråling. Sauer og geiter beiter på øya. Stiftinga «Ristes vene» har kulturtildelning knytt til gardsbruket sommarstid.

OPPSTARTSMELDINGER:

INNKOMNE MERKNADER: Fjorten merknader deriblandt protestliste med 265 underskrifter.

Sande kommune seier (doknr. 15) at Riste er brukt til beite heile året og at øya er registrert som særlig verdifullt kulturlandskap med nasjonal verdi, og det er difor sterkt ønskeleg at beitinga held fram. Bustadhuset er nytta av eigaren i sommarhalvåret.

Området er nytta til friluftsgudstjenester av ålmennata og det har vore arbeidd med planar om å auke ulike aktivitetar knytt til tunet.

Ristes vene ber om at verneplanarbeidet for hekkande sjøfugl konsentrerer seg om områder der hekkande sjøfugl er ein realitet (doknr. 55). På Riste er det i dag mindre enn 10 par av måsar, skarv, teist og ærfugl medan det kan vere eit par hekkande havørn og gravand (registering utført i 2003). Riste er i dag brukt til rekreasjon og beite. Ristes vene sine kulturelle aktivitetar på Riste vil kollidere med ferdelsforbodet i vemet.

Kvamsøy Bygde- og Næringslag ønskjer ikkje bandlegging av areal og heller ikkje ferdelsinnskrenkingar på holmane rundt Kvamsøya (doknr.75). 38 personar har skreve under dette oppropet frå bygdemøtet den 24.03.2004.

Underskriftsliste med 4 personar som protesterer mot det føreslegne vemet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 77).

Underskriftsliste med 3 personar som protesterer mot det føreslegne vemet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 78).

Underskriftsliste med 3 personar som protesterer mot det føreslegne vemet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 79).

Underskriftsliste med 5 personar som protesterer mot det føreslegne vemet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 80).

Underskriftsliste med ein person som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 81).

Kvamsøy Bygde- og næringslag går sterkt imot og protesterer mot vem av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 84). Dei viser til manglende dokumentasjon av behovet for vem i området, forklaring på korleis kriteria er brukt og korleis ein har kome fram til verdiane som er sett på lokalitetane. Dei seier at fredning med tilhøyrande ilandstigningsforbod vil framandgjere dei for deira eige nærmiljø. 30 grunneigarar og 197 andre kvamsøyningar (også fråflytta) har skrevet under på protesten til bygdelaget.

Underskriftsliste med 9 personar som protesterer mot det føreslegne vemet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 85).

Underskriftsliste med 11 personar som protesterer mot det føreslegne vernet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 86).

Underskriftsliste med 3 personar som protesterer mot det føreslegne vemet av Eggholmane-Lisjeholmen og Riste (doknr. 87).

Kenneth Beitveit, representant for fiskarane i Sande, kan gå med på begrensa verning av den nordvestre delen av Riste(doknr. 126). Er med på begrensa veming så lenge det gjeld berre område på land, ikkje sjøområde i det heile. Han viser til at sjøområdet ved Riste er antageleg det beste området for hummer- og krabbefiske.

Fiskeridirektoratet viser til fiskeaktiviteten er tidvis stor med teiner og ruser (doknr. 126). Tidvis også gammiske etter pigghå og anna blandingsfiske. Dei viser til at området rundt Riste i kommunens arealplan er avsett til NFFF-område, men med opning for oppdrettsaktivitetar utan overflateinstallasjonar.

VÅR VURDERING

Vi ser ingen hindring i at området blir beitt som før. Eigaren får nytte sitt bustadhus som før. Vi ser at Riste er lite tilgjengeleg for andre enn dei som er kjente der. Difor vil gje ein generelt unntak for ferdselforbodet sommarstid for ferdsel i regi av stiftinga "Ristes vene" jfr. verneforskrifta § 4 punkt 9.

Når det gjeld ferdselforbodet i sjø har vi teke merknaden til følge og det blir ikkje ferdselforbod for verken fiskararar eller ålmenta i sjøen innanfor verneområdet.

Vi meiner ut frå dei sjøfuglregistreringar vi har at Riste er verneverdig. No kan det gjerne vere slik at pr dato er det mindre sjøfugl på Riste, men det utelukker ikkje at lokaliteten har kvalitetar som gjer at til dømes havhest og teist vil hekkje der.

LOKAL HØYRING:

I INNCOMNE MERKNADER: merknader er kome inn. Ein frå kommunen og fire frå rettshavarar.

Sande kommune meiner at framlegget til verneplan i liten grad endra i samsvar med kommunen og bygdefolket sine uttalte ønskje (doknr. 174). Kommunen ber om utsatt høyringsfrist til 31. mai og inviterer samstundes DN og fylket til synfaring på dei ulike lokalitetane.

Grunneigaren på Riste, Sverre Riste, forventer at han sjølv og hans nærmaste familie kan fritt bevege seg på land på Riste og til sjøs rundt (doknr. 189). Grunneigaren vil også ha retten til å setje opp og bruke fritidsbustad på gardstunet på Riste. Han viser også til at stiftinga "Ristes vene" har avtale berre om om bruk av huset og hagen rundt og at det er grunneigaren som bestemmer ferdselet på Riste.

Foreninga Ristes vene klagar på dei føreslegne føreslegne fredingsplanane på Riste og meiner at planane set ei sterkt avgrensing på aktivitetane til laget (doknr. 239). Dei ber om at det anten blir sett ein lågare vernestatus på øya, eller at det blir rom for gjenreisning av dei husa som var på garden i perioda før andre verdskrig.

Leigar av sauveite på Riste, Jostein Korsnes, ber om at det kan opnast opp for at det kan førast opp eit le-skur for sauene der om Mattilsynet krev det.

Rolf Ervik viser til tidlegare merknader frå seg sjølv og frå Kvamsøy bygde- og næringslag og held på desse synspunkta og påstandane (doknr. 251). Han avviser freding av Riste og meiner at registreringane på staden er feil, til dømes hekking av havhest i 1981 og 1994/1995. Han peiker på at å tillate berre Ristes vene å gå i land på Riste sommarmånadene er lite gjennomtenkt og han meiner at Riste må vere tilgjengeleg for alle.

VÅR TILRÅDING:

Vi kan ikkje utsette fristen for Sande kommune for høyringa heilt til 31. mai grunna tidsfristen sett av Direktoratet for Naturforvaltning. Men vi blir gjerne med på synfaring til Riste saman med DN.

Vi registerer at det er ein stor lokal motstand mot vern av lokalitet Riste. Vi ser at Riste er lite tilgjengeleg for andre enn lokale brukarar grunna naturvernadvadene. Samstundes ser vi at eit ferdselforbod sommarstid vil ramme det lokale friluftslivet hardt. Etter ei samla vurdering av verneinteressene og buken av området har vi kome fram til at vi tilrår at Riste blir eit fuglefredingsområde (tidlegare naturreservat) med moglegheit for islandstigning sommarmånadene.

Når det gjeld oppføring av bygg er dette noko som skal handsamast i kommunen jfr. plan- og bygningsloven og er noko ikkje vi kan avgjere på fylket. Samstundes vil vi peike på at sjølv om det er jfr. § 3 punkt 3 ikkje kan førast opp bygningar, er det opning for dispansasjonar jfr. § 6 i verneforskrifta.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Riste fuglefredingsområde i Sande kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 9 og § 14, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 62/1,2 i Sande kommune.

Fuglefredingsområdet er på om lag 1568 daa, av dette omlag 775 daa landareal og om lag 793 daa sjøareal. Grensene for fredingsområdet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Sande kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniløpet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftledninger, jordkablar og kloakkledninger, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
5. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyretema.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av fredingsområdet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
8. Taretråling i perioden 1. august til 30. april.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Nupafjellet

KOMMUNE:	1514 Sande
KARTBLAD (M-711):	1119-III Vanylven
UTM (EUREF89):	32VLO2004
LANDAREAL (M ²):	972489
SJØAREAL (M ²):	387566
GARDS- OG BRUKSNR:	25/1,2,3,4 26/1 27/4

OMRÅDESKI LDRING: Nord- og vestvende strender og fjellsider fra sjøen opp mot ca 240 m.o.h.. For det meste kledd med lysthei- og myrvegetasjon, men også med nakkne svaberg, steinar og stup.

VERDI VURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1984 - 86	1994 - 95
Ærfugl	Spreidde par	spreidde par
Sildemåse	ca 50 par	40 - 50 par
Gråmåse	2 - 300 par	ca 200 par
Svartbak	ca 20 par	ca 50 par
Totalbestand alle artar:	3 - 400 par	ca 300 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: I området hekker elles enkeltbekkasin, storspove, ramn og orrfugl. Måsekolonien har synt seg nokonlunde stabil over tid, særleg er det viktig å vere merksam på sildemåsen.

UTFØRTE INNGREP:

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til NFFF nord om Hesthammameset og NFFA mot sør.

OPPSTARTSMØTE: Møte 24.03.2004 med kommunen på formiddagen og seinare på dagen med 5 rettshavarar.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Fiske fra land. Oppdrettsnæring. Eventuell eggsanking.

OPPSTARTSMELDINGER:

INNKOMNE MERKNADER: 8 innkomne merknader.

Hallelia Grendalag (doknr. 27) seier at eit vern av Nupafjellet vil føre til ei vesentleg innskrenking av moglegheitene innbyggjarane har til å nytte området til turgåing og fiske frå land. Grendalaget meiner at den store hekkebestanden av sjøfugl på staden viser at samspelet mellom folk og fugl fungerar no og at ein ikkje treng å opprette naturreservat for at sjøfuglane skal bergast. Grendalaget går inn for ei total avvisning av verneplanane.

Nupafisk AS (doknr. 31) viser til at dei har konsesjon for eit landanlegg for torsk ved Båtvika. Dei seier at tomta dei har disponibel til konsesjonen kjem i konflikt med vermegrensa på kartet som følgde oppstartsmeldinga. Vidare ser dei eit framtidig behov for ein sjøbasert konsesjon i området Nupaholmane/Grønvika. Dei ønskjer difor å flytte grenselina noko i retning Grønvika. Dei kan ikkje akseptere ytterlegare avgrensingar av drifta enn det som allereie ligg i konsesjonsvilkåra.

Hallebygda Grunneigarlag går inn for ei total avvisning av eit eventuelt vern av Nupafjellet og krev at Nupafjellet blir teke ut av verneplanen (doknr. 34). Dei meiner at Nupafjellet er gjeve ein verneverdi på sviktande grunnlag. Vidare meiner dei at området ikkje

tilfredsstiller kriteria for eit naturreservat ved at området inneheld skog, skogplantefelt, dyrkingsveg, dyrka mark og vassforsyningasanlegg til fleire gardsbruk.

Ingvald Nupen, eigar av gnr./bnr.. 25/2, krev at heile eigedomen hans blir halden utafor verneområdet (doknr. 36). Han viser til at etter det vedlagte kartet vil store delar av dyrkamarka på bruket hans kome innafor området, vidare eit granplantefelt, ein traktorveg og gardsbrønnen. Desse tiltaka skjedde på 80- og 90-talet med økonomisk stønad frå Fylkesmannen (landbruksavdelinga). Eigedomen er elles nytta til beiting av storfe der terrenget er brukande til det. Nupen les at etter verneforskrifta vil drift av dyrka mark og beiting av storfe vere forbode. Vidare viser han til noverande tilstand og framtidsplanane for eigedomen hans med fiskeoppdrett på land og i sjøen. Til slutt seier han at han ser ikkje at ferdelsen i området har nokon som helst negativ verknad på sjøfuglane på staden.

Grunneigar Sverre Harald Roppen ser på verneforslaget som noko som han ikkje vil ha (doknr. 38). Han begrunnar dette med at Nupafjellet ikkje fyller krava til eit naturreservat, uriktige registreringar av sjøfuglbestandane, fuglebestanden er ikkje skadd idag grunna inngrep og at verneforslaget har utelukkande til hensikt å forringe livskvaliteten til dei fastbuande.

I ein uttale frå turfolk og brukarar av Nupafjellet protesterer 57 personar på vem av Nupafjellet (doknr. 51). Dei viser til at Nupafjellet og Nupatinden er eit svært populært turmål. Dei ønskjer å nyte stien frå Drageskardet til Nupatinden som før. Dei går også imot ferdselforbodet i sjøområda vest for Nupafjellet.

Hallebygda småbåttag med sine 32 medlemer protesterer mot verneplanen, særleg reglane om ferdelsforbod (doknr. 59). Dei ser forbodet mot islandstigning og ferdsel på alt landareal og i sjøen som meiningslaust. Dei protesterer på at dei som berørt part ikkje har fått tilsendt informasjon om verneplanen.

Fiskeridirektoret krev at verneområdet blir avgrensa til Hesthamarneset i sørvest, lik avgrensinga for NFFF-området (doknr. 126). Berre landareal bør inngå i verneområdet. Eit landbasert oppdrettsanlegg vil i følgje kartmateriell mest sannsynleg bli omfatta av verneområdet. I området blir det drive eit visst kystfiske med teiner, ruser og passive reiskapar.

VÅR VURDERING

Vi ser at ferdselforboden på land hindrar ålmenta i å drive friluftsliv sommarstid innafor verneområdet, men omsynet til sjøfuglane veg tyngst her.

Når det gjeld det landbaserte oppdrettsanlegget tek vi merknaden til følgje og flyttar vermegrensa vestover ved Båtvika slik at oppdrettsanlegget blir liggande utanfor verneområdet. Når det gjeld framtidig mogleg oppdrett i sjøen kan vi ikkje endre grensene ut frå dette grunnlaget. Vi meiner med dette at verneplanen difor ikkje legg begrensingar i den drifta som Nupafisk AS har konsesjon til pr. dato.

Hallebygda Grunneigarlag meiner at Nupafjellet er gjeve ein verneverdi på sviktande grunnlag. Vi meiner å kunne tilbakevise dette ut frå dei verneverdiane som ligg i sjøfuglbestandane på Nupafjellet. Vi meiner at dei menneskelege inngrepa i området (dyrka mark, plantefelt m.m.) er av mindre art sjølv om ein ideelt ser for seg at eit naturreservat skal vere utan menneskelege inngrep. Dette, samstundes som ein ser for seg eit samanhengande område for sjøfuglane frå Nupafjellet til sjøen med strandline og holmane utanfor, gjer at vi ikkje tek merknaden til følgje.

Ingvald Nupen les at jf. verneforskrifta vil drift av dyrka marka og beiting av storfe vere forbode. Vi kan ikkje lese anna ut frå verneforskrifta § 4, punkt 3 enn at tradisjonelt beite og vedlikehald av anlegg som er bruk på fredningstidspunktet er tillate. Vi meiner difor at merknaden er imøtekomen med dagens forslag til verneforskrift.

Til Sverre Harald Roppen er det å seie at vi meiner at sjøfuglregistringane er basert på vitskaplege metodar. Vi meiner at Nupafjellet fyller krava til naturreservat. Det er mogaleg at dei menneskelege inngrepa som er i området i dag ikkje plagar fuglen, men ved vem vil vi sikre sjøfuglane leveområde i Nupafjellet for framtida. Verneplanen har til hensikt først og framst å fremje sjøfuglane sine interesser, ikkje å forringe livskvaliteten til dei fastbuande.

Vi har registrert den mykje nytta stien frå Drageskardet til Nupatinden og ønskjer å ta omsyn til dette i verneforskrifta. Bruk av denne spesielle stien vil difor bli tillate også i mai, juni og juli jf. verneforskriftas § 4 punkt 8.

Hallebygda småbåttag held til utanfor det føreslegne verneområdet og har ikkje etter det vi veit nokon rettigheter innanfor lokaliteten utover ålmenta. Vi har prøvd å nå dei ulike lokale aktørane utover kommunane og rettshavarane ved avisannonsering i lokalavisa jf. saksbehandlingsreglane etter naturvernloven. Når det gjeld ferdselforbodet i sjøen har vi gått vekk frå dette medan ferdselforbodet på land står ved lag.

LOKAL HØYRING:

MERKNADER: 5 merknader.

Ingvald Nupen, eigar av gnr./bnr.. 25/2, krev primært at heile eigedomen hans blir halden utover verneområdet (doknr. 194). Sekundært krev han at den delen av eigedomen han har beite og slått blir halden utanfor verneområdet. Vidare meiner han at vedtekene må endrast slik det også i framtida kan drivast landbruksnæring på hans eige dom.

Eigarar av Roppen Samdrift ANS krev at det føreslegne verneområdet ikke blir gjennomført (doknr. 209). Dei meiner at det ikke er til stades dei fuglebestandane som går fram av verneplanen og at det føreslegne verneområdet ikke fyller krava sett til eit naturreservat.

Nupafisk v/ Kåre Nupen meiner at dei registeringane som er førelagt ikke er rett og at det ikke er naudsynt med freding av Nupafjellet (doknr. 243).

Hallebygda Grunneigarlag viser til tidlegare oversendte fråsegn og held ved lag dei krava som vart framsatt der (doknr. 247).

Hallelia Grendalag seier at dei er sterkt mot den framlagde verneplanen og kan på ingen måte sjå at friluftslivsaktiviteten på Nupafjellet vil forstyrre fuglen der (doknr. 254).

VÅR TILRÅDING:

Fleire av merknadene stiller spørsmål ved om registeringane av sjøfuglane på Nupafjellet er rett. Vi har ingen grunn til å stille spørsmål ved dei registeringane som ligg til grunn for verneplanen og vil tilbakevise denne påstanden.

Vi meiner at tradisjonelt beite og vedlikehald av anlegg som er bruk på fredingspunktet er tillate jfr verneforskriftas § 4 punkt 3.. Vi meiner difor at denne merknaden er imøtekomen med dagens forslag til verneforskrift. Når det gjeld dyrka mark ser vi at det er uheldig at det er fulldyrka mark innanfor eit naturreservat. Vi tilrår difor ei endring av vermegrensa slik at ikke det er dyrka mark innanfor reservatet.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Nupafjellet naturreservat i Sande kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 25/1,2,3,4 26/1 27/4 i Sande kommune.

Reservatet er på om lag 1331 daa, av dette om lag 943 daa landareal og om lag 388 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Sande kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-4, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

8. Bruk av stien fra Drageskardet til Nupatinden.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyretemakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyretemakta kan gjøre unntak fra forskriften når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyretemakta, eller den forvaltningsstyretemakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyretemakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyretemakt etter denne forskriften.

§ 9 I verksetjing

Denne forskriften gjeld fra vedtaksdato.



Svinøya

KOMMUNE:	1515 Herøy
KARTBLAD (M-711):	1119-IV Fosnavåg
UTM (EUREF89):	32VLQ0616
LANDAREAL (M ²):	115771
SJØAREAL (M ²):	423808
GARDS- OG BRUKSNR:	Staten ved Kystverket eig

OMRÅDESKILDRING: Lita øy, ca. 500 x 300 m, langt til havs. Avstand til nærmeste «nabo» er ca. 11 km. Det er stort sett berghamar og stup mot sjøen, men øya er meir flatlendt på toppen med grasmark i den søraustre delen, snauvaska berg og litt steinur i vest og nord. Høgste punktet er om lag 20 m.o.h.

VERDIVERDING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1985	1994 - 95
Havsvale	?	?
Stormsvale	?	?
Toppskarv	2 par	ca 15 par
Ærfugl		einskilde par
Fiskemåse	ca 30 par	50 par +
Sildemåse	1 par +	einskilde par
Gråmåse	ca 5 par	einskilde par
Svartbak	1par +	ca 10 par
Krykkje	ca 50 par	?
Raudnebbterne	10 - 20 par	50 par +
Lomvi	1 par ?	?
Alke	?	?
Teist	2 par	2 - 3 par
Lunde	160 par +	2 - 300 par
Totalbestand alle artar	250 - 300 par	350- 450 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av annan hekkefugl kan nemnast tjeld, skjerpiplerke, ramn, linerle. Tidlegare har det hekka både lomvi og alke (5-10 par og 25-30 par i 1954), men det synest som desse artane er borte eller berre hekkar i einskilde år. Truleg varierer også krykkjebestanden betydeleg frå år til år p.g.a. problem med båreslag. Nærleiken til Stad gjer Svinøya til den mest vêrutsette holmen i fylket og han ligg slik at han er svært viktig som rasteplass for fugl på trekk langs kysten. Dette gjeld til dømes gjæser, vadrar og mange artar sporvefugl. Det samla talet på artar som er observert er difor etter måten stort. Fuglelivsfreding (artsfreding) sidan 1935.

UTFØRTE INNGREP: Verneverdig fyrtasjon med tilhøyrande bygning. År om anna har det vore geiter på holmen.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til NFFFA.

OPPSTARTSMØTE: Møte 29.03.2004 med kommunen i Kvalsøya og med rettshavarane. Ingen møtte frå rettshavarane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Ingen.

OPPSTARTSMELDINGER:

INNKOMNE MERKNADER: Tre merknader.

Kystverket har ingen innvendingar mot at fyrvernet frå 1935 blir oppheva (doknr. 9 og 49). Kystverket ser helst at Svinøya ikkje tas med i verneplanen. Dette då dei oppfattar at det er forbode å bruke helikopter og då vil drifta av desse tre fyra bli umogleg. Dei ønskjer å endre ordlyden i verneforskriftas generelle unntaksbestemmelser til; Reglane er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av kystverket og televerket sine bygg og anlegg, eksisterande kraftliner, kablar og sjøkablar og all ferdsel i samband med dette, herunder bruk av helikopter. Dei ønskjer også under kap. om eventuelle unntak etter søknad at ordlyden skal endrast til; Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etablering av nye anlegg for kystverket og alle naudsynte tiltak for framtidig drift av dei same anlegga, herunder endra driftsform, vedlikehald, og restaurering av kultuminne.

Fiskeridirektoret føreslår at berre sjølve Svinøya blir omfatta av forslaget (doknr. 126). Fiskeriaktiviteten i området er i stor grad avgrensa til krabbe- og hummarfiske, samt garn-/snørefiske. Dei kan ikkje sjå at det skulle vere behov for eit verneområde som går mange hundre meter nord for holmen.

VÅR VURDERING

Vemeforskriftas §4 punkt 2 seier at ; Reglane i § 3 er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette. Dette betyr at om kystverket ønskjer å bruke helikopter for vedlikehald av kystverket sine anlegg så må dette søkast dispensasjon om jfr. vemeforskriftas § 6.

Når det gjeld forslaget om å utvide moglegheita for eventuelle unntak etter søknad meiner vi at vemeforskriftas § 5 (Eventuelle unntak etter søknad) og § 6 (Generelle dispensasjonsreglar) gjev kystverket og andre aktørar som har anlegg som er vesentlege i samfunnet, nødvendig spelrom.

Vi greier ikkje å sjå at forslaget til vern av Svinøya og sjøområde legg noko hinder for utøving av fiske slik det er i dag i området. Vi held difor på det forslaget til grense som var gjeve ved oppstartsmeldinga.

LOKAL HØYRING:

MERKNADER: To innkomne merknader.

Herøy kommune krev at det blir gjort ei endring/justering av forskrifta med sikte på at Svinøya også skal kunne nyttast i turistsamanheng (doknr. 237). Vidare ber kommunen om at området blir avgrensa til berre å omfatte sjølve Svinøya.

Kystverket meinar mellom anna at det fortsatt bør vere bruk av fyra etter at Kystverket ikkje finn nytte av fyra lenger (doknr. 278).

VÅR TILRÅDING:

Vi greier ikkje å sjå at forslaget til vern av Svinøya og sjøområde legg noko hinder for utøving av fiske slik det er i dag i området. Vi held difor på det forslaget til grense som var gjeve ved den lokale/sentrale høyringa.

Den type turisme som Kystverket legg opp til er av så lite omfang og under så kontrollerte vilkår at vi tilleitt dette etter ein eigen driftsavtale knytt til § 4 vemeforskrifta. Vi har ikkje til hensikt å hindre etterbruk av fyra og vi vil difor legge inn eit punkt under § 4 (generelle unntak) som tillet bruk av fyret etter ein driftsavtale mellom forvaltningsstyremaktene og Kystverket.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Svinøya naturreservat i Herøy kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr Staten ved Kystverket eig i Herøy kommune.

Reservatet er på om lag 539 daa, av dette omlag 115 daa landareal og om lag 424 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Herøy kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvalningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsl i samband med dette. Utleie av kystverket sine anlegg etter eigen driftsavtale.
3. Beite, nødvendig ferdsl i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.

7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

Reglane i § 3, nr. 4, er ikke til hinder for:

8. Bruk av Svinøy fyr etter egen driftsavtale med Kystverket.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremakta kan gjøre unntak fra forskriften når formålet med fredingen krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke strir mot formålet med fredingen.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta fastsett, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremakt

Direktoret for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyremakt etter denne forskriften.

§ 9 I verksetjing

Denne forskriften gjeld fra vedtaksdato.



Muleneset

KOMMUNE:	1515 Herøy
KARTBLAD (M-711):	1119-IV Fosnavåg
UTM (EUREF89):	32VLO1919
LANDAREAL (M ²):	258742
SJØAREAL (M ²):	192097
GARDS- OG BRUKSNR:	6/5 7/1,2,3,4,5 8/2,3,5,6,7 8/16,19 9/8

OMRÅDESKI LDRING: Nord- og vestvendte fjellsider på Nærlandsøya, frå havet og opp mot 250 m.o.h.. Området er prega av hamrar, steinur og stupbratte grasbakkar og det er fleire holer og kløfter. Langs toppen er det flatare med lynghei og rabbevegetasjon. Området er særslig utsett for véret. Muleneset inngår i eit større kulturlandskapsområde som er vurdert å ha nasjonal verdi (sjå Runde nedanfor).

VERDIVERDING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1986	1994 - 95
Havhest	ca 100 par	100 - 150 par
Havsvale	?	truleg hekkande
Stormsvale	?	?
Toppskarv	ca 350 par	ca 100 par
Ærfugl	spreidde par	spreidde par
Gråmåse	ca 50 par	ca 20 par
Svartbak	spreidde par	spreidde par
Tjuvjo	einskilde par	
Teist	ca 20 par	10 - 20 par
Totalbestand alle artar:	ca 550 par	ca 300 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Bestanden av topsskarv og gråmåse har tidlegare vore større, opptil 7-800 topsskarv kring 1975. Andre artar enn sjøfugl kan hekke som ein følgje av at her er fuglefjell. I heirområda som grensar til Muleneset hekkar også storjo. Dei botaniske verneinteressene er store, med varmekjære planteartar i sørskråningane av Mulefjellet og oseaniske, beiteprega plantesamfunn og strandplantar i heile området.

UTFØRTE INNGREP: Ei gammal torvbu på Mulefjellet.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsatt til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til NFFFA nord om Mulen og NFFF sør om Mulen.

OPPSTARTSMØTE: Møte 29.03.2004 med kommunen i Kvalsika og med rettshavarane. Ti stk. møtte frå rettshavarane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Ein del ferdsel oppe på fjellet. Taretråling.

OPPSTARTSMELDINGA:

INNKOMNE MERKNADER: Tre merknader.

Eigarar av gnr./bnr.. 7/3, Ole Brubakk og Astrid Brubakk, finn verneplanen unødvendig (doknr. 58). Dei stiller seg spørjande til eit slikt vern då mykje av området er svært bratt og lite tilgjengeleg. Dei stiller spørsmål om det er hekkande sjøfugl i området. Vidare viser dei til at Muletua er eit mykje brukta turområde. Dei les verneforskrifta slik at vermet vil vere til hinder for laksefiske og beite med sauier.

Herøy kommune kjem med fleire kommentarar og kjem med forslag om endra grense (doknr. 88). Dei meiner at det ikkje må vere ferdelsforbod i sjøen og at ferdelsforbodet

på land må vere berre i skarveura der det er hekking. Muletua er eit mykje nytta utfartsområde både lokalt og regionalt.

Fiskeridirektoratet seier at sjøområdet i verneforslaget burde bli teke ut, då dette området i svært liten grad vil kunne bli påverka eller nytta pga svært vanskeleg tilgjengelegheit (doknr. 126). Området blir mykje brukt i samband med krabbe- og hummarfiske.

VÅR VURDERING:

Vi meiner at ut frå dei sjøfuglregisteringane vi har for lokaliteten, er Mulenest verneverdig. Vi har endra verneforskrifta frå oppstartsmeldinga til at ferdseksforbodet ikkje gjeld sjøområda og det vil difor ikkje vere konflikt med laksefisket. Vemet vil heller ikkje vere til hinder for beiting av sau jfr. verneforskriftas § 4 punkt 3.

Det blir av omsyn til teist- og toppskarvkoloniane ikkje tillatt med taretråling.

Vi følgjer tankerekka til Herøy kommune slik at vi ikkje legg opp til hindring av friluftslivet så lenge dette ikkje går på bekostning av dei hekkande sjøfuglane. Vi har difor følgd kommunens forslag til endra avgrensing langt på veg og legg difor fram eit nytt kart til høyring.

LOKAL HØYRING:

MERKNADER: Ein merknad.

Herøy kommune ber om at det blir gjort ei nærmare vurdering av verneområdet på toppen av Muletua (doknr. 237). Dette grunna at mange fjellgårar kviler, raster og nyter utsikt oppe på toppen og at vernegrensa blir lagt utanom dei vanlegaste kvileplassane.

VÅR TILRÅDING:

Vi ser ikkje at å endre vernegrensa rundt toppen til beste for friluftslivet vil virke negativt for sjøfuglbestanden på Mulenest og vil difor endre vernegrensa for punkt 4 og 5 i tråd med kommunens ønske.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Muleneset naturreservat i Herøy kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 6/5 7/1,2,3,4,5 8/2,3,5,6,7 8/16,19 9/8 i Herøy kommune.

Reservatet er på om lag 447 daa, av dette omlag 255 daa landareal og om lag 192 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Herøy kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftledninger, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsl i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsl i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.

7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjøre unntak fra forskrifta når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningsliner for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Sandøya - Vattøya

KOMMUNE:	1516 Ulstein
KARTBLAD (M-711):	1119-I Ålesund
UTM (EUREF89):	32VLO3320 - 3421
LANDAREAL (M ²):	267090
SJØAREAL (M ²):	1740151
GARDS- OG BRUKSNR:	39/1,2,3,4,5,6

OMRÅDESKILDRING: Den største av dei tre øyane, Vattøya, er om lag 1200 x 700 m. Lyngøya og Sandøya er nokså runde og 2 - 300 m på tvers. Alle øyane er småkuperte, men heller flatlendte. Vegetasjonen er stort sett lynghei og strandeng, men på Vattøya er det seks fråflytta gardsbruk med tilgroande dyrkamark og beite. Det er elles fleire mindre holmar og skjer i området. Området utgjer ytste delen av den såkalla «Grøne korridor», fjordlandskapet mellom Herøy og Ulstein. Det er registrert store kulturlandskapsverdier her og Vattøya som gamal busetnad utgjere ein del av dette.

VERDIVERDING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975	1994 - 95
Ærfugl	spreidde par	fleire par
Fiskemåse	ca 5 par	30 - 40 par
Sildemåse		10 - 20 par
Gråmåse		50 par +
Svartbak	ca 30 par	60 par +
Tjuvjo	1 par	2 par
Makrellterne	1 par	15 -20 par
Raudnebbterne		20 - 30 par
Teist	?	?
Totalbestand alle artar:	40 - 45 par	200 - 250 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: På Vattøya er dei tettaste koloniområda på den nordlege delen. Her hekkar også ein del grågås. Det er naturleg å vurdere denne delen saman med Lyngøya og Sandøya og gruntvassområda imellom.

UTFØRTE INNGREP: Tidlegare fast busetnad på Vattøya. Det er registrert seks bruk på Vattøya, på tre av desse eigedomane er det ført opp fritidsbustad. Det står ein gammal skule på Vattøya.

PLANSTATUS: Det aktuelle verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen.

OPPSTARTSMØTE: Møte 27.04.2004 med kommunen og med rettshavarane. Fire møtte frå rettshavarane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Fritidsbustader og båtfart. Taretråling.

OPPSTARTSMELDINGER:

INNKOMNE MERKNADER: Fem merknader.

Grunneigarane på Vattøya ved Harald Lauvstad, Liv Vattøy/Anne Karin Nygjerde, Synneva Vattøy Ulstein, Dag Ulstein Kristensen, Ame Vattøy og Knut Erik Meinseth (doknr.5) ber om at dei som grunneigarar ikkje blir berørt av ferdelsforbodet i perioden 1. mai – 31. juli. Dette med grunnlag i at det er i denne perioden dei verkeleg har høve til både å bruke og vedlikehalde eigedomane sine på Vattøya. Dei viser til at den gamle skulen på Vattøya blir brukt av 9. klassingane på Ulstein Ungdomsskule til leirskule ei veke i mai/juni kvart år.

Magnar Vattøy, deleigar i gnr./bnr.. 39/1, protesterer på at delar av Vattøya skal fredast (doknr. 73). Han seier at det er 4-5 hytter på øya, og at det kanskje kan bli fleire, og det vil vere ein katastrofe for desse om det blir landingsforbod i sommarhalvåret. Han legg ved kopi av kart som viser fuglelivet rundt Vattøya frå 1940-1970. Vattøya vart fråflytta i midten av 70-åra, då kom minken og fuglekoloniane forsvann. Han meiner at å frede holmane rundt øya (+sydlegaste delen) vil vere eit bra alternativ for fuglen.

Synneva Vattøy Ulstein, eigar av gnr./bnr.. 39/3, ser helst at heile hovudøya (Vattøya) blir teke ut av verneområdet. Sekundært vil ho at grensa for vern blir sett så langt mot vest som råd (doknr. 97). Ho ønskjer grensa trekt vestover grunna to unike fjørebiotopar, Storhaugen som turmål og at det ikkje bør liggje hekkjeplassar for grågås innanfor verneområdet.

Grunneigarar til Flørauden, Eggholmen og Sandøya-Vattøya viser til at store deler av områda er freda som dyrelivs- og fulglelivsfreding frå før (doknr. 106). Fredinga i desse områda er såleis sterk nok for å ivareta vermeinteressene av hekkande sjøfugl. Dei meiner at fredinga som det her er gjort framlegg om er for sterk og unødvendig og legg for sterke hindringar for grunneigarar/rettshavarar. Tilbakegongen for sjøfugl i området skuldast manglande næringstilgang og ikkje forstyrring i hekketida eller nedbygging av hekkeområde. Dei krev at grensene for dyrelivsfredinga i området blir justert til sjøkanten.

Fiskeridirektoratet føreslår at eit eventuelt verneområde berre skal omfatte holmane og ikkje dei tilgrensande sjøareaala (doknr. 126). Området er tidvis mykje brukt til krabbe- og hummarfiske, samt gammel og anna blandingsfiskeri. Dei føreslegne vermeområda er store i utstrekning, og omfattar etter direktoratet si vurdering urimeleg store arealet der det i dag er ulike former for næringaktivitet heilte også uttak av skjelsand.

VÅR VURDERING

Grunneigarane vil få dispensasjon til nødvendig bruk og vedlikehald av eigedomane sine på Vattøya jf. § 4 punkt 3 og 6. Det blir ikkje landingsforbod på Vattøya, men det blir ferdelsforbod på nordsida av Vattøya for dei som ikkje har nødvendig ærend der. Ei vekes leirskuleopphold kvar vår kan rekne med å få dispensasjon i høve til ferdselforbodet i vermeforskrifta.

Vi ønskjer ikkje å trekke grensa lenger vest på Vattøya grunna vermeinteressene der. Men vi leggjer grensa litt utanfor Storhaugen grunna friluftsinteressene. Når det gjeld grågås vil vi kome attende til dette ved eit samspel mellom ein forvaltningsplan for grågås og vermeforskrifta for lokaliteiten.

Ut frå ei heilheitsvurdering vel vi å endre grensene for forslaget til verneområde til også å omfatte Hamnholmen/Hamnøya og arealet heilt i sør aust på Vattøya.

Vi greier ikkje å sjå at forslaget til vern av Sandøya-Vattøya og sjøområde legg noko hinder for utøving av fiske slik det er i dag i området og held difor på forslaget til grense som gjeve ved oppstartsmeldinga. Når det gjeld skjellsanduttak er dette ikkje tillate jf. vermeforskriftas § 3 punkt 3. Elles er skjellsanduttak også styrt av kontinentalsokkelloven.

Sandøya-Vattøya er delvis inne i Flø Dyrelivsfredingsområde der det mellom anna er jaktforbod. Det blir difor føreslått jaktforbod også innan det føreslattede sjøfugl-reservatet.

LOKAL HØYRING:

MERKNADER: Tre innkomne merknader.

Grunneigarane på Vattøya krev at heile Vattøya blir teken ut av verneområdet (doknr. 184). Dei meiner at det er feislått strategi å tru at ferdelsforbod og andre sterke restriksjonar på Vattøya skal kunne ha noko som helst positiv innverknad på sjøfuglbestandane i dette området. Dei peikar på vermet vil føre til auka ferdsel på sør- og austsida av Vattøya og at det vil bli ytterlegare restriksjonar på bygging av fritidsbusstader.

Eigar av gnr. 39 bnr. 4, Dag Ulstein Kloster, meiner at grensene for verneplanen kan legges utanfor Vattøya slik at den berre omfattar holmane rundt (doknr. 199). Han meiner vidare at planen er meir omfattande både med omsyn til avgrensing av aktivitet og geografisk utstrekning enn det som er nødvendig for verneverdiane.

Ulstein kommune ser på framlegget til ein verneplan for sjøfugl i Møre og Romsdal som eit verdifullt tiltak for å oppfylle politiske vedtekne, nasjonale miljømål (doknr. 276). For dei områda som er føreslegne innan Ulstein kommune, vil brukskonflikter i høve til verdiovervekt knytt til ivaretaking av kystnaturen, vere gjennomgåande små og underordna. Ulstein kommune meiner likevel at lokalitet Sandøya-Vattøya, som har vore nytta av brukarar/eigarar i generasjonar, må takast ut av verneplanen.

VÅR TILRÅDING:

Lokaliten Sandøya – Vattøya har vesentlege verdiar når det gjeld hekkande sjøfugl og vi meiner at avgrensinga og innhaldet i vermet ikkje er meir omfattande enn det som er nødvendig i høve til verneverdiane. For lokalitet Sandøya-Vattøya har vi ut frå merknader frå lokal hald, endra grensene noko for å tilfredsstille friluftsinteressene. Vi meiner at verneplanen legg minimale restriksjonar på bruken av Vattøya og tilrår difor lokalitet Sandøya-Vattøya naturreservat med gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Sandøya - Vattøya naturreservat i Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 39/1,2,3,4,5,6 i Ulstein kommune.

Reservatet er på om lag 2007 daa , av dette om lag 267 daa landareal og om lag 1740 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Ulstein kommune , hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremakt.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.
7. Taretråling i perioden 1. august til 30. april.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Eggholmen

KOMMUNE:	1516 Ulstein
KARTBLAD (M-711):	1119-I Ålesund
UTM (EUREF89):	32VLO350238
LANDAREAL (M ²):	16805
SJØAREAL (M ²):	155662
GARDS- OG BRUKSNR:	2/1,2,3,4,5,6,7,8

OMRÅDESKI LDRING: Liten og berglendt holme, ca 150 x 100 m med tarerunner i kring. På toppen av holmen og elles i revner, er det tett og frodig vegetasjon av ulike gras og urter. På holmen er det også flere dammar. Også Eggholmen ligg i utkanten av kulturlandskapet i den «Grøne korridoren». Det er ikke registrert særskilt viktige kulturlandskapskomplekser på Eggholmen.

VERDIVURDERING: **2**

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1981 - 82	1994 - 95
Ærfugl	20 par +	ca 50 par
Fiskemåse	5 - 10 par	ca 10 par
Sildemåse		10 - 15 par
Gråmåse	ca 10 par	ca 50 par
Svartbak	50 par +	ca 150 par
Teist	5 - 10 par	10 - 20 par
Totalbestand alle artar:	100 par +	ca 300 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre hekkande fugleartar finst grågås, stokkand, siland, flere par tjeld og skjerpiplerke. Dessutan er lokaliteten myteplass for stokkandhannar og kvileplass for skarv. Om vinteren er holmen overmatningsplass for skarv, måsar og kråker. Vegetasjonen er sterkt prega av gjødsling fra fuglane, med næringskrevjande artar. Mink vitjar området sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er uplanlagt (bantlegging gått ut).

OPPSTARTSMØTE: Møte 27.04.2004 med kommunen og med rettshavarane. Ingen møtte fra rettshavarane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Taretråling.

OPPSTARTSMELDINGER:

INNKOMNE MERKNADER: Ein merknad.

Grunneigarar til Flørauden, Eggholmen og Sandøya-Vattøya viser til at store delar av områda er freda som dyrelivs- og fulglelivsfreding frå før (doknr. 106). Fredinga i desse områda er såleis sterkt nok for å ivareta verneinteressene av hekkande sjøfugl. Dei meiner at fredinga som det er gjort framlegg om her er for sterkt og unødvendig og legg for sterke hindringar for grunneigarar/rettshavarar. Tilbakegongen for sjøfugl i området skuldast manglande næringstilgang og ikke forstyrring i hekketida eller nedbygging av hekkeområde. Dei krev at grensene for dyrelivsfredinga i området blir justert til sjøkanten.

VÅR VURDERING:

Vi meiner at forslaget til vern som no er lagt fram er nødvendig for sjøfuglane. Eggholmen er innanfor Flø Dyrelivsfredingsområde der det mellom anna er jaktforbod. Det blir difor føreslått jaktforbod også innan det føreslattede sjøfugl-reservatet.

LOKAL HØYRING:

MERKNADER: Ingen merknader på den lokale høyringa.

VÅR TILRÅDING: Vi tilrår Eggholmen naturreservat med foreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Eggholmen naturreservat i Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 2/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 i Ulstein kommune.

Reservatet er på om lag 172 daa, av dette omlag 17 daa landareal og om lag 155 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Ulstein kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsl i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsl i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.

7. Tæretråling i perioden 1. august til 30. april.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyretemakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyretemakta kan gjøre unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyretemakta, eller den forvaltningsstyretemakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningsliner for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyretemakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyretemakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Flørauden

KOMMUNE:	1516 Ulstein
KARTBLAD (M-711):	1119-I Ålesund
UTM (EUREF89):	32VLO366258
LANDAREAL (M ²):	12396
SJØAREAL (M ²):	222048
GARDS- OG BRUKSNR:	1/1,2,3,4,5

OMRÅDESKI LDRING: Ei gruppe små og temmeleg snaue skjer ut mot havgapet, berre med litt spreidd vegetasjon av gras og urter. På det største skjeren står ei fyrlykt. Innimellan skjera er det meir skjerma gruntvassbasseng med tangvollar.

VERDIVURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1985	1994 - 95
Ærfugl	10 - 20 par	ca 10
Fiskemåse	ca 5 par	
Svartbak	10 - 15 par	ca 10 par
Makrellterne		5 - 10 par
Raudnebbterne	10 - 20 par	40 par +
Teist	ca 10 par	ca 10 par
Totalbestand alle artar:	50 - 60 par	ca 80 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av hekkefuglar elles finst tjeld, steinvendar, kråke og truleg fleire par skjerpiplerke. Temebestanden varierer frå år til år og har vore større i toppår. Sjølv om talet på hekkefugl berre er måteleg, har lokaliteten stor verdi som natteplass for skarv (bortimot 1000 ind.), måsar og kräker (fleire hundre). Dette er også ein god beiteplass for ærfugl sommar som vinter. Mink opptrer sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen bortsett frå fyrlykta.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er uplanlagt.

OPPSTARTSMØTE: Møte 27.04.2004 med kommunen og med rettshavarane. To møtte frå rettshavarane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Taretråling.

OPPSTARTSMELDINGA:

INNCOMNE MERKNADER: Ein merknad.

Grunneigarar til Flørauden, Eggholmen og Sandøya-Vattøya viser til at store delar av områda er freda som dyrelivs- og fulglelivsfreding frå før (doknr. 106). Fredinga i desse områda er såleis sterkt nok for å ivareta verneinteressene av hekkande sjøfugl. Dei meiner at fredinga som det her er gjort framlegg om er for sterkt og unødvendig og legg for sterke hindringar for grunneigarar/rettshavarar. Tilbakegongen for sjøfugl i området skuldast manglande næringstilgang og ikkje forstyrring i hekketida eller nedbygging av hekkeområde. Dei krev at grensene for dyrelivsfredinga i området blir justert til sjøkanten.

VÅR VURDERING:

Vi meiner at forslaget til vern som no er lagt fram er nødvendig for sjøfuglane. Eggholmen er innanfor Flø Dyrelivsfredingsområde der det mellom anna er jaktforbod. Det blir difor føreslått jaktforbod også innan det føreslåtte sjøfugl-reservatet.

LOKAL HØYRING:

MERKNADER: To innkomne merknader.

Grunneigarane krev at dei får fortsette med å sanke svartbakegg på Flørauden (doknr. 197). Dei ønskjer å plukke i april/mai med ei mengde på inntil 20-30 egg.

Grunneigarana krev vidare av grensa for Flø Dyrelivsfredingsområde blir justert til sjøkanten på Ytre Flø (doknr. 198).

VÅR TILRÅDING:

Vi ønskjer å følge grunneigarane i deira ønskje om å plukke egg av svartbak som før og tillet dette ved § 4 punkt 8 i verneføresegnsene.

Eggholmen er innanfor Flø Dyrelivsfredingsområde. Endring av grense for Flø Dyrelivsfredingsområde er ikkje tema for denne verneplanen og vil bli handsama som ein førespurnd knytt til dyrelivsfredingsområdet.

Vi tilrår Flørauden naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Flørauden naturreservat i Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 1/1,2,3,4,5 i Ulstein kommune.

Reservatet er på om lag 234 daa, av dette omlag 12 daa landareal og om lag 222 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Ulstein kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremakt.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.
7. Taretråling i perioden 1. august til 30. april.

8. Uttak av 25 stk. svartbakegg av grunneigarane. Forbod kan vurderast seinare om utviklinga er negativ med omsyn til fuglebestandane.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremsaka kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Fersel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremsaka kan gjøre unntak fra forskrifta når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje stirr mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremsaka, eller den forvaltningsstyremsaka fastsett, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremsakt

Direktoraatet for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyremsakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Lomstjønna - Hareidsmyra

KOMMUNE:	1517 Hareid
KARTBLAD (M-711):	1119-I Ålesund
UTM (EUREF89):	32VLO4518
LANDAREAL (M ²):	164639
SJØAREAL (M ²):	0
GARDS- OG BRUKSNR:	41/1,2,13,14,118,16,18,19,20,21,24,26,83,141,158,171,587,591 45/2 47/1,2,3,4,5,6,7,8,9,10,12,15,19

OMRÅDESKI LDRING: Flatlendt torvmyrområde med ei lita tjønn, nær Hareid sentrum. Noko bjørkekratt.

VERDI VURDERING: **3**

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975	1994 - 95
Hettemåse		ca 50 par
Fiskemåse	120 - 125 par	ca 300 par
Sildemåse		30 - 40 par
Gråmåse		ca 5 par
Svartbak		ca 5 par
Totalbestand alle artar:	120 - 125 par	ca 400 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: I tillegg hekker stokkand, krikkand, brunnakke og toppand i området. For hettemåse er dette ein av dei største koloniane i fylket. Lomstjønna og Hareidsmyrene må sjåast i samanheng med Grimstadvatnet naturreservat og måsekoloniane kan flytte imellom.

UTFØRTE INNGREP: Det er grave ei grøft frå Lomstjønna mot Hareidselva.

PLANSTATUS: Det aktuelle verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Det ligg inne motsegn til forslag om regulering til industri i ein ny plan.

OPPSTARTSMØTE: Møte 30.03.2004 med kommunen og rettshavarane. Ni av rettshavarane møtte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Området ligg nær sentrum og arealbruken skal vurderast i samband med rullering av kommuneplanen. Det er tidlegare forestått å behalde området som friområde/klimavemsone. Eit av alternativa til vegføring i Hareid fastlandssamband vil gå gjennom lokaliten og eit boligfelt ligg tett ved.

OPPSTARTSMELDINGA:

INNKOMNE MERKNADER: Totalt seks merknader er innkomne.

Hareid kommune (doknr. 18) tek meldinga til vitande og føreset at verneplanarbeidet blir samordna med andre arealinteresser i det aktuelle området, med ei nærmare vurdering og avklaring i plansamanheng gjennom kommuneplanen sin arealdel. Området Lomstjønna/Hareidsmyra har i fleire samanhengar vore nemnd som nytt industriareal utan at dette har ført fram i godkjend regulerings-/kommuneplan.

Eigarane av gnr./bnr.. 41/24 protesterer mot planane om å gjere om store delar av Hareidsmyrene til naturreservat (doknr. 35). Dei meiner at det er måse som hovudsakleg hekker på myra og at han ikkje treng vern, men desimering av bestanden. Dei meiner at måsen er til sjenanse for bebruarane i området. Slik måse-plaga er, og slik ho vil bli dersom delar av Hareidsmyrene blir gjorde til naturreservat på denne måten, vil dette innebere ei verdi-forringing av dei noverande eigedomane og dei tomtena som er lagt ut for sal.

Grunneigarane avviser fram legget til vem av Lomstjønna/Hareidsmyra slik det går fram i dag (doknr. 39). Grunngjevinga er at i samband med vern av Grimstadvatnet naturreservat vart det gjort eit omfattande utgreiingsarbeid som enda opp med at Hareidsmyrene og Grimstadmyrene den gongen ikkje vart verma. Dei peikar vidare på at Hareidselva i si tid vart senka og kanalisert og at grunneigarane har kosta på grøfting, kanalisering og vegbygging i myrområdet. Arealmessig representerer dette området eit reserve landbruksareal.

Hareid kommune ved formannskapet sluttar seg til merknaden frå grunneigarane (sjå ovanfor) og viser elles til tidlegare vedtak ved doknr. 18 (doknr. 43).

Statens vegvesen seier at eit av dei alternative vegføringane til Hareid fastlandssamband vil gå rett gjennom reservatet (doknr. 56). Eit av dei andre alternative vegføringane vil gå utanom det føreslegne verna området, men vil ha så djup skjering at grunnvasstanden vil bli endra.

Eldar Hareide, eigar av grbr. 41/25, protesterer på at han ikkje vart varsle om verneplanen som grunneigar (doknr. 82). Han fortel om at han har bygd ut eit boligfelt heilt opp til dette området og at den store plaga av måse som flyg, skjut og stel mat er uuthaldeleg. Tusenvis av måsar hekkar på myra der det tidlegare var eit mangfaldig fugleliv.

VÅR VURDERING

Hareidsmyra er sers verneverdig med alle dei fem måseartane hekkande der. Bestanden er aukande og me reknar bestanden til i dag å vere minst 800 par måsefugl.

Vi har teke omsyn til ønsket frå kommunen om å avsetje området til industriområde. Vi har endra vernegrensene frå oppstartsmeldinga og teke ut den sørlege delen av området. Denne uttekte delen er den delen som er mindre interessant ut i frå hekkebestanden av sjøfugl der og samstundes den delen av området som er mest interessant i industrisamanheng.

Merknadene til eigarane av gnr./bnr.. 41/24 blir ikkje teke til følgje då det nettopp er måsefuglane ein vernar ved vem av Lomstjønna/Hareidsmyra.

Når det gjeld merknaden til grunneigarane og kommunen er det å bemerke at vi ikkje greier å finne noko forpliktande og bindane i tidlegare vern av Grimstad naturreservat. Vi ser at delar av området er kanalisert og grøfta, men meiner at dette ikkje har redusert verneverdien vesentleg. Vi har delvis teke merknaden til følgje då delar av området er teke ut av forslaget til verneplan.

Ut frå det vi kan sjå har verneinteressene knytt til Lomstjønna-Hareidsmyra vore kjende også for vegmyndighetene under planlegginga av Hareid fastlandssamband. Vi kan difor ikkje endre verneplanen ut frå at eit av dei alternative vegføringane ligg midt i det føreslegne verneområdet.

Vi seier oss leie for at ikkje Eldar Hareide, eigar av grbr. 41/25, fekk oppstartsmeldinga på lik linje med dei øvrige grunneigarane den 14.01.2004. Vi ser utfordringa ved å bo nær eit verneområde for sjøfugl (måsar), men meiner at verneinteressene her er så store at vi ønskjer å verne myra.

Lomstjønna-Hareidsmyra ligg innanfor Grimstadvatnet Dyrelivsfredingsområde der det mellom anna er jaktforbod. Det blir difor føreslått jaktforbod også innan det føreslåtte sjøfugl-reservatet.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Sju innkomne merknader.

Hareid næringsforum gir uttrykk for at det planlagte industriområdet må vere slik som den nye planen (kommune) viser og at ikkje ein kvadratmeter av dette området må vernast (doknr. 155). Dei ser Hareidsmyra som eit viktig ekspansjonsområde for det nærliggande industriarealet i aust.

Sør Sunnmøre Landbrukskontor viser til at grunneigarane til Hareidsmyra har lagt ned stort arbeid og kostnad i grunnlagsinvesteringar i bygging av dyrkingsveg, bygging av kanalar og senking av Hareidselva (doknr. 157). Set frå jordbrukszahl bør verneforslaget avvisast, men at sjølve Lomstjønna kan fredast.

Grunneigarane til gnr. 47 nr. 15, Anita og Frode Øvrelid, ser negativt på forslag om vern av Lomstjønna og Hareidsmyrene (doknr. 175). Dei viser til at eit vern vil hemme deira utviklingsmoglegheiter for å nytte arealet som tilleggsjord.

Rektor ved Hareid ungdomsskule går imot at Hareidsmyra blir vema for hekkande sjøfugl (doknr. 181). Han viser til at skulen ligg tett ved området og at han frykter smittfaren til fuglen. Vidare viser han til at skulen ikkje vil kunne nytte arealet som før til undervisning då det er føreslege ferdselsrestriksjon i området.

Grunneigarene til lokalitetten ber om at Møre og Romsdal fylke trekkje tilbake forslaget om freding av Lomstjønna, Grimstadmyrene og Hareidsmyrene (doknr. 188). Dette då arealet er avsett til tilleggsjord for grunneigarane. Dei viser til eit forlik mellom veremyndighetene og grunneigarane i 70- og 80-åra som gjekk ut på at området ikkje skulle vernast.

Hareid Elektriske AS vil som nabo til det føreslege verneområdet rå frå at området blir vernet (doknr. 207). Dei ønskjer å nytte deler av det føreslegne verneområdet til utviding av sitt næringsareal og viser til at Hareid kommune har forsikra dei om at området skulle nyttast til industri.

Hareid kommune avviser framlegget til verneplan for lokalitet Lomstjønna – Hareidsmyra (doknr. 267). Dei grunngjev avvisingen ved at dei meiner at det ved opprettinga av Grimstadvatnet naturreservat var avgjort ein gong for alle at området ikkje skulle vernast, men avsettast til landbruksareal (nydyrkingsareal). Dei viser til at det på Hareidsmyra har blitt lagt ned eit stort arbeid og kostnad i grunnlagsinvesteringar i bygging av dyrkingsveg, bygging av kanalar og senking av Hareidselva. Vidare viser dei til det pågående kommuneplanarbeidet og kommunens ønskje om at deler av arealet føreslege verna er avsett til industri (den sydaustlege delen).

VÅR TILRÅDING:

Både Møre og Romsdal fylke, Direktoratet for Naturforvaltning og Miljøverndepartementet har leita i sine arkiv for å leite etter noko skriftleg materiale frå sakspapira ved etableringa av vernet av Grimstadvatnet som forpliktar veremyndighetene i denne verneplanprosessen. Noko slikt materiale har vi ikkje funne.

Møre og Romsdal fylke har i fleire møter med Hareid kommune (doknr. 164, 206) sett på den føreslegne vermelokalitetten ut frå både kommuneplan og verneplan for å leite etter ei løysing. Vi ser at ved etableringa av Grimstadvatnet naturreservat- og fuglefredingsområde vart grensene trekt vekk frå Hareidsmyra til fordel for nydyrkningsinteressene. Men det betyr ikkje anna enn at no står avveginga mellom industri og naturvern.

Etter ei samla vurdering har vi no kome fram til at vi vil tilrå å trekke den føreslegne lokalitetten Lomstjønna – Hareidsmyra ut av verneplanen.

Vindfarholmen

KOMMUNE:	1519 Volda
KARTBLAD (M-711):	1119-II Volda
UTM (EUREF89):	32VLP408030
LANDAREAL (M ²):	2240
SJØAREAL (M ²):	50578
GARDS- OG BRUKSNR:	2/3

OMRÅDESKILDRING: Liten holme, ca. 100 x 50 m, med svaberg og skrentar langs sjøen og vegetasjon av frodige gras- og starrartar på toppen. Innslag av næringskrevjande urter og eit par røgnebuskar.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1986	1994 - 95
Ærfugl	1 - 2 par	
Hettemåse	ca 100 par	
Fiskemåse	ca 315 par	ca 50 par
Sildemåse	truleg 1 par	
Gråmåse	truleg 1 par	
Svartbak	1 par	2 par
Krykkje	ca 240 par	
Makrellterne	ca 50 par	
Raudnebbterne	ca 15 par	
Totalbestand alle artar:	ca 700 par	ca 50 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Hekkefuglar elles er siland, tjeld og dei seinare åra også grågås. Vegetasjonen er interessant ut frå den utprega gjødslingseffekten. Tala syner at bestandane har gått kraftig ned sidan 80-talet. Ein må sjå dette i samanheng med naturleg dynamikk i måsefuglbostandane, jamfør også andre lokalitetar i fylket. Historia har synt at Vindfarholmen er attraktiv når tilhøva elles er gode. Mink kan vitje holmen sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

PLANSTATUS: Det aktuelle verneområdet er avsett til naturområde i kystsoneplanen.

OPPSTARTSMØTE: Møte med kommunen og rettshavaren 30.06.2004.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Ingen.

OPPSTARTSMELDING:

INNCOMNE MERKNADER: Ingen innkomne merknader.

VÅR VURDERING:

LOKAL HØYRING:

INNCOMNE MERKNADER: Ein merknad.

Volda kommune har i samråd med eigar av Vindfarholmen ingen vesentlege merknader til planen (doknr. 193).

VÅR TILRÅDING:

Vi tilrår Vindfarholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Vindfarholmen naturreservat i Volda kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 2/3 i Volda kommune.

Reservatet er på om lag 52 daa, av dette omlag 2 daa landareal og om lag 50 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Volda kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Erkna

KOMMUNE:	1532 Giske
KARTBLAD (M-711):	1120-II Vigra
UTM (EUREF89):	32VLO4239
LANDAREAL (M ²):	365438
SJØAREAL (M ²):	642378
GARDS- OG BRUKSNR:	127/1,2,3

OMRÅDESKILDRING: Lita øy, 1 x 0,8 km, med større strandflater og eit høgdedrag med ein del berghamar opp til nær 40 m.o.h. Det meste av øya er graskledd, men og ein del berg i dagen og noko steinur. Spreidde rullesteinsrøyser på strandflata.

VERDIVURDERING: 1

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975 - 83	1994 - 95
Havhest	ca 200 par	322 par
Havsvale	?	truleg hekkande ¹⁾
Stormsvale	?	truleg hekkande ¹⁾
Toppskarv	ca 25 par	123 par +
Ærfugl	30 - 50 par	fleire par
Fiskemåse	10 par +	spreidde par
Sildemåse	ca 150 par	15 - 20 par
Gråmåse	150 par +	2 - 300 par
Svartbak	ca 200 par	2 - 300 par
Makrellterne	20 par +	
Raudnebbterne	100 par +	
Teist	40 - 50 par	fleire par
Totalbestand alle artar:	950 par +	900 par +

1) Havsvale og stormsvale vart påvist sikkert hekkande første gong i 1996. Det vart då funne 14 par havsvaler og 2 par stormsvaler. Truleg er talet på hekkande par større. Hittil er dette dei einaste sikre hekkefunna i Møre og Romsdal.

NATURFAGLEGE MERKNADER:

Av andre fugleartar finst hekkande gravand, stokkand, 8-10 par tjeld, minst 7 par steinvendar, raudstilk, skjerpiplerke, linerle, stare, ramn, gjerdesmett og bergirisk. Når det gjeld temer, sildemåse, gråmåse og havhest, ligg det føre opplysingar som tyder på at bestandane i gode år er enda større enn det som er gjeve ovanfor. Under trekket tener Erkna som ein viktig rasteplass for eit rikt utval av fugl, mellom anna fleire artar gjæser og vadalar. Vidare samlast fleire hundre ærfugl i myteperioden og store mengder skarv og måsar nyttar øya til overnattingsplass i vinterhalvåret. Vi har difor ein av dei aller viktigaste sjøfugllokalitetane i fylket her på Erkna. Botanisk er det verdt å nemne fleire kravfulle planteartar (østersurt, vivendel, osb.).

UTFØRTE INNGREP: Det er ein vemeverdig fyrstasjon på øya, med tilhøyrande kai, bygningar og anlegg. Noko sauebeiting.

PLANSTATUS: Det aktuelle verneområdet er avsett til naturreservat-fuglefredningsområde i kommuneplanen.

OPPSTARTSMØTE: Møte med kommunen 26.03.2004 på dagen og kveldsmøte same dag for rettshavarane. Ingen møtte frå rettshavarane.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Utfart sommarstid. Taretråling.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: Tre merknader.

Kystverket har ingen innvendingar mot at fyrvernet frå 1935 blir oppheva (doknr. 9 og 49). Kystverket ser helst at Svinøya ikkje tas med i verneplanen. Dette då dei oppfattar at det er forbode å bruke helikopter og då vil drifta av desse tre fyra bli umogleg. Dei ønskjer å endre ordlyden i verneforskriftas generelle unntaksbestemmelser til; Reglane er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av kystverket og televerket sine bygg og anlegg, eksisterande kraftliner, kablar og sjøkablar og all ferdsel i samband med dette, herunder bruk av helikopter. Dei ønskjer også under kap. om eventuelle unntak etter søknad at ordlyden skal endrast til; Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til etablering av nye anlegg for kystverket og alle naudsynte tiltak for framtidig drift av dei same anlegga, herunder endra driftsform, vedlikehald, og restaurering av kulturminne.

Inger Giske på vegne av gnr./bnr. 127/34 og 127/3, protesterer mot at Erkna innarbeidast i ein verneplan med så sterke restriksjonar (doknr. 46). Giske seier at eigar av gnr./bnr. 127/3 først blei orientert av andre rettshavarar og rekna med at dette vil bli beklag. Ho seier vidare at eit eventuelt naturreservat vil innebere kraftige innskrenkingar i tilgangen til og utnyttinga av øya og meiner at verdien til øya på grunn av dette vil bli vesentleg forringa. Skulle øya bli verna vil økomiske krav bli vurdert.

VÅR VURDERING

Vemeforskriftas §4 punkt 2 seier at ; Reglane i § 3 er ikkje til hinder for drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette. Dette betyr at om kystverket ønskjer å bruke helikopter for vedlikehald av kystverket sine anlegg så må dette søkast dispensasjon om jfr. verneforskriftas § 6.

Når det gjeld forslaget om å utvide moglegheita for eventuelle unntak etter søknad meiner vi at verneforskriftas § 5 (Eventuelle unntak etter søknad) og § 6 (Generelle dispensasjonsreglar) gjev kystverket og andre aktørar som har anlegg som er vesentlege i samfunnet, nødvendig spelrom.

Vi har etter beste evne prøvd og nå alle rettshavarar til dei føreslegne lokalitetane. Vi har søkt i eigdomsregisteret, hatt direkte kontakt med kommunane og retta førespurnad til kjente rettshavarar. Når det gjeld eigar av gnr./bnr. 127/34 traff vi tydelegvis ikkje, og vi har beklagat dette i eige brev til rettshavaren. Inger Giske seier at tilgangen til og utnyttinga av øya blir vesentleg innskrenka utan at ho seier nærmare kva ho meiner. Vi finn ikkje grunnlag til å endre innhald i vernet ut frå dette.

Det blir av omsyn til teist- og toppskarvkoloniane ikkje tillatt med taretråling.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Fem merknader.

Ein bruar av området, Øistein Edvardsen, meiner at vernet fører til at ein stenger ute friluftselskande folk frå norsk natur (doknr. 224). Hans påstand er at det er få personar som nyttar området i dag og ferdelsen sommarstid ikkje fører til mindre sjøfuglbestandar.

Giske kommune går imot framlegget til verneplan for hekkande sjøfugl for arealet i Giske kommune (doknr. 231). Dei stiller seg negative til verneplanen fordi den legg restriksjonar på ålmenn ferdsel og tradisjonelle aktivitetar på holmane og i strandsona. Dei seier vidare at Giske kommune har allereide avsett mykje av arealet til vern (tilsvarar 51 % av landarealet i kommunen) og kommunen ønskjer meir informasjon om kvifor områda i deira kommune er med i denne planen.

Ein brukar av øya Erkna, Harald Gjørtz, protesterer mot at øya gjerast utilgjengeleg det meste av perioden det er mogleg å gå i land (doknr. 244). Han meiner at det er greit nok med verning av dei delane av øya der fuglane hekkar (i nordvest), men ikkje at heile øya fredast. Sjølv om ikkje det er mange dagane i året det går folk i land på Erkna, vil det vere eit stort tap for ålmenta om øya ikkje blir tilgjengeleg sommarstid.

Einar Holder ber miljøverna vde linga sjå på om ferdelsforbodet sommarstid er nødvendig for å verme om fuglane (doknr. 248). Han meiner at dei relativt få som besøker øya ikkje uroar fuglane på nokon som helst måte. Vidare seier han at det ikkje er godt naturvem å hindre folk å kome til ei slik naturperle som Erkna.

Friluftsrådet for Ålesund og omland kan ikkje sjå at den minimale trafikken som kan vere ut til Erkna kan vere til noko skade på fuglane på øya, ei heller i hekkesesongen (doknr. 250). Dei meiner at eit ilandstignings- og ferdelsforbod i heile tre månader er for strengt ver dår naturgjevne tilhøve som ver og vind gjer øya vanskeleg tilgjengeleg sommarstid. Friluftsrådet ber om at til dømes landskapsverområde blir vurdert som meir høveleg vermeform enn naturreservat.

Kystverket meinar mellom anna at det fortsatt bør vere bruk av fyra etter at Kystverket ikkje finn nytte av fyra lenger (doknr. 278).

VÅR TILRÅDING:

Giske kommune har allereide store vermeområde innanfor kommunegrensene sine ja. Utplukket av hva lokaliteter som er registrert som vermeverdige med omsyn til hekkande sjøfugl har ikkje teke hensyn til allereide vema areal i kommunen.

Vi ser at eit ferdelsforbod sommarstid set begrensingar på folks friluftsliv. For Erkna er det påpeika at det er få besøk på ein sommar og eit ferdelsforbod vil difor ramme relativt fåe personar. Vi har funne dei ålmenne friluftshensyn for lette her og vil legge vesentleg vekt på at sjøfulgane får hekke i fred.

Vi har ikkje til hensikt å hindre etterbruk av fyra og vi vil difor legge inn eit punkt under § 4 (generelle unntak) som tillet bruk av fyret etter ein driftsavtale mellom forvaltningsstyresmaktene og Kystverket.

Avinor gjer oss merksam på at rutetrafikken av og til kan kome under 300 meter ovanfor Erkna. Dette gjev vi unntak for ved punkt 8 under § 4 i verneføresegnene.

Vi tilrår Erkna naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Erkna naturreservat i Giske kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 127/1,2,3 i Giske kommune.

Reservatet er på om lag 1007 daa, av dette om lag 365 daa landareal og om lag 642 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekpunktta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Giske kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

8. Ordinær rutetrafikk til og fra Vigra flyplass.

Reglane i § 3, nr. 4, er ikkje til hinder for:

9. Bruk av Erkna fyr etter eigen driftsavtale med Kystverket.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmaka kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmaka kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje stirr mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyresmaka, eller den forvaltningsstyresmaka fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningsliner for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Langholmen

KOMMUNE:	1532 Giske
KARTBLAD (M-711):	1120-II Vigra
UTM (EUREF89):	32VLO472425
LANDAREAL (M ²):	28324
SJØAREAL (M ²):	688765
GARDS- OG BRUKSNR:	gnr./bnr. 4/1-6, 4/8, 4/9, 4/12, 4/15-18

OMRÅDESKI LDRING: Berglendt holme, ca. 200 x 150 m med nokre skjer ikring i gruntvassområda nord for Vigra. Det er frodig vegetasjon i sprekker og kløfter og fleire smådammar, dels gjødsla av tare.

VERDI VURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975	1994 - 95
Fiskemåse	20 - 25 par	
Gråmåse		75 par +
Svartbak	einskilde par	75 par +
Makrellterne	10 par +	
Raudnebbterne	10 par +	
Teist		8 - 10 par
Totalbestand alle artar:	40 - 50 par	160 par +

NATURFAGLEGE MERKNADER: Andre hekkande fugleartar er gravand, tjeld og skjerpiplerke. Vi har opplysingar om at bestandane av sjøfugl har vore vesentleg større tidlegare. Mink kan vitje holmen sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

PLANSTATUS: Det aktuelle verneområdet er avsett til naturreservat-fuglefredningsområde i kommuneplanen

OPPSTARTSMØTE: Møte med kommunen 26.03.2004 på dagen og kveldsmøte same dag for rettshavarane. Ingen av rettshavarane møtte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Båtfart om sommaren. Taretråling.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: Ingen innkomne merknader.

VÅR VURDERING:

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: To innkomne merknader.

Ein bruar av området, Øistein Edvardsen, meiner at vernet fører til at ein stenger ute friluftselskande folk frå norsk natur (doknr. 224). Hans påstand er at det er få personar som nytter området i dag og ferdselen sommarstid ikkje fører til mindre sjøfuglbestandar.

Giske kommune går imot framlegget til verneplan for hekkande sjøfugl for arealet i Giske kommune (doknr. 231). Dei stiller seg negative til verneplanen fordi den legg restriksjonar på ålmenn ferdsel og tradisjonelle aktivitetar på holmane og i strandsona. Dei seier vidare at Giske kommune har allereide avsett mykje av arealet til vern (tilsvarar 51 % av landarealet i kommunen) og kommunen ønskjer meir informasjon om kvifor områda i deira kommune er med i denne planen.

VÅR TILRÅDING:

Giske kommune har allereide store verneområde innanfor kommunegrensene sine ja. Utplukket av hva lokaliteter som er registrert som verneverdige med omsyn til hekkande sjøfugl har ikke teke hensyn til allereide vema areal i kommunen.

Vi tilrår Langholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Langholmen naturreservat i Giske kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr Ukjent gnr./bnr., men eigar er Kystverket Midt-Norge i Giske kommune.

Reservatet er på om lag 717 daa, av dette omlag 28 daa landareal og om lag 689 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Giske kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsl i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsl i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.

7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
8. Tæreråring i perioden 1. august til 30. april.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremakta kan gi løkke til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Fersel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremakta kan gjøre unntak fra forskriften når formålet med fredingen krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke strir mot formålet med fredingen.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta fastsett, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremakt

Direktoret for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyremakt etter denne forskriften.

§ 9 I verksetjing

Denne forskriften gjeld frå vedtaksdato.



Storholmen

KOMMUNE:	1532 Giske
KARTBLAD (M-711):	1120-II Vigra
UTM (EUREF89):	32VLO4249
LANDAREAL (M ²):	26014
SJØAREAL (M ²):	380412
GARDS- OG BRUKSNR:	Ukjent gnr./bnr..., men eigar er Kystverket Midt-Norge

OMRÅDESKILDRING: Tre stort sett snauvaska, høge skjer som ligg svært vêrhardt til langt ute i havet. Skarholmen er det største, 160 x 100 m. Sjølve Storholmen er den høgste og her finst ei og anna plante i ly av sprekker og hol i berget. Her ligg òg fyrstasjonen.

VERDIVERDING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode	1981 - 83	1994 - 95
Toppskarv	ca 25 par	ca 50 par
Raudnebbterne		50 par +
Lomvi	1 par +	
Alke	?	
Teist	ca 25 par	10 par +
Lunde	?	?
Totalbestand aller artar:	50 - 60 par	110 par +

NATURFAGLEGE MERKNADER: Eitt kråkepar hekka her i 1981. Elles har større ærfuglflokkar tilhald i myteperioden. Måsar nyttar holmane til kvileplass, mest svartbak, med over 100 individ. I 1994 var det visse teikn på hekketablering av krykkje og meir enn 100 vaksne individ vart observert. Lunde, alke og lomvi hekkar truleg i gode år, mellom anna 10 - 15 par lomvi i 1970. Toppskarvkolonien har også vore større tidlegare. Holmen er minkfri.

UTFØRTE INNGREP: Fyrstasjon på sjølve Storholmen, elles ingen.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsatt til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er uplanlagt.

OPPSTARTSMØTE: Møte med kommunen 26.03.2004 på dagen og kveldsmøte same dag for rettshavarane. Ingen av rettshavarane møtte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Ingen.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: Ingen innkomne merknader.

VÅR VURDERING:

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Fire merknader.

Ulla havsportsenter synast verneplan er ei fornuftig løysing med omsyn på verdiauking av våre naturperler (doknr. 151). Havsportsenteret seier at dykking med dykkeleiar/båtgaid må vere eit genrelt unntak under § 4 i verneforskrifta då deira bedrift lever av turar og dykkemål i nemde soner.

Ein bruar av området, Øistein Edvardsen, meiner at vernet fører til at ein stenger ute friluftselskande folk frå norsk natur (doknr. 224). Hans påstand er at det er få personar som nytter området i dag og ferdselen sommarstid ikkje fører til mindre sjøfuglbestandar.

Giske kommune går imot framlegget til verneplan for hekkande sjøfugl for arealet i Giske kommune (doknr. 231). Dei stiller seg negative til verneplanen fordi den legg restriksjonar på ålmenn ferdsel og tradisjonelle aktivitetar på holmane og i strandsona. Dei seier vidare at Giske kommune har allereide avsett mykje av arealet til vern (tilsvarar 51 % av landarealet i kommunen) og kommunen ønskjer meir informasjon om kvifor områda i deira kommune er med i denne planen.

Kystverket meiner mellom anna at det fortsatt bør vere bruk av fyra etter at Kystverket ikkje finn nytte av fyra lenger (doknr. 278).

VÅR TILRÅDING:

Vi ser ingen grunn å gjere eit spesielt unntak for dykking under § 4 i verneforskrifta då verneforskrifta ikkje legg nokon hindringar i dykkeaktivitetar innanfor vermegrensene.

Giske kommune har allereide store verneområde innanfor kommunegrensene sine ja. Utplukket av hva lokaliteter som er registrert som verneverdige med omsyn til hekkande sjøfugl har ikkje teke hensyn til allereide vema areal i kommunen.

Vi har ikkje til hensikt å hindre etterbruk av fyra og vi vil difor legge inn eit punkt under § 4 (generelle unntak) som tillet bruk av fyret etter ein driftsavtale mellom forvaltningsstyresmaktene og Kystverket.

Vi tilrår Storholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Storholmen naturreservat i Giske kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr Ukjent gnr./bnr., men eigar er Kystverket Midt-Norge i Giske kommune.

Reservatet er på om lag 406 daa, av dette omlag 26 daa landareal og om lag 380 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekpunktata er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Giske kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Vernereglar

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftledninger, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

NATURFAGLEGE MERKNADER: Grågås besøker lokaliteten i myte tida. Stokkand, tjeld og skjerpiplerke hekker nesten årleg medan gravand, linerle, steinskvett og kråke kan hekke sporadisk. Inntil 200 steinkobbar held til i området og havert blir sett årleg. Det har tidlegare hekka krykkje med 66 par på det meste. Seinare har ho hekka sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til naturområde.

OPPSTARTSMØTE: Møte 31.03.2004 med kommunen og med rettshavarane på Skuløya. Ingen av rettshavarane møtte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Taretråling.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: Ingen innkomne merknader.

VÅR VURDERING:

Det blir av omsyn til teist- og topsskarvkoloniane ikkje tillatt med taretråling.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Ein innkommen merknader.

Ulla havsportsenter synast verneplan er ei fornuftig løysing med omsyn på verdiauking av våre naturperler (doknr. 151). Havsportsenteret seier at dykking med dykkeleiar/båtgaid

må vere eit genrelt unntak under § 4 i verneforskrifta då deira bedrift lever av turar og dykkemål i nemde soner.

VÅR TILRÅDING:

Vi ser ingen grunn å gjere eit spesielt unntak for dykking under § 4 i verneforskrifta då verneforskrifta ikkje legg nokon hindringar for dykaktivitetar innanfor vernegrensene.

Vi tilrår Svetlingane naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Svetlingane naturreservat i Haram kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 9/16 i Haram kommune.

Reservatet er på om lag 1188 daa, av dette om lag 46 daa landareal og om lag 114 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Haram kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Rødholmen

KOMMUNE:	1534 Haram
KARTBLAD (M-711):	1220-III Brattvåg
UTM (EUREF89):	32VLO669479
LANDAREAL (M ²):	27150
SJØAREAL (M ²):	411581
GARDS- OG BRUKSNR:	Ukjent gnr./bnr., men eigar er Kystverket Midt-Norge

OMRÅDESKI LDRING: Ei gruppe holmar og skjer, den største ca. 250 x 125m. Han er øg småkupert med frodig grasvekst over det meste, men med litt snaue bergskrentar og svaberg, og parti med rullestein i stranda. Dei minste holmane er snauare og berglendte, men med litt spreidd gras- og urtevegetasjon.

VERDIVERDING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1969 - 83	1994 - 95
Ærfugl	einskilde par	fleire par
Fiskemåse	einskilde par	nokre titals par
Svartbak	einskilde par	50 par +
Makrellterne	ca 20 par	10 - 15 par
Raudnebbterne	30 par +	50 par +
Teist	20 - 30 par	25 par +
Totalbestand alle artar:	70 par +	150 par +

NATURFAGLEGE MERKNADER: Holmane er ein viktig ovematningsplass for skarv og kråke i vinterhalvåret. Grågås beitar og hekkar kanskje på holmane. Av andre fugleartar hekkar tjeld, skjerpillerke og kråke. Truleg kan andre småfuglartar også hekke til tider. Krykkje har hekka sporadisk. Mink opptrer av og til, noko som har påverka terner og teist.

UTFØRTE INNGREP: På den vestlegaste holmen er det fyr og murar etter tidlegare fyrrhus. På den største holmen er det også restar av husmurar. Desse murane er viktige hekkeplassar for teist.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsatt til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til naturområde.

OPPSTARTSMØTE: Møte 31.03.2004 med kommunen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Noko båtfart.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: Ein merknad.

Fiskeridirektoratet uttaler at vern av Rødholmen ikke er til hinder for utøving av fiske i fjorden (doknr. 126).

VÅR VURDERING:

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Ein innkommen merknader.

Ulla havsportsenter synast verneplanen er ei formuftig løysing med omsyn på verdiauking av våre naturperler (doknr. 151). Havsportsenteret seier at dykking med dykkeleiar/båtgaid må vere eit genrelt unntak under § 4 i verneforskrifta då deira bedrift lever av turar og dykkemål i nemde soner.

VÅR TILRÅDING:

Vi ser ingen grunn å gjøre eit spesielt unntak for dykking under § 4 i verneforskrifta då verneforskrifta ikkje legg nokon hindringar for dykkeaktivitetar innanfor vernegrensene.

Vi tilrår Rødholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Rødholmen naturreservat i Haram kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr Ukjent gnr./bnr., men eigar er Kystverket Midt-Norge i Haram kommune.

Reservatet er på om lag 438 daa, av dette omlag 27 daa landareal og om lag 411 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Haram kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Vernereglar

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftledninger, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsl i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsl i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.

7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyretemakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyretemakta kan gjøre unntak fra forskriften når formålet med fredingen krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke strir mot formålet med fredingen.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyretemakta, eller den forvaltningsstyretemakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyretemakt

Direktoret for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyretemakt etter denne forskriften.

§ 9 I verksetjing

Denne forskriften gjeld frå vedtaksdato.



Feøya

KOMMUNE:	1535 Vestnes
KARTBLAD (M-711):	1220-II Vestnes
UTM (EUREF89):	32VMQ0246
LANDAREAL (M ²):	150495
SJØAREAL (M ²):	253850
GARDS- OG BRUKSNR:	51/1

OMRÅDESKILDRING: Lita øy, ca. 500 x 300m. I austkanten ei høgde med busker, kratt og frodig lauvskog i sørhellinga. Elles er holmen flatlendt med gras-/beitmark og noko einer i vestkanten.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975, 1979	1994 - 95
Ærfugl	ca 50 par	30 par +
Fiskemåse	ca 150 par	100 - 150 par
Sildemåse	ca 50 par	ca 10 par
Gråmåse	ca 200 par	150 - 200 par
Svartbak	ca 50 par	ca 100 par
Makrellterne	ca 100 par	ca 20 par
Raudnebbterne	50 - 100 par	ca 20 par
Teist	3 par	fleire par
Totalbestand alle artar:	650 - 700 par	425 - 525 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Sjøfuglkoloniane er blant dei største i midtre fjordstrok. Grågås har hekka sidan 70-talet (og kanskje tidlegare) med 8 - 10 par årleg. Av andre fugleartar har det vore ein koloni med inntil 15 par gråhegre. Tjeld, vipe, raudstilk, ringdue hekkar her saman med fleire småfuglartar. Grunneigarane har lagt ned forbod mot ilandstiging i hekkeseongen. Bestand av alm, villmorell og hagtorn er av botanisk interesse. Vegetasjonen er avhengig av skjøtsel/beite.

UTFØRTE INNGREP: Det er fyrlykt og beitedrift på holmen. Tidlegare har det vore landfeste for tankbåtar i opplag. Grunneigaren driv området som aktivt eggvær.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er bandlagt (kulturmilne) i kommuneplanen. Sjøområdet er uplanlagt.

OPPSTARTSMØTE: Møte 24.06.2004 med kommunen og rettshavaren.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Fortøyingsinstallasjonar kan bli aktuelt å ta i bruk på nytt. Eggsanking av grunneigar.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader.

Vestnes kommune ønskjer å få klarlagt praksiseringa av allemannsretten i eit framtidig reservat (doknr. 112). Dei viser til at Feøya i dag er brukt til tradisjonelt beite (sau) og ønskjer å få klarlagt om øya eller delar av den er innmark.

Fiskeridirektoratet uttaler at vern av Feøya ikkje er til hinder for utøving av fiske i fjorden (doknr. 126).

VÅR VURDERING:

Grunneigaren ønskjer ferdelsforbod heile året på Feøya. Ut frå verneinteressene kan vi ikkje forsvare ferdelsforbod utover månadene mai, juni og juli. Allemannsrettane følgjer

friluftsloven og kommunen er den som må definere om heile eller delar av Feøya er innmark, jf. friluftsloven § 20 punkt 1. Fersel t.d. til fots i innmark er omhandla i § 3 i friluftsloven som mellom anna seier at fersel på innmark er tillate på snødekt/frosset mark i perioden 14. oktober til 30. april. I verneforskrifta er ein av allemannsrettane (sanking av bær og matsopp) om tala og tillatt spesielt, jf. § 4 punkt 4.

Grunnegaren har munnleg krevd å kunne ta ut 100 måseegg kvart år på Feøya som det har vore gjort i uminnelege tider. Vi finn at måsefuglane toler ein slik beskatning slik forholda er no og tillet difor uttak av 100 stk. måsegg årleg jfr. verneforskriftas § 4 punkt 8.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Tre merknader.

Eigaren av Feøya, Kristen Stokkeland, ønsker sterke vern enn det som planen forutsett ved at han ønsker primært ferselsforbod heile året (doknr. 180). Om ikkje dette lar seg gjere bør i hvert fall fredinga gjelde frå 1. april til 20. august. Dette då det i praksis har vore ferselsrestriksjonar på Feøya i denne perioden all tid samt at ein då sikrar fuglane i oppstartsperioden og sluttperioden av hekkesesongen. Vidare meiner han at det bør presiserast i verneforskrifta at opplag av båtar med feste i eksisterande pullertar på Feøya er tillatt.

Nordmøre og Romsdal friluftsråd meiner at Feøya ikke bør vernast som naturreservat (doknr. 241). Dei peikar på at skjøtselplan må til for å hindre attgøring.

Friluftsrådet for Ålesund og omland ber om at til dømes landskapsvernområde blir vurdert som meir høveleg verneform enn naturreservat for Feøya (doknr. 250). Attgøring grunna mindre beiting kan vere ei større fare for artsmangfaldet på øya i framtida enn noko fersel.

VÅR TILRÅDING:

Feøya har historisk sett vore lite brukt i friluftssamanheng grunna den landbruksdrift i form av beite som har vore på øya. Dette samt at å utvide perioda med ferselsforbod tjener fuglane, gjer at vi endrar perioden med ferselsforbod på Feøya til å gjelde i perioda 1. april – 20. august.

Når det gjeld løyve til opplag til båtar med feste i pullertar på Feøya legg vi til rette for dette ved § 4 punkt 9 i verneforskrifta.

Vi tilrår Feøya naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Feøya naturreservat i Vestnes kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 51/1 i Vestnes kommune.

Reservatet er på om lag 404 daa, av dette omlag 150 daa landareal og om lag 254 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Vestnes kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombels innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftledninger, jordkablar og kloakkledninger, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistingen er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. april til og med 20. august er det forbod mot ferdsel på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyretema.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beite trykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

8. Uttak av 100 stk. måseegg av grunneigaren på Feøya. Forbod kan vurderast seinare om utviklinga er negativ med omsyn til fuglebestandane.
9. Opplag av båtar med feste i eksisterande pullertar på Feøya.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyretemakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyretemakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyretemakta, eller den forvaltningsstyretemakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningsliner for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyretemakt

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyretemakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Vistdalsholmen

KOMMUNE:	1543 Nesse
KARTBLAD (M-711):	1320-II Eresfjord
UTM (EUREF89):	32VMQ452567
LANDAREAL (M ²):	33560
SJØAREAL (M ²):	94079
GARDS- OG BRUKSNR:	99/98

OMRÅDESKI LDRING: Liten, dels skogkledd holme, med blanding av furuskog, grankjerr og lauvskog, men og parti med open grasmark og svaberg.

VERDI VURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975, 1983	1994 - 95	2001
Ærfugl	ca 15 par	fleire par	3 ho
Fiskemåse	ca 50 par	20 - 30 par	150 par
Makrellterne	50 - 60 par	10 - 15 par	
Raudnebbterne		ca 10 par	
Siland			3 ho
Kanadagås			1 ind.
Sildemåse			60 ind.
Svartbak			15 ind.
Tjeld			2 ind.
Gråmåse			2 ind.
Ungmåse			40 ungfugl
Totalbestand alle artar:	100 - 125 par	45 - 60 par	386 ind.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Holmen er ein av svært få holmar i indre fjordstrok i fylket. Det hekkar gråhegre (5 reir i 2001) og kanadagås, dessutan siland og enkelte småfuglartar. 2001: Bortsett frå 2 måseungar, ingen teikn til vellykka hekking.

UTFØRTE INNGREP: Litt beitedrift, ei opa gammal hytte på holmen (2001).

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er bandlagt frå 1991 i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til naturområde.

OPPSTARTSMØTE: Møte 29.06.2004 med kommunen og rettshavaren. Rettshavaren møtte ikkje.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Båtutfart.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader. Ein frå Nesse kommune (fellesuttale med Prestholmen) og ein frå fiskeridirektoratet.

Kommunen ønskjer å ha moglegheita til å sanke egg av Kanadagås som bestandsregulerande tiltak, om ein ikkje greie å regulere gåsebestanden gjennom vanleg jakt (doknr. 111).

Fiskeridirektoratet uttaler at vern av Vistdalsholmen ikkje er til hinder for utøving av fiske i fjorden (doknr. 126).

VÅR VURDERING:

Sett i samanheng med ei forvaltningsplan for gås kan ein pårekne at ein får ta egg av Kanadagås ute på Vistdalsholmen.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader.

Nesset kommune har ingen innvendingar mot å frede Vistdalsholmen som naturreservat (doknr. 202). Dei seier at vernereglane bør gjennomgås for å passe til den enkelte lokalitet då spesielt § 3 punkt 5 og 7. Vidare forutsett kommunen at Fylket gjennomfører informasjonstiltak og aktivt tilsyn. Til slutt seier kommunen at fylket bør invitere kommunane til å drøfte mogleheten for lokal forvaltning av verneområdene.

Nordmøre og Romsdal friluftsråd meiner at Vistdalsholmen bør vemast som landskapsvernområde med skjøtselsplan (doknr. 241). Dei peikar på at sterkt attgjøring fører til endringar som igjen fører til at holmane blir uegna for hekking av sjøfugl.

VÅR TILRÅDING:

Vi endrar tidlegare § 3 punkt 5 (motorferdsel) og punkt 7 (bålbrænnung) ved å ta bort forbodet mot motorisert ferdsel (utanom lufttransport) og ta vekk forbodet mot bålbrænnung.

Fylket har tidlegare invitert kommunane saman til å drøfte kven som står for den lokale forvaltninga av verneområdene. Det var får kommunar som ønskja dette ansvaret i den runda, men no erkanskje tida for å drøfte dette på nytt. Dette vil vi kome attende til som orientering om informasjonstiltak og tilsyn.

Vi tilrår Vistdalsholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Vistdalsholmen naturreservat i Nesset kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 99/98 i Nesset kommune.

Reservatet er på om lag 127 daa, av dette omlag 33 daa landareal og om lag 94 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Nesset kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsel på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltingssstyresmakta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.

6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmaka kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmaka kan gjøre unntak fra forskrifta når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke stirr mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyresmaka, eller den forvaltningsstyresmaka fastsett, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoret for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Prestholmen

KOMMUNE:	1543 Nesse t
KARTBLAD (M-711):	1320-I Tingvoll
UTM (EUREF89):	32VMQ494590
LANDAREAL (M ²):	10672
SJØAREAL (M ²):	73672
GARDS- OG BRUKSNR:	59/1

OMRÅDESKI LDRING: Liten kupert holme, dels grasvaksen, dels naken. Stort sett svaberg langs sjøen, men ei lita vik med rullestein og ein bratt skrent. Eit par små rognebuskar.

VERDIVURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1975 - 86	1994 - 95	2001
Fiskemåse	ca 250 par	20 - 30 par	2 ind.
Sildemåse	ca 60 par	ca 60 par	160 ind.
Gråmåse	2 par +	10 par +	10 ind.
Svartbak	5 - 6 par	15 - 20 par	10 ind.
Krykkje	23 par	ca 25 par	27 reir
Makrellterne	70 - 80 par		
Raudnebbterne	?		2 ind.
Kanadagås			15 ind.
Steinvendar			2 ind.
Totalbestand alle artar:	ca 425 par	130 - 150 par	218 ind.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Holmen er ein av svært få holmar i indre fjordstrok i fylket. Deter verdt å merke seg det gode utvalet av artar, samt den gode bestanden av sildemåse. Dette er også ein av dei få fjordkoloniane med krykkje. At det ikkje hekka temer i 1994-95 er i samsvar med situasjonen i heile regionen. Tidlegare tal syner området sitt potensiale. Av andre fugleartar hekkar 6-7 par kanadagås, dessutan siland, tjeld og truleg også småfuglartar. 2001: Ingen observasjon av ungar, heller ikkje i krykkjereira.

UTFØRTE INNGREP: Beiting av sauene enkelte år.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er bandlagt frå 1991 i kommuneplanen. Sjøområdet er regulert til naturområde.

OPPSTARTSMØTE: Møte 29.06.2004 med kommunen og rettshavaren. Rettshavaren møtte ikkje.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Oppdrettsnæring.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: To innkomne merknader.

Nesset kommune seier at det er svært liten ferdsel på Prestholmen i dag som til dels kjem av at mange trur holmen allereie er freda (doknr. 111). Deter mye båttrafikk ved holmen og ferdselforbod i sjøen kan vere vanskeleg å handheve. Kommunen ønskjer å ha høve til å sanke egg av kanadagås som bestandsregulerande tiltak, om ein ikkje greier å regulere gåsebestanden gjennom vanleg jakt. Elles viser kommunen til ein rett som soknepresten har til plukking av måseegg på Prestholmen, men som presten truleg aldri har nytta seg av.

Fiskeridirektoratet uttaler at vern av Prestholmen ikkje er til hinder for utøving av fiske i fjorden (doknr. 126).

VÅR VURDERING:

Vi har endra forslaget til ikkje å foreslå ferdelsforbod i sjøen.

Sett i samanheng med ein forvaltningsplan for gås kan det pårek nast å få ta egg av kanadagås ute på Prestholmen. Plukking av egg vil ikkje bli tillate på Prestholmen jf. verneforskriftas § 3 punkt 2.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Ein innkommen merknad.

Nesset kommune har ingen innvendingar mot å frede Prestholmen som naturreservat (doknr. 202). Dei seier at vernereglane bør gjennomgås for å passe til den enkelte lokalitet då spesielt § 3 punkt 5 og 7. Vidare forutsett kommunen at Fylket gjennomfører informasjonstiltak og aktivt tilsyn. Til slutt seier kommunen at fylket bør invitere kommunane til å drøfte mogleheten for lokal forvaltning av verneområdene.

Nordmøre og Romsdal friluftsråd meiner at Prestholmen bør vernast som landskapsvernområde med skjøtselsplan (doknr. 241). Dei peikar på at sterkt attgjøring fører til endringar som igjen fører til at holmane blir uegna for hekking av sjøfugl.

VÅR TILRÅDING:

Vi endrar tidlegare § 3 punkt 5 (motorferdsel) og punkt 7 (bålbrenning) ved å ta bort forbodet mot motorisert ferdsel (utanom lufttransport) og ta vekk forbodet mot bålbrenning.

Fylket har tidlegare invitert kommunane saman til å drøfte kven som står for den lokale forvaltninga av verneområdene. Det var får kommunar som ønskja dette ansvaret i den runda, men no erkanskje tida for å drøfte dette på nytt. Vi vil kome attende til spørsmålet om forvaltingssmyndigheit samt orientering om informasjonstiltak og tilsyn.

Vi tilrår Prestholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Prestholmen naturreservat i Nesset kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 59/1 i Nesset kommune.

Reservatet er på om lag 84 daa, av dette omlag 11 daa landareal og om lag 73 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekpunktta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Nesset kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Tautra, vest

KOMMUNE:	1545 Midsund
KARTBLAD (M-711):	1220-II Vestnes
UTM (EUREF89):	32VMQ9050
LANDAREAL (M ²):	388039
SJØAREAL (M ²):	1215815
GARDS- OG BRUKSNR:	39/1,2,3,4 40/1,2,3,4,5,6,7,8

OMRÅDESKI LDR ING:

Fuktig llyngheti med langsgåande bergryggar sørvest på Tautra, samt nokre mindre holmar og skjer i vest. Det er eitt gardsbruk i drift på Tautra og øya har kulturlandskapsverdiar av nasjonal storleik. Midsund kommune har utarbeidd reguleringsplan.

VERDI VURDERING: 2

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode	1975	1994
Ærfugl	ca 15 par	spreidde par
Fiskemåse	200 par +	ca 100 par
Sildemåse	70 - 80 par	ca 25 par
Gråmåse	30 - 40 par	ca 75 par
Svartbak	ca 10 par	ca 25 par
Raudn./Makrellterne	ca 100 par	
Tjuvjo	1 par	
Totalbestand alle artar:	400 par +	ca 230 par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Tala for 1975 kan omfatte par som hekka på den austlege delen av Tautra, men konsentrasjonane har hovudsakleg vore i vest. Lokaliteten omfattar også Storholmen og Furholmen. Tautrakolonien har vore i ekspansjon dei siste åra etter at han nærmast var borte på 80-talet. Det kan såleis vere potensiale for betydeleg ekspansjon av måse i dette området, etter som det ligg i eit fjordavsnitt med kort veg til tradisjonelt rike fiskeområde. Grågås og ei rekke andre artar hekkar også på Tautra.

UTFØRTE INNGREP: Ei eldre hytte i vestenden. Elles ingen vesentlege inngrep på den delen av øya som er mest interessant for sjøfugl. Delar av området på hovudøya held på å gro att av buskfuru.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. Sjøområdet er uplanlagt.

OPPSTARTSMØTE: Møte 10.05.2004 på Fylkeshuset i Molde for kommunen og rettshavarane. Ellevre rettshavarar møtte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Ferdsel og friluftsliv.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: Fire merknader.

Yvonne A. O. Rekdal (doknr. 33) eig ei hytte som står vest på Tautra og ønskjer å setje opp att naustet som ble ned under nyttårsorkanen 1991/1992. Ho seier at ho ønskjer å leige ut hytta i ein kortare periode i sommarmånadane. Ho har også planar om å kunne arrangere utstillingar og slektsamlingar og vil gjerne ha bekrefta om dette lar seg gjere. Vidare ber ho om at den einaste stien mellom vest – aust som er open, også kan nyttast i framtida.

Fem av grunneigarane på Tautra ved Jørgen Nordheim er kritiske til ferdselforbodet sommarstid på Tautra (doknr. 41). Dei er av den oppfatninga at dette ferdselforbodet

ikkje må ramme dei som har eigedom på øya. Det er deira oppfatning at grunneigarane må ha løye til å ferdast i verneområdet utover det som ligg i verneforskrifta for å forvalte eigedomane og halde kulturlandskapet i hevd, til dømes å halde stigar og tilkomst opne, hindre uframkommelegheit ved å rydde bort kratt og eine, samt felle og fjerne døde trær og planter.

Fem av grunneigarane på Tautra ved Jørgen Nordheim supplerer med at den nordlege delen av området bør takast ut da det ikkje er store konsentrasjonar av sjøfugl der (doknr. 104). Vidare ber dei om at alle typer beitedyr må kunne beite inne i verneområdet. Dei viser til at det er nødvendig å fjerne vegetasjon for å halde stigar og kulturlandskapet i hevd samt skaffe ved til brensel.

Fiskeridirektøratet meiner at denne typen vern er å leve med for fiskarane (doknr. 126). Det kan vere ein fordel å minske ferdelsen av hurtiggående fritidsbåtar både i hekkeperioden og elles i året. Det forutsettast at registrerte fiskarar får trafikkere og utøve fiske i dei føreslegne verna områda uavhengig av ferdelsforbodet.

VÅR VURDERING

Sett ut frå verneplanen kan vi ikkje sjå nokon hinder for at Rekdal kan setje opp att naustet attmed hytta si. Men dette er noko som må takast opp med Midsund kommune som rette myndigkeit etter plan- og bygningsloven. Det er mogleg å søkje om dispensasjon for utvida bruk av hytta, jf. verneforskriftas § 6. Når det gjeld bruken av hovudstigen som går frå aust til vest og som er den einaste tilkomstvegen til hytta, vil hytteigarne kunne nytte han, jf. § 4 punkt 8.

Ferdelsforbodet sommarstid gjeld berre på land og ikkje i sjøen. Rettshavarar på Tautra kan ikkje ferdast i verneområdet i mai, juni og juli utover det som er knytt til § 4 punkt 3. Dette betyr at å bevege seg på eller utanfor stigar med rekreasjon for auget ikkje er tillate i sommarmånadene. Å fjerne kratt, eine, døde trær og planter er ikkje tillate, jf. verneforskriftas § 3 punkt 1. Eventuelt uttak av vegetasjon må skje etter ein forvaltningsplan, jf. verneforskriftas § 7. Det blir tillate med tradisjonelt beite innanfor verneområdet, jf. verneforskriftas § 4 punkt 3. Samstundes kan beitet bli regulert om beitetrykket får eit slikt omfang at det går på bekostning av verneformålet.

LOKAL HØYRING:

INNCOMNE MERKNADER: Åtte innkomne merknader.

Odd Jarle Midsund synast det er prisverdig at ein tek vare på artsmangfaldet på Tautra, men at han hadde venta at det hadde vore gjort på ein annan måte (doknr. 182). Dette då han meiner at verneforslaget er gammaldags ved at verning blir gjort synonymt med å stenge menneskeleg aktivitet ute frå området. Han saknar dialog med grunneigarane og meir målretta verneregler.

Hytteigar til hytte vest på Tautra, Yvonne Rekdal, kommenterer stedsnamn som er omtalt i verneplanen og meiner desse må endrast (doknr. 192). Vidare ser ho det som nødvendig at ho samt hennas besökande får fri ferdelsrett innanfor resevatet (doknr. 214 og 219). Utan denne ferdelsretten vil ho berre kunne bevege seg på stien eller kome sjøvegen og på hennar 2 mål store tomt. Ho føresleg unntak for verneforskrifta § 4 ved eit nytt punkt; "*Eier av hytte vest på Tautra vil i mai, juni og kunne ha fri ferdelsrett innanfor vernesonen. Ferdelsrett gjelder også for eiers nærmeste og nære venner. Unntaket fra det generelle forbudet i verneplanen kan vurderes senere, dersom utviklinga er negativ med hensyn til fuglebestanden.*"

Fleire grunneigarar på Tautra, ved Jørgen Nordheim, stiller seg kritiske til at det blir totalforbod mot ferdel sommarstid (doknr. 204). Dei meiner at dei eksisterande fredingsreglane er tilstrekkeleg for å oppretthalde fuglebestanden, og at dei fåe personane som har eigedom på øya, må kunne ferdast i vernesonen utan at dette kan skade fuglebestanden på nokon måte. Vidare har dei sterke motforestillingar mot at i

verneplanen legg opp til totalfreding av planter. Dei meiner at dette er avgjerande for det opne kulturlandskapet at det blir tillatt med rydding av busker og trær, og så spesielt einkratt, og at verneplanen ikkje legg hinder for dette.

Nord Heggdal Vel ber om at Tautra Vest beheld sin nåverande status som rekreasjonsområde og at dette ikkje endrast til naturreservat (doknr. 212). Dei viser til at Tautra vest er blant dei aller mest populære utfartsplassane sommarstid. Vidare meiner dei at ein oppnår formålet med fredinga ved å skilte med forbod mot eggplukking.

Nordmøre og Romsdal friluftsråd ønskjer å skilje mellom fastlands-Tautra til landskapsvernområde og holmane i vest til naturreservat (doknr. 241).

Midsund kommune er imot framlagt forslag til verneplan då den ikkje tar hensyn innbyggarane s bruk av området (doknr. 252). Kommunen ønskjer at Tautra og holmane skal kunne nyttast som eit rekreasjonsområde for folk i Midsund og omliggande kommunar som før. Midsund kommune meiner at ein kan kombinere hensynet til rekreasjon og hensynet til sjøfugl.

VÅR TILRÅDING:

Når det gjeld stadnamn som Yvonne Rekdal nemner i sin merknad vil vi bruke stadnamn frå det offisielle kartverket til stadnamnkonsulenten har uttala seg.

Vi ser at hytteeigaren på vestenden av Tautra må kunne ferdast fritt rundt hytta. Rettshavarane har ytre ønske om ferdsel på sin grunn utan å knytte dette til næringsutøving. Vi ser også at holmane vest for Tautra har stor verdi som rekreasjonsområde for ålmenta frå fleire kommunar. Ettere i heilheitleg vurdering vil vi difor føreslå endra verneform og tillate ferdsel også sommarstid.

Vi tilrår Tautra vest fuglefredingsområde med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Tautra vest fuglefredingsområde i Midsund kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 9 og 14, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 39/1,2,3,4 og 40/1,2,3,4,5,6,7,8 i Midsund kommune.

Fuglefredingsområdet er på om lag 1603 daa, av dette omlag 388 daa landareal og om lag 1215 daa sjøareal. Grensene for fredingsområdet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekpunktene er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Midsund kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalisitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedeler frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplastinga er ikkje fullstendig.
4. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
Krykkje	0 - 20 par			
Makrellterne	ca 30 par			
Raudnebbterne	150 - 200 par	ca 5 par		
Makrellterne/Raudn.tern e			ca 35 par	
Teist	ca 20 par	7 par +	5 par +	
Totalbestand alle artar:	250 - 350 par	Ca 225 par	ca 300 par	

NATURFAGLEGE MERKNADER: I tillegg hekker tjeld og skjerpiplerke. Fleire sjøfuglartar overvintrar i gruntvassområda kring Orskjera. Mest talrike er skarv, måsar, havelle og ærfugl og det samla talet kan vere fleire hundre. I 1999 var det ein minimumsproduksjon på 267 topssarvungar (ringmerka). Dei marinbiologiske interessene er også store. Orskjera er ein svært viktig kasteplass for steinkobbe og havert har jamleg tilhald.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

PLANSTATUS: Det aktuelle verneområdet er avsett til fiske-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen for Eide.

OPPSTARTSMØTE: Møte 05.05.2004 med Eide kommune og 13.05.2004 med Averøy kommune.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Taretailing. Det ligg føre planar om havvindmøller på Orskjera.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader, ein frå Strømsholmen Sjøsportsenter og ein frå fiskeridirektorate.

Strømsholmen Sjøsportsenter bruker Orskjera aktivt til dykking, også i hekketida (doknr. 107). Dei seier at behovet deira ikkje er å gå i land, men å vere nærmare land enn 50 m.

Fiskeridirektora ønskjer at vernet ikkje blir strengare enn gjeve ved oppstartsmeldinga og at det vil vere tillate med nødvendig ilandstiging på holmar og skjer (doknr. 126). Det er utstrakt fiskeriaktivitet i området, hummar- og krabbe fiske, lyr og markrell med gam, sild og sei i not samt låssetting av desse fiskeslaga. Det er ikkje havbruks- eller havbeiteaktivitetar i området i dag. Ut frå kunnkapen dei sit på vil oppdrett vere lite sannsynleg i framtida, men havbeite kan tenkast i framtida. Det er utlagt felt for hausting av tare i området. Det foregår jakt av sel, spesielt steinkobbe, i området. Orskjera framhevast som eit viktig område for sel.

VÅR VURDERING:

Vi har endra ferdselsforbodet i sjøen og meiner difor at vernet ikkje hindrar dykkinga slik ho foregår no.

Vi kan ikkje sjå at det tradisjonelle fisket blir hindra ved vernet. Det eventuelle framtidige havbeitet er det vanskeleg å ta stilling til på det noverande tidspunktet. Det blir av omsyn til teist-, storskarp og toppskarpkoloniane ikkje tillatt med taretråling. Steinkobbjakta blir som før medan havertjakta blir forkorta med 14 dagar (15. juli- 31. juli).

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader.

Eide kommune avventar kommentarar til verneplanen i påvente av konsekvensutgreiinga i samband med konsesjonssøknad frå Havgul AS for vindmøllepark i same området (doknr. 210).

Averøy kommune ser med bekymring på det store arealet og den strenge verneformen det her legges opp til og er i mot at ein slik verneplan fremmast (doknr. 271). Om ein plan blir fremma ber Averøy kommune om at; arealet reduserast til minimum, ingen reduksjon av fiskarane handlefreiheit, framtidig moglegheit for havbeite ikkje hindrast, seljakt må kunne skje innanfor gjeldande louverk og at dykkeaktivitet blir tillatt.

VÅR TILRÅDING:

Vi kan ikkje utsette verneplanprosessen i påvente av ein synkron saksbehandling av vindmølleplanane i området og vil difor sende vår tilråding til DN uavhengig av denne.

Slik vi ser verneforslaget er arealet redusert til minimum og fiskarane har ikkje fått innskenka sin handlefreiheit. Det er vanskeleg å ta stilling til eventuelt framtidig havbeite utan og spesifisere kva ein snakkar om. Vi reknar seljakta som marginal og ønskjer ikkje denne utøvd i sommarmånadene mai, juni og juli. Dykkeraktivitet blir tillatt på den måten den blir utført i dag ved en ikkje-landbasert aktivitet.

Vi tilrår Orskjera naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Orskjeran naturreservat i Eide og Averøy kommunar, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr Ukjent gnr./bnr., eigar Staten i Eide og Averøy kommunar.

Reservatet er på om lag 10696 daa, av dette om lag 199 daa landareal og om lag 10497 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekpunktata er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Eide og Averøy kommunar, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Vernereglar

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsel på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvem-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltingssyresmakta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.

6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmaka kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmaka kan gjøre unntak fra forskrifta når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke stirr mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyresmaka, eller den forvaltningsstyresmaka fastsett, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoret for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Fugløya

KOMMUNE:	1556 Frei
KARTBLAD (M-711):	1321-II Kristiansund
UTM (EUREF89):	32VMQ378967
LANDAREAL (M ²):	38333
SJØAREAL (M ²):	223512
GARDS- OG BRUKSNR:	45/1

OMRÅDESKILDRING:

Flatlendt, mindre øy mellom Frei og Kristiansund. Eit gardsbruk (fråflytta i 2003). Stort sett kultureng og strandeng. Kulturinteressene er vesentlege i lokal samanheng og Fugløya var inne i biletet i samband med markeringa av kulturmilneåret 1997.

VERDIVURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1990	1998	2001	2002
Ærfugl	ca 15 par	5 - 10 par	1 par	15
Fiskemåse	ca 150 par	150 - 200 par	200 par (min)	450 par (min)
Gråmåse		1 - 2 par		5 par (min)
Svartbak	1 par			2 par
Raudnebbterne		20 - 30 par		
Terner (ubestemt)	ca 50 par		1 par	300 (min)
Grågås			3 par (min)	5
Siland			1 par	
Tjeld				
Totalbestand alle artar:	ca 215 par	175 - 240 par	206 par	796* par

NATURFAGLEGE MERKNADER: Fleire par stokkand, siland, tjeld, storspove og strandsnipe hekkar. 2001: 7 ungar av grågås observert. 2002: Storspove, kanadagås og kjærpiplerke (* er minimumstal par alle artar)

UTFØRTE INNGREP: Bygningar på småbruket aust på øya. Bygningane, tuftene og kulturlandskapet er prega av klippfiskproduksjonen der ute og øya blei i kulturmilneåret 1997 kåra til Frei kommune sitt kulturmilne.

PLANSTATUS: Det ligg ikke ei motsegn i kommuneplanen for det aktuelle verneområdet. Foreslått som LNF område med vekt på naturområde i den nye kommuneplanen.

OPPSTARTSMØTE: Møte 12.10.2004 med kommunen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Ingen.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: Ein merknad.

Fiskeridirektoraatet ønskjer at vermet ikkje blir strengare enn det som er føreslått i oppstartsmeldinga og at dette også inneber at det vil vere tillate for yrkesaktive fiskarar å feste landnot og liknande på Fugløya (doknr. 126). Det foregår fiske av sild med not, også landnot, i området. Det er ikkje havbruk- eller havbeiteaktivitetar i området i dag og det vil mest sannsynleg ikkje vere det i framtida heller.

VÅR VURDERING:

Vi kan ikkje sjå at vermet vil medføre nokon hindringar i det tradisjonelle fisket som skjer i dag.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Åtte merknader.

Grunneigarane ønskjer at deira ferdsel og opphold på Fugløya skal kunne oppretthaldast, også i perioden 01.05 – 31.07 (doknr. 170). Dei viser til at dei er på øya i lengre perioder sommarstid og vekentleg vinterstid.

Bolga Velforening stiller seg positivt til vernet av Fugløya (doknr. 171). Dei seier at det i framtida ikkje må tillata industri på Husøya som kan kome i konflikt med vermeinteressene i området. Dei viser til at den bruken av øya som har vore fram til no ikkje har negativt påvirka fuglane, heller positivt ved at ein mellom anna har teke ut predatorane som til dømes mink. Vidare ber dei om at utfylte masser frå industrien inn i vermeområdet må fjernast.

Mekvik Eiendom AS ser på bekymring på forslaget då det kjem i konflikt med det regulerte industriområdet på Husøya (doknr. 172). Planen vil virke negativt og bremsande for næringsutviklingen og verdiskapningen på Husøya industriområde. Eit naturreservat midt i havnebassenget midt mellom Averøy, Frei og Kristiansund vil få store konsekvensar for utviklinga framover.

Kristiansund kommune ber om at Fugløya blir teke ut av vermeplanen (doknr. 228). Dei føresleg at Fugløya får opprettholdt sin status som LNF-område og sjøområdene til trafikkområde i sjø.

Kolo Veidekke seier at det er uheldig for industriutviklinga på Husøya å etablere eit vermeområde som grenser til industriområdet (doknr. 234). Dei viser til at utfylling i sjø mot Fugløya er komen i grensa på naturreservatet slik det er avmerka på kartet. Vidare viser dei til at dei er svært avhengig av båttransport ut og inn frå sitt anlegg.

Vigor AS ser med stor bekymring på forslaget om naturreservat på Fugløya (doknr. 234). Planen vil virke negativt og bremsande for næringsutviklingen og verdiskapningen på Husøya industriområde. Bedrifta vurderar utviding av sitt kaianlegg og begrensing av båttrafikk vil ikkje bli akseptert.

Frei kommune godkjenner ikkje fylket sitt verneforslag for Fugløya med tilstøtande sjøareal (doknr. 234). Kommunen stiller seg usikker til dei verdivurderingane som er gjeve i saken og på bestandsutviklinga no ved fråfryttinga frå øya. Ein vernestatus som det leggast opp vil legge betydelege begrensingar for næringsaktivitet og framtidig næringsutvikling i heile området.

Nordmøre og Romsdal friluftsråd ønskjer deling av øya mellom vestre/nordre del som naturreservat, medan den indre og austre delen av øya blir endra til landskapsvermområde (doknr. 241).

VÅR TILRÅDING:

Vi ser at rettshavaran på Fugløya samt ålmenta må få kunne bruke staden også om sommaren og vil tillate dette ved § 3 punkt 4 i verneføresegnene.

Verneverdien på Fugløya er uomtvisteg ved at den representerer ein av dei mest verneverdige sjøfugllokalitetane på Nordmøre. I reguleringssplan for del av Bolga med tilhørande føresegner av 30.06.05 er landområdet på Fugløya regulert som LNF og sjøområdet regulert som trafikkområde i sjø. Vi ser ikkje dei store motsetningane her verken på land eller sjø mellom planstatus og vermeplanen. Nyttetrafikken i sjø vil kunne fortsette som før sjølv om Fugløya blir verna og stell og vedlikehald av gardsbruket på øya vil skje som før jfr. § 4 i verneføresegnene.

Vi tilrår Fugløya naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Fugløya naturreservat i Frei kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 45/1 i Frei kommune.

Reservatet er på om lag 262 daa, av dette om lag 38 daa landareal og om lag 224 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Frei kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekke lokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet på vestenden av Fugløya markert med ein strek på vernekartet. Forbod for heile reservatet kan vurderast seinare om utviklinga er negativ med omsyn til fuglebestandane.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvem-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltingssstyresmakta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.

6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredningstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmaka kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmaka kan gjøre unntak fra forskrifta når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikke stirr mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyresmaka, eller den forvaltningsstyresmaka fastsett, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoret for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Bøfjordholmane

KOMMUNE:	1566 Surnadal
KARTBLAD (M-711):	1421-III Halsa
UTM (EUREF89):	32VMQ6787
LANDAREAL (M ²):	25433
SJØAREAL (M ²):	309361
GARDS- OG BRUKSNR:	90/1 og 96/1,2

OMRÅDESKI LDR ING:

Ei handfull holmar i Bøfjorden. Dei største er skogkledde, elles noko gras og urtevegetasjon. Stor biologisk produksjon i grunntområda ved holmane og inn mot sundet mellom Bøfjorden og Åsskardfjorden.

VERDIVERDING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode:	1978	1991	2001
Ærfugl	einskilde par	ca 5 par	14 ind.
Fiskemåse	ca 100 par	ca 90 par	444 ind.
Sildemåse		1 par	1 ind.
Gråmåse		1 par	
Svartbak	1 par	1 par	5 par
Terne ubestemt	ca 50 par	ca 50 par	109 par
Grågås			15 ind.
Kvitkinngås			5 ind.
Tjeld			31 ind.
Raudstilk			1 ind.
Totalbestand alle artar:	ca 150 par	ca 150 par	739 ind.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Andre hekkande artar er siland, kanadagås, gråhegre og tjeld. Det er etter måten langt til nærmeste alternative hekkeplassar i desse fjordstroka. 2001: Ytre holmen hadde svært god bestand av fiskemåse. På midtre holmen var det ikkje registrert måseungar ved islandstiging. Dei fleste tjeld og viper på denne holmen var ikkje-hekkarar. Store mengder mytefjær av gås. På indre holmen fanst 49 makrellterme-reir med egg. Ungane av grågjæser og kvitkinngjæser var ikkje flygedyktige og la seg på sjøen.

UTFØRTE INNGREP: Ingen kjente.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen (av 05.10.2000). Sjøområdet er regulert til NFFF (kystsoneplan 18.11.2004).

OPPSTARTSMØTE: Møte med Surnadal kommune og rettshavarane 12.05.2004.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Avgrensa bruk i friluftssamanheng. Sauebeiting år om anna.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader.

Dei to grunneigarane til holmen meiner at dei fleste punkta i verneforskrifta er uproblematiske, men er negative til ferdselsforbodet (doknr. 50). Dei meiner at hekkelokaliteten er lite utsett. Dei meiner at fuglane som hekkar på holmen blir lite forstyrra av lokalbefolkinga so vel som av turistar. Dei meiner at ferdselen er so liten frå førat ein ikkje oppnår nokon gevinst med vemet.

Fiskeridirektoret, Fiskerikontoret i Aure, seier at det blir ikkje dreve noko aktivt fiske i verneområdet ved holmane og området er heller ikkje avsett til havbruksverksamhet i sjøbruksplanen i kommunen (doknr. 126).

VÅR VURDERING

Vi har teke merknaden til følgje. Det blir ikkje ferdelsforbod for verken fiskararar eller ålmenta i sjøen innanfor verneområdet. Det er godt mogleg at ferdelsen er liten på holmen no. Men ein verneplan opererer uavhengig av eigarstruktur og gjeld for all tid og vil såleis verne sjøfuglane betre.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: Ein merknad.

Surnadal kommune har ingen merknad til framlegg med verneføresegner og ser eit slikt vern som viktig for bevaring av biologisk mangfald i kommunen samt at dei negative konsekvensar som følgje av eit slikt vern er små (doknr. 208).

VÅR TILRÅDING:

Vi tilrår Bøfjordholmane naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Bøfjordholmane naturreservat i Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 90/1 og 96/1,2 i Surnadal kommune.

Reservatet er på om lag 334 daa, av dette om lag 25 daa landareal og om lag 309 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Surnadal kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekke lokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremakt.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Eidsholmen

KOMMUNE:	1569 Aure
KARTBLAD (M-711):	1421-IV Skardsøya
UTM (EUREF89):	32VMR767195
LANDAREAL (M ²):	22373
SJØAREAL (M ²):	62227
GARDS- OG BRUKSNR:	36/1

OMRÅDESKILDRING: Holme ved Eidestranda.

VERDI VURDERING: 3

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode	1978	1991	2001
Ærfugl		einskilde par	5 ind.
Fiskemåse	17 par	12 par	ca. 100 par
Raudn./Makrellterne	ca 10 par	ca 60 par	3 par
Grågås			7 ind.
Gråmåse			35 ind.
Svartbak			16 ind.
Tjeld			7 ind.
Totalbestand alle artar:	25 - 30 par	ca 75 par	276 ind.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Det hekkar grågås på øya. Det ligg ikkje føre konkrete teljingar frå seinare år, men det er klart at aktiviteten er stor, både med gråmåse, svartbak og termer.

UTFØRTE INNGREP: Flytebrygge frå ein marina ligg inn i verneområdet. Fiskemottaket Th. Lindaas AS ligg på landsida i sør.

PLANSTATUS: Det aktuelle landarealet i verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen (av 19.09.1991). Sjøområdet er regulert til NFFF (kystsoneplan 03.07.2003). Kystverket har gjeve dispensasjon frå pl.byg.lov til utlegging av flytebrygger på staden (løyve gjeve i 1987 og 1991).

OPPSTARTSMØTE: Møte 03.05.2004 med kommunen og med rettshavarane. Grunneigar Terje Eide og rettshavar (notrett) og fiskebrukeigar Thore Jarl Lindaas møtte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Turisme ved marinaen på Eidestranda samt ferdelsen ved fiskemottaket Th. Lindaas AS.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER: Totalt 13 innkomne merknader (doknr: 76,98,100,102,105,126, 129,130,131,134,135,138).

Grunneigar Terje Eide og nabo/fiskebrukeigar Thore Jarl Lindaas tek som gitt at Eidsholmen blir teken vekk i forslaget til verneplan slik at det ikkje vil bli til hinder for den verksemda som er i området i dag, og for ei framtidig berekraftig utvikling (doknr. 76). Dei seier at ei vidare satsing og planar for oppgradering av anlegget (fiskebruk og marina) blir lagt vekk.

Thore Jarl Lindaas, fiskebruk- og marinaeigar, ber om at den verksemda som han driv på Eidestranda ikkje blir berørt (doknr. 98). Han viser til at trass i at det er i dei siste 15 åra at utbygginga på fiskebruket/marinaen har skjedd, er det i same perioden ein auke i sjøfuglbestanden.

Lesund og Aure Fiskarlag og Foldfjorden Fiskarlag meiner at verning av Eidsholmen er heilt unødvendig (doknr. 100). Etter deira meining vil ei slik vermesone berøre fiskemottaket på Eidesstranda.

Aure kommune oppmodar til at Eidsholmen blir teken ut av verneplanen for hekkande sjøfugl slik at han ikkje vil vere til hinder for den verksemda som foregår i området i dag, og for ei framtidig berekraftig utvikling (doknr. 102). Kommunen viser til at fuglelivet på holmen ikkje let seg påvirke og lever godt saman med den aktiviteten som foregår på Eidesstranda.

Nordmøre Fiskarlag støttar uttalane frå Aure kommune, Fiskerikontoret i Aure, Th Lindaas og fiskarлага i Aure i høve saken, og oppmodar til at innspela blir tekne på alvor (doknr. 105).

Fiskeridirektoret, Fiskerikontoret i Aure, føreslår at grensa til verneområdet for Eidsholmen blir flytta nærmere Eidsholmen, slik at både eksisterande og omsøkt bølgedempar blir liggande utanfor verneområdet (doknr. 126). Det blir ikkje drive noko aktivt fiske i verneområdet ved Eidsholmen og området er heller ikkje avsett til havbruksverksemder i delplanen for kystsona. Vidare blir det lagt ved forslag til ny grense på kart.

Aure kommune beklagar at dei merknadene kommunen og andre i Aure kommune har kome med ikkje er refererte og kommenterte i oversendingsdokumentet til DN av 08.04.2005 (doknr. 129). Dette må anten vere ei misforståing eller så er det ein grov sakshandsamarfeil. Vidare legg kommunen med dokumentasjon på at det er gjeve dispensasjon for utlegging av flytebrygger ved Eidsholmen.

Møre og Romsdal Fiskarlag vil på det sterkeste rå fylket til å ta omsyn til dei innspela som er komne frå Aure kommune og dei lokale fiskarлага (doknr. 130). Fiskarlaget fryktar at verneplanen vil leggje så store restriksjonar på fiskeribedrifta på Eidesstranda at ho ikkje vil klare seg. Vidare er fiskarlaget bekymra over at fylket så til dei grader overser interessene til dei som skal bu og leve i lokalmiljøet.

Lesund og Aure Fiskarlag er opprørt over at deira kommentar til veminga av Eidsholmen ikkje er nemnd i oversendingsdokumentet til DN av 08.04.2005 (doknr. 131). Dei meiner at konsekvensane av ei eventuell freding av Eidsholmen er formidable for 50 fiskefartøy med mannskap som ikkje har avtak for produkta sine. Dei krev at fylket tek brevet deira av 25.05.2004 (doknr. 100) til etterretning og til følgje.

Noregs Råfisklag tilrar at ein finn løysingar som tek omsyn til vidare drift og utvikling av bedrifta Th. Lindaas AS (doknr. 134). I løpet av dei siste 15 åra er seks fiskemottak lagt ned i Aure, Tustna og Smøla. Råfisklaget meiner at omstruktureringa på nordre Nordmøre har gått langt nok. Dei seier at for å sikre fiskarane i regionen eit fornuftig avtak er dei avhengige av å oppretthalde fiskemottaket på Eidesstranda.

Aure kommune ved formannskapet krev at Eidsholmen blir teken ut av verneplanen (doknr. 135). Samstundes krev kommunen at den tidlegare merknaden deira til forslaget om vern av Eidsholmen i verneplanutkastet blir omtalt. Vidare krev kommunen at om talen av manglande godkjennningar for utlegging av flytebrygger takast ut og at dette utsagnet blir erstatta av at nødvendige løyve frå kommunen og Kystverket ligg føre.

Foldfjorden Fiskarlag kan ikkje under noko omstende vere med på at ein opprettar ein vermesone rundt Eidsholmen, då dette vil føre til store ulemper for utøving av deira virke med omsyn til levering av deira fangstar (doknr. 138). Foldfjorden Fiskarlag stiller seg heilt og fullt bak utsagnet frå Lesund og Aure Fiskarlag og krev at Eidsholmen blir trekt ut av verneplanen.

VÅR VURDERING:

Fråsegna om ulempe ved ferdsel i sjøen er imøtekomen ved at det ikkje er føreslege ferdselforbod på sjøen innanfor verneområdet. Dessutan er grensa for verneområdet føreslege trekt nærmare Eidsholmen jf. forslag frå fiskeridirektoratet, til ikkje å omfatte flytebryggene.

Vidare er hovudinnhaldet i merknadene lagt fram her, dessutan følgjer kopi av dei som vedlegg til rapporten. Samstundes har vi retta opp i omtalen av flytebrygga at løyve frå kommunen og Kystverket foreligg. Vi meiner at med denne endringa i vermegrense og innhald vil ikkje vermet føre til nokon ulempar for drifta ved fiskemottaket og marinaen på Eidestranda.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER: To merknader.

Aure kommune krev av Eidsholmen blir teken ut av verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal (doknr. 232 og 273). Kommunen ber fylket sjå på andre områder i kommunen som alternativt.

VÅR TILRÅDING:

Bestanden av sjøfugl på Eidsholmen er unik og det er ikkje mogleg å finne tilsvarande hekkelokalitetar verken i Aure kommune eller i regionen.

Vi meiner at vi har gjort dei tilpassingar som er mogleg å gjere til beste for ålmenta, rettshavaren, fiskarane og andre partar slik at ingen er skadelidande ved denne verneplanen. Ut frå det som kjem frå kommunen er det vanskeleg å tolke kva som er argumentet for å ta lokalitet Eidsholmen ut av verneplanen.

Vi tilrår Eidsholmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Eidsholmen naturreservat i Aure kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr 36/1 i Aure kommune.

Reservatet er på om lag 107 daa, av dette om lag 22 daa landareal og om lag 85 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekkpunkta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Aure kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredingen er å ta vare på ein viktig hekke lokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelse innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyremaktar.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsel i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.
7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremskta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremskta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særlege tilfelle når dette ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremskta, eller den forvaltningsstyremskta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmare retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremskraft

Direktoret for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyremskraft etter denne forskrifta.

§ 9 I verksetjing

Denne forskrifta gjeld frå vedtaksdato.



Skalmen

KOMMUNE:	1573 Smøla
KARTBLAD (M-711):	1321-I Smøla
UTM (EUREF89):	32VMR380388
LANDAREAL (M ²):	232462
SJØAREAL (M ²):	182177
GARDS- OG BRUKSNR:	Ukjent gnr./bnr., men eigar er Kystverket Midt-Norge

OMRÅDESKILDRING: Høg bergholme, ca 300 m lang, nordvest i Smølaskjergarden. Svært eksponert for ver og vind, og snau med unnatak av noko grasvokster langs toppen.

HEKKANDE SJØFUGL:

Periode	1975 *	1990
Fiskemåse	ca 10 par	
Gråmåse	ca 5 par	
Svartbak	ca 125 par	6 par
Krykkje	12 par	
Raudnebberne		ca 150 par
Totalbestand alle artar:	ca 150 par	ca 155 par

* nokre av desse fuglane hekka på nærliggande skjer.

NATURFAGLEGE MERKNADER: Fuglelivsfreding (artsfreding) sidan 1935. Det hekka termer på 70-talet øg, i storleik 100 - 200 par. I 1975 var det likevel ikkje ternehækking.

UTFØRTE INNGREP: Det ligg ein verneverdig fyrtasjon på øya.

PLANSTATUS: Det aktuelle verneområdet er avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde med forbod mot spreidd busetnad, nærings- og fritidsbygging i kommuneplanen (avd 02.09.1993).

OPPSTARTSMØTE: Skalmen var med i vemeplan Smøla i oppstartsfasen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTAR: Taretråling. Kystverket vil med det første leggje ut Skalmen med grunn og bygningar for sal. Når det gjeld lokalitetane i Smøla kommune viser vi elles til «Smølaprosjektet», som blir presentert i ein eigen rapport.

OPPSTARTSMELDING:

INNKOMNE MERKNADER:

VÅR VURDERING:

Skalmen har vore med i verneplanprosessen for vemeplan Smøla frå starten. Området har ligge innanfor Brattvær naturreservat. Det er gjennomført oppstartsmøte og lokal høyring med kommune og rettshavarar. Vi fekk ingen merknader spesifikt på lokalitet Skalmen i denne prosessen. Vi vurderer konfliktdelen til å vere liten ved vern av Skalmen.

LOKAL HØYRING:

INNKOMNE MERKNADER:

Smøla kommune går imot at det oppretta naturreservat for hekkande sjøfugl på Skalmen (doknr. 238, 256). Ei slik avgrensing av tilkomst og bruk vil gjere det vanskeleg å ta vare på Skalmen som eit viktig kulturmiljø. Dei viser for øvrig til kommunens behandling/vedtak i samband med verneplan Smøla.

Kystverket meinar mellom anna at det fortsatt bør vere bruk av fyra etter at Kystverket ikkje finn nytte av fyra lengre (doknr. 278).

VÅR TILRÅDING:

Vi har ikkje til hensikt å hindre etterbruk av fyra og vi vil difor legge inn eit punkt under § 4 (generelle unntak) som tillet bruk av fyret etter ein driftsavtale mellom forvaltningsstyresmaktene og Kystverket.

Vi tilrår Skalmen naturreservat med føreslegne gjevne grenser og føresegner.

Forskrift om verneplan for hekkande sjøfugl – Skalmen naturreservat i Smøla kommune, Møre og Romsdal fylke

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvem § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Det freda området vedkjem gnr./bnr Ukjent gnr./bnr., men eigar er Kystverket Midt-Norge.

Reservatet er på om lag 232 daa, av dette om lag 50 daa landareal og om lag 182 daa sjøareal. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart. Dei nøyaktige grensene for verneområdet blir merka der dei går over land. Knekpunktta er koordinatfesta.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Smøla kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

§ 3 Verneregler

For fredingsområdet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon på land og i vatn (herunder tang og tare) er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Planting eller såing er forbode.
2. Dyrelivet, herunder reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Utsetjing av dyr er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturniljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg og varige eller mellombelte innretningar, etablering av oppdrettsanlegg, bortsetting av brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftledninger, jordkablar og kloakkledningar, nyplanting, oppdyrkning, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte tilføringer av forureining, bortlegging av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske bekjempingsmidlar. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. I tida frå og med 1. mai til og med 31. juli er det forbod mot ferdsl på land i verneområdet.
5. Start og landing av luftfarty og lågflyging under 300 meter er forbode.
6. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld politi-, brannvern-, oljevern-, redningsteneste- og oppsyn, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyrestrukta.
2. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg og ferdsl i samband med dette.
3. Beite, nødvendig ferdsl i samband med tilsyn, vedlikehald av eksisterande gjerde og liknande. Direktoratet for Naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet regulere beitetrykket ved forskrift i heile eller delar av reservatet.

Reglane i § 3, nr. 1-3, er ikkje til hinder for:

4. Sanking av bær og matsopp.
5. Jakt og fangst i tråd med Lov om viltet.
6. Fiske og fangst i tråd med Lov om laks og innlandsfisk eller lov om saltvassfisk.

7. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
8. Tæretråling i perioden 1. august til 30. april.

Reglane i § 3, nr. 4, er ikke til hinder for:

9. Bruk av Skalmen fyr etter egen driftsavtale med Kystverket.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyremakta kan gi løyve til:

1. Oppføring av nye anlegg for Kystverket.
2. Ferdsel på land for fangst av mink.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyremakta kan gjøre unntak fra forskriften når formålet med fredinga krever det, samt for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg samfunnsmessig interesse eller i særleie tilfelle når dette ikke strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan


Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærmere retningslinjer for skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyremakt

Direktoret for naturforvaltning fastsett kven som skal ha forvaltningsstyremakt etter denne forskriften.

§ 9 Iverksetjing

Denne forskriften gjeld frå vedtaksdato.



Vedlegg 1. Område der vi foreslår å oppheve vernet

A. Fyrstasjonar i Møre og Romsdal fylke med fuglelivsfredning

Ved Kgl. Res. av 24 mai 1935 blei fuglelivet ved 50 (11 i vårt fylke) av Statens fyrstasjonar freda. Fredingsbestemmelsane lyder slik:

"I. I henhold til lov om naturfredning av 25 juli 1910, jfr. lov av 14 juli 1916, skal fuglelivet med undtagelse av kråke, ravn (korp) og stormåse, på de en framlagt liste nevnte fyrstasjoner med tiliggende statsgrunn være fredet mot ødeleggelse eller skade av ethvert slags, heri innbefattet borttakning av fugleegg.

II. Fredningen er ikke til hinder for adgang for fyrbetjeningen til utnyttelse av enkelte steder som egg- og dunvær.

III. Fredningsvedtaket blir å kunngjøre ved oppslag på fredningstene.

På den post i nevnte liste er oppført følgende fyrstasjoner: " (her følgjer dei stasjonane i Møre og Romsdal fylke som er freda)

Fyrstasjon	Kommune
Haugholmen fyr	Sande
Svinøy fyr	Herøy
Flåvær fyr	Herøy
Grasøyane fyr	Ulstean
Lepsøyrev fyr	Haram
Rødholmen fyr	Haram
Ulla fyr	Haram
Ona fyr	Sandøy
Bjørnsund fyr	Fræna
Kvitholmen fyr	Eide
Stavenes fyr	Averøy

B Fuglelivsfreding av Aukraholmene, Flatholmen og Forholmen i Aukra kommune

Ved Kgl. Res. av 12. feb. 1971 blei det oppretta fuglelivsfredning på Aukraholmen, Flatholmen og Forholmen i Aukra kommune. Føresagnene knytt til vernet er som følgjer:

" 1. I medhold av lov om naturvern av 19. juni 1970, nr. 63, § 14, fredes fuglelivet på Aukraholmene, Flatholmen og Forholmen under gnr. 1 bnr. 1 i Aukra kommune, Møre og Romsdal fylke. Fredningen omfatter alle fuglearter, deres reir og egg.

2. Den myndighet som etter lovens §§ 21-23 er tillagt Kongen overføres til Kommunal- og arbeidsdepartementet. "

Vedlegg 2. Areal føreslått verna

Rapp. .nr.	Lokalitetsnavn	Totalareal (m ²)	Areal land og ferskvann (m ²)	Sjøareal (m ²)
3	Inngripan	4 214 182	159 705	4 054 477
